

Innkalling

Utval	Giske kontrollutval
Møtestad	Kommunestyresalen, Giske rådhus
Dato	06.04.2022
Tidspunkt	kl 13:00

Den som har lovleg forfall eller vil ha vurdert habilitet til ei eller fleire av sakene, må melde frå snarast mogleg til sekretariatet på e-post: post@sksi.no eller på telefon 90741399

Varamedlem møter etter nærare innkalling.

Sakliste

PS 06/22	Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
PS 07/22	Meldingar
MS 03/22	Melding frå statleg tilsyn - kommunal beredskapsplikt Giske kommune
MS 04/22	Melding frå statleg tilsyn - planlegging, gjennomføring og oppfølging spesialundervisning
MS 05/22	Melding om tilstandsrapport for grunnskulen i Giske 2020-2021
PS 08/22	Orienteringar
OS 01/22	Orientering om oppvekst - etter tilsyn
PS 09/22	Prosjektplan forvaltningsrevisjon Giske kommune
PS 10/22	Folkevalde organ i Giske kommune
PS 11/22	Forvaltningsrevisjonsrapport 2021 vedlikehald kommunale bygg - kommunestyret sitt vedtak

Ålesund, 30.03.2022

Dag Oksnes
Leiar kontrollutval

Solveig Kvamme
Rådgjevar SKS IKS

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 06/22	Giske kontrollutval	06.04.2022

Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Vedlegg

Protokoll - Giske kontrollutval - 09.02.2022

Møteprotokoll

Utval	Giske kontrollutval
Møtestad	Kommunestyresalen, Giske rådhus
Dato	09.02.2022
Tidspunkt	kl 13:00 - 14:20

Følgjande medlemmer møtte

Asbjørn Furnes

Dag Oksnes

Herman Rørvik Blindheim

Inger Johanne Sund

Sissel Anita Roald

Møtenotat

Frå Møre og Romsdal revisjon SA møtte nestleiar/oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor Kurt Løvoll, forvaltningsrevisor Anne Kristin Bryne og oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor Kathrin Haram.

Frå Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS møtte rådgivar Solveig Kvamme

Ordførar Harry Valderhaug var tilstades frå sak 04/22.

IT-sikkerheit med tanke på forebygging og beredskap ved dataangrep i kommunen, vart løfta som eit aktuelt tema utvalet kan ha interesse for å sjå nærare på ved eit seinare høve.

Utvalet ber om å få informasjon om temaet på eit seinare møte, enten frå kommunedirektøren eller frå e-kommune Sunnmøre samarbeidet - eller gjerne begge deler. Sekretariatet følgjer opp dette.

Dag Oksnes
Leiar kontrollutval

Solveig Kvamme
Rådgjevar SKS IKS

Sakliste

PS 01/22	Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
PS 02/22	Meldingar
MS 01/22	Kontrollutvalsboka revidert utgåve 2022
MS 02/22	Orientering om fagkonferanse 2022 i regi av Forum for kontroll og tilsyn
PS 03/22	Oppsummering frå interimrevisjon 2021 - Giske kommune
PS 04/22	Forvaltningsrevisjon 2022 - Giske kommune
PS 05/22	Årsmelding 2021 - Giske kontrollutval

PS 01/22 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Giske kontrollutval 09.02.2022

Behandling

Votering: Samrøystes

GKU - 01/22 vedtak

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

PS 02/22 Meldingar

MS 01/22 Kontrollutvals boka revidert utgåve 2022

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Giske kontrollutval 09.02.2022

Behandling

Votering: Samrøystes

GKU - 01/22 vedtak

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

MS 02/22 Orientering om fagkonferanse 2022 i regi av Forum for kontroll og tilsyn

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Giske kontrollutval 09.02.2022

Behandling

Votering: Samrøystes

GKU - 02/22 vedtak

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

PS 03/22 Oppsummering frå interimrevisjon 2021 - Giske kommune

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek revisor sin rapport frå interimrevisjon 2021 til vitande.

Giske kontrollutval 09.02.2022

Behandling

Votering: Samrøystes

GKU - 03/22 vedtak

Kontrollutvalet tek revisor sin rapport frå interimrevisjon 2021 til vitande.

PS 04/22 Forvaltningsrevisjon 2022 - Giske kommune

Tilråding til vedtak:

Giske kontrollutval bestiller ei skisse til prosjektplan for forvaltningsrevisjon 2022, innan ressursbruk i grunnskuleopplæringa.

Skissa må innehalde forslag til problemstillingar i tråd med kontrollutvalet sine innspel i dette møtet, overslag på bruk av ressursar og framdriftsplan.

Kontrollutvalet bed om at skissa vert lagt fram i kontrollutvalet sitt neste møte 6.april 2022.

Giske kontrollutval 09.02.2022

Behandling

Votering: Samrøystes

GKU - 04/22 vedtak

Giske kontrollutval bestiller ei skisse til prosjektplan for forvaltningsrevisjon 2022, innan ressursbruk i grunnskuleopplæringa.

Skissa må innehalde forslag til problemstillingar i tråd med kontrollutvalet sine innspel i dette møtet, overslag på bruk av ressursar og framdriftsplan.

Kontrollutvalet bed om at skissa vert lagt fram i kontrollutvalet sitt neste møte 6.april 2022.

PS 05/22 Årsmelding 2021 - Giske kontrollutval

Tilråding til vedtak:

Giske kontrollutval vedtek si årsmelding for 2021 slik den ligg føre.

Årsmeldinga vert sendt til Giske kommunestyre som rapport på kontrollutvalet sitt arbeid i 2021.

Giske kontrollutval 09.02.2022

Behandling

Votering: Samrøystes

GKU - 05/22 vedtak

Giske kontrollutval vedtek si årsmelding for 2021 slik den ligg føre.

Årsmeldinga vert sendt til Giske kommunestyre som rapport på kontrollutvalet sitt arbeid i 2021.

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 07/22	Giske kontrollutval	06.04.2022

Meldingar

Underliggende saker

03/22	Melding frå statleg tilsyn - kommunal beredskapsplikt Giske kommune
04/22	Melding frå statleg tilsyn - planlegging, gjennomføring og oppfølging spesialundervisning
05/22	Melding om tilstandsrapport for grunnskulen i Giske 2020-2021

Saksframlegg

Saksnr. Utval
MS 03/22 Giske kontrollutval

Møtedato
06.04.2022

Melding frå statleg tilsyn - kommunal beredskapsplikt Giske kommune

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunn:

Det vert gjennomført statleg tilsyn med kommunar på ei rekkje ulike områder. Statleg tilsyn og kommunal eigenkontroll har det til felles at dei skal medverke til at kommunen løyser sine oppgåver innanfor rammene av lover og forskrifter. Det er nyttig for kontrollutvalet å vere orienterte om kva arbeid som er gjort knytt til statlege tilsyn, slik at dei kan bruke informasjonen inn i eige arbeid. Der kan vere synergjar og kompetanseoverføring frå eit tilsyn som kontrollutvalet kan nytte når utvalet skal bestille forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll eller andre kontrollhandlingar.

Vurdering:

Føremålet med tilsynet er å sjå til om Giske kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med aktuelle krav fastsett i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Tilsynet vart gjennomført som eit dokumenttilsyn. Statsforvaltaren skriv i sin rapport at hovudintrykket etter dokumenttilsynet er at dei fleste elementa i den kommunale beredskapsplikta er på plass, og at kommunen er medviten sitt beredskapsansvar.

Tilsynet avdekte to avvik og Statsforvaltaren har bede om ein plan frå kommunen med når og korleis avvika skal følgjast opp. Kontrollutvalet kan ta dette til vitande no då det er Statsforvaltaren som følgjer opp at avvika vert lukka.

Vedlegg

Tilsynsrapport kommunal beredskapsplikt 2021 Giske kommune



Giske kommune
Rådhuset, Valderhaug 4
6050 VALDERØY

Saksbehandlar, innvalstelefon
Atle Morsund, 71 25 84 84

Tilsyn med kommunal beredskapsplikt 2021 - oversending av tilsynsrapport

Statsforvaltaren sender med dette over tilsynsrapport etter gjennomført tilsyn med kommunal beredskapsplikt i Giske kommune. Tilsynsrapporten er lagt ved.

Tilsynet er gjennomført som eit reint dokumenttilsyn. Dette grunna Covid19-pandemien. Vi nyttar høvet til å takke for godt tilrettelagt dokumentasjon og ei open og imøtekomande haldning til tilsynet.

Tilsynet avdekte to avvik. Statsforvaltaren ber om at kommunen lagar ein plan for når og korleis avvika skal følgjast opp. Planen skal i samsvar med retningslinene sendast til Statsforvaltaren seinast seks veker etter tilsynsrapporten er motteken: **11. mars 2022.**

Med utgangspunkt i kommunen sin plan, vurderer Statsforvaltaren om tilsynssaka kan avsluttast. Kommunen får tilbakemelding om dette seinast tre veker etter Statsforvaltaren har motteke kommunen sin oppfølgingsplan.

Dersom kommunen har spørsmål om tilsynsrapporten eller oppfølginga, kan statsforvaltaren sin tilsynsleiar kontaktast:

Stine Sætre, stine.saetre@fylkesmannen.no, 71258485 / 95224419.

Med helsing

Stine Sætre (e.f.)
fylkesberedskapssjef

Atle Morsund
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Rapport etter tilsyn

Kommunal beredskapsplikt

Giske kommune

Tilsynsdato: 20.12.2021

Rapportdato : 28.01.2022

Innhold

1	BAKGRUNN OG GJENNOMFØRING	3
1.1	FØREMÅL OG HEIMELSGRUNNLAG	3
1.2	PÅLEGG OM GJENNOMFØRING.....	3
1.3	GRUNNLAGSDOKUMENTASJON	4
1.4	GJENNOMFØRING	5
2	HOVUDINNTREKK.....	6
3	RESULTAT FRÅ TILSYNET	8
3.1	AVVIK.....	8
3.2	MERKNADER.....	9
4	VIDARE OPPFØLGING.....	10

1 Bakgrunn og gjennomføring

Tabellen nedanfor samanfattar nøkkelopplysningar om gjennomføringa og vidare oppfølging. Dei vidare avsnitta gir utfyllande opplysningar om heimelsgrunnlag, grunnlagsdokumentasjon og deltakarar. Etter avtale med kommunen blir tilsynet gjennomført som eit reint dokumenttilsyn. Det vil ikkje bli gjennomført slutt møte etter tilsynet.

Tidspunkt formøte før tilsynet:	05.10.2021
Adressa til kommunen:	Valderhaug 4, 6050 Valderøy
Kommunenummer:	1532
Kontaktperson i kommunen:	Cecilie Holen
Tilsynsrapporten er skriven av:	Atle Morsund
Tilsynsrapporten er godkjent av:	Stine Sætre
Tilsynsrapport sendt:	28.01.2022
Kommunen sin frist for oppfølgingsplan:	11.03.2022

1.1 Føremål og heimelsgrunnlag

Føremålet med tilsynet er å sjå til om Giske kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med aktuelle krav fastsett i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Tilsynet er gjennomført med heimel i § 29 i sivilbeskyttelseslova og § 10 i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

1.2 Pålegg om gjennomføring

I Justis- og beredskapsdepartementet sitt embetsoppdrag til Statsforvaltarane er det fastsett at Statsforvaltaren skal føre tilsyn med kommunane sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap minimum kvar fjerde år. P.g.a. utfordringane med Covid19-pandemien vert dette tilsynet, så langt som muleg, gjennomført i samsvar med DSB sin tilsynsrettleiar, utan gjennomføring av fysiske møter. Tilsynstema i møte mellom DSB og Statsforvaltarane (Fylkesmennene) i mars 2015 presiserte DSB at alle krav i forskrift om kommunal beredskapsplikt skal vurderast under tilsyna i 2016 og seinare.

1.3 Grunnlagsdokumentasjon

Desse dokumenta vart sende frå kommunen til Statsforvaltaren før tilsynet:

Nr.	Dokument	Datering
1.	Styringsdokument – Plan for oppfølging av samfunnssikkerheit og beredskap	15.11.2019
2.	Heilskapleg ROS-analyse for Giske kommune – del 1 – hovudrapport	25.09.2019
3.	Heilskapleg ROS-analyse for Giske kommune – del 2 – underlagsrapport	25.09.2019
4.	Beredskapsplan 2021 for Giske kommune	16.03.2021
5.	EPS Plan – Evakuering- og pårørande senter	23.07.2019
6.	Planstrategi 2020 – 2023 – Planprogram forkommuneplanen sin samfunnsdel	03.12.2020
7.	Giske kommune – Handlings- og økonomiplan 2021 - 2024	03.12.2020
8.	Samspelkommunen Giske – Samfunnsplan 2014 – 2026	11.04.2014
9.	Kommuneplanen sin arealdel 2018 – 2030 – Føresegner og retningslinjer	30.05.2018
10.	Pandemiplan – Giske kommune 2020 – 2024	Ikkje datert
11.	Beredskapsplan – Barnevernstenesta 2020	00.04.2020
12.	Beredskapsplan IUA Sunnmøre	Ikkje datert
13.	Stillingsbeskriving – Seniorrådgivar kvalitet og beredskap	Ikkje datert
14.	Sjekkliste for mottak av nye tilsette	18.06.2020
15.	Sjekkliste for tilsette som skal slutte	17.11.2020
16.	Beredskapsøving 07.10.2021 – Evaluering 1, 2 og 3	07.10.2021
17.	Utdrag frå statusmøte for beredskapsleiinga 10.12.2020	10.12.2020
18.	Intern evaluering nr. 1 – Korona-Virus Covid-19	29.04.2020
19.	Plan for EPS-samling 27.09.2019	27.09.2019

1.4 Gjennomføring

Formøte med Giske kommune vart gjennomført 05.10.2021. Tilsynsbesøk med opningsmøte, intervju og sluttmøte etter vanleg praksis er ikkje gjennomført. Kven som deltok på formøte går fram av tabellen under.

Deltakarar	Stilling	Formøte
Harry Valderhaug	Ordførar	X
Dag Olav Tennfjord	Kommunedirektør	X
Cecilie Holen	Beredskapskontakt	X
Atle Morsund	Seniorrådgjevar	X
Trygve Winter-Hjelm	Rådgjevar	X

2 Hovudinstrykk

Hovudinstrykket etter dokumenttilsynet er at dei fleste elementa i den kommunale beredskapsplikta er på plass, og at kommunen er medviten sitt beredskapsansvar.

Styringsdokument for beredskapsarbeidet:

Styringsdokumentet vart sist oppdatert i 2019. Dette er ikkje eit lovpålagt dokument, men det bør oppdaterast årleg saman med beredskapsplanen. Plan for oppfølging i dokumentet sitt pkt.3 rettar seg mot årshjulet for det praktiske beredskapsarbeidet i kommunen.

Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse:

Heilskapleg ROS-analyse er frå 2019 og er forankra i kommunestyret i primo 2020. Det er gjort eit grundig analysearbeid med relevante hendingar, og analysen har blitt vidareutvikla og blitt meir lesbar enn versjonen ved førre tilsyn i 2016. ROS-analysen har likevel potensiale til å bli eit betre verktøy for kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap, sjå eigen merknad.

Heilskapleg og systematisk samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid:

Det er eit krav at langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap er gjort på bakgrunn av heilskaplege ROS-analyse, og forankra i styringssystemet i kommunen (t.d. kommuneplanens samfunnsdel/ planstrategi/handlingsplanar/ økonomiplan osv.). I planstrategien frå 2020 er det beskrive at kommuneplanen sin samfunnsdel skal rullerast, men vi finn lite om funna i ROS-analysen, korkje der eller andre overordna planverk. Samfunnsdelen er frå 2014 og er svært oversiktleg og lettlest, men manglar eit kapittel om samfunnstryggleik og beredskap. Det vert viktig at kommunen i arbeidet med rullering av samfunnsdelen, nyttar høvet til å utarbeide langsiktige mål og strategiar, og plan for oppfølging av samfunnstryggleik- og beredskapsarbeidet, med bakgrunn i funna i ROS-analysen, og forankrar dette i styringssystemet til kommunen. På denne måten kan oppfølging av tiltaksplanen i kapittel 4 i ROS-analysen forankrast i kommunen sitt styringssystem. Tiltak som krev investeringar, må eventuelt inn i årlege handlingsplanar/ økonomiplanar om det er aktuelt.

Beredskapsplan:

Beredskapsplanen oppfyller så vidt alle minimumskrava i forskrifta. Planen skal med heime i forskrifta vere basert på funna i den heilskaplege ROS-analysen, men det er vanskeleg å sjå det. Vi trur at beredskapsplanen har potensiale til å i større grad ta opp i seg funna i ROS-analysen og identifiserte tiltak i tiltaksplanen, basert på ein prioritert handlingsplan til ROS-analysen. Vi ser elles at kommunen har eit beredskapsråd med eksterne deltakarar, og møtefrekvens beskrive i planen.

Vi finn at kommunen har ein smittevernplan, sist revidert 04.10.2021, og ein pandemiplan for 2020 – 2024. Slikt planverk er lovpålagt, og er viktige verktøy i fleire av dei identifiserte hendingane i kommunen sin heilskaplege ROS-analyse. Statsforvaltaren har ikkje ført tilsyn med dette planverket no. Dei kommunale smittevernplanane i fylket vart vurdert av fylkeslegen våren 2020 i samband med handteringa av Covid19-pandemien, og i etterkant vart det sendt ut brev til alle kommunane med råd om oppfølging av desse planane. Ved neste tilsyn vil Statsforvaltaren vurdere å samordne tilsyn med oppfølging av kommunal beredskapsplikt og kommunens ansvar for helsemessig og sosial beredskap.

I planverket er det under krisekommunikasjon pkt. 5.6 tynt beskrive korleis ein skal informere eigne tilsette. Dette er derimot godt beskrive i oversendingsbrevet frå kommunen til tilsynet, og planverket hadde stått seg betre om beskrivinga om korleis ein faktiske gjer det vart tatt inn i planen.

Oppdatering og revisjon:

Det er krav om årleg oppdatering av beredskapsplanen. Heilskapleg ROS-analyse skal oppdaterast ved endringar i risiko- og sårbarheitsbilete, og minimum kvart 4 år. Heilskapleg ROS-analyse er rullert i 2019 og beredskapsplanverk er oppdatert i 2021 og stettar begge kravet om oppdatering. Styringsdokumentet er ein naturleg del av beredskapsplanverket, så det ville vere naturleg at det vert oppdatert samstundes med resten av beredskapsplanverket.

Rutinar for oppdatering og revisjon er i nokon grad beskrive i styringsdokumentet pkt. 2.5, men manglar beskriving av kven som har ansvaret for oppdateringane. Ansvar for oppdatering går i nokon grad fram i av pkt. 2.1.2. i beredskapsplanen. Ansvar og oversikten over kommunen sitt kriseplanverk, kunne med fordel vore flytta frå beredskapsplanen til styringsdokumentet, for betre oversikt.

Opplæring, øving og evaluering etter øvingar og uønskte hendingar:

Kommunen skal ha eit system for opplæring slik at alle som er tiltenkt ei rolle i kommunens krisehandtering har tilstrekkelege kvalifikasjonar. Dette finn vi beskrive i styringsdokumentet.

Kommunen sin beredskapsplan skal øvast kvart andre år. Etter øvingar og uønskte hendingar er det eit forskriftskrav at kommunen evaluerer eigen krisehandtering. Kommunen har vore med på Øving Fårikål i regi av Statsforvaltaren alle år frå 2014 til og med 2019, og oppfyller krava til øving. Vi finn evaluering frå nokre andre øvingar og del-evaluering hending covid-19, men ikkje frå andre hendingar. Vi hadde forventa å finne fleire evalueringar både på øvingar og hendingar.

3 Resultat frå tilsynet

Tilsynet avdekte to avvik. Eitt forhold er kommentert som merknad.

3.1 Avvik

Avvik er definert som manglande oppfølging av krav fastsett i sivilbeskyttelseslova §§ 14 og 15 og/eller i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Avvik nr. 1:

Giske kommune har ikkje med utgangspunkt i den heilskaplege ROS-analysen fastsett langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av samfunnstryggleik- og beredskapsarbeidet.

Regelverkstilvising:

Forskrift om kommunal beredskapsplikt § 3.

Utdjupande kommentar:

Giske kommune manglar forankring i det overordna styringssystemet i kommunen av mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av arbeidet på dette fagområdet med bakgrunn i funna i heilskapleg ROS-analyse. Dette bør innarbeidast i det pågåande arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel, og vidare følgast opp i relevante handlingsplanar og økonomiplanar.

Avvik nr. 2:

Giske kommune har ikkje på ein systematisk måte evaluert alle øvingar som er gjennomført sidan førre tilsyn.

Regelverkstilvising:

Forskrift om kommunal beredskapsplikt § 8, jfr. §9.

Utdjupande kommentar:

Kommunen har evaluert nokon øvingar og hendingar sidan førre tilsyn, men ingen av Fårikåløvingane frå 2017 til 2019 er dokumentert evaluert. Dette er ikkje i trå med forskriftskrava.

3.2 Merknader

Merknader er definerte som forhold som ikkje oppfyller definisjonen av avvik, men som Statsforvaltaren meiner det er grunn til å påpeike for å sikre god oppfølging av beredskapsplikta.

Merknad nr. 1.

Heilskapleg ROS-analyse:

Etter vår vurdering gjev analysen eit godt risiko- og sårbarheitsbilete av kommunen, og ei god vurdering av korleis ulike hendingar vil påverke kommunen. Når det er sagt så hamnar 10 av 12 hendingar i analysen på raud kategori, og vi lurar på om risiko på desse hendingane totalt sett kan vere sett noko høgt. Dette gjeld i nokon grad hendingar som kommunen har lite eller ingen innverknad på m.o.t. til tiltak for å redusere risiko, medan anna hending som t.d. terrorhending på skule hamnar på gult. Det kan såleis verke som det er ei forskyving mot høgre i matrisa til analysen.

Vi meiner kommunen ved neste rullering av analysen bør vurdere risiko på ny for betre å få fram kva hendingar ein er mest redd for. På den måten ville det bli lettare å prioritere mellom hendingar der ein kan gjere tiltak for å redusere risiko. Ein bør også ta med estimat av kva kostnader som er knytt til tiltak for lettare kunne vurdere kommunen sin evne å gjennomføre tiltak for å redusere risiko, innan rimeleg tid. Hendingar der ein ikkje kan redusere risiko med tiltak må ein lage beredskapsplanar for. Det same vil gjelde der manglande økonomi er til hinder for å gjere tiltak for å redusere risiko.

Ei vanleg forståing av ei slik risikomatrise som er brukt i denne analysen er elles at hendingar som hamnar på raudt område er tiltak som skal gjennomførast, medan gult område beskriv kva ein bør gjere. Basert på dette, og det som er påpeika ovanfor, hadde analysen stått seg betre om den hadde hatt ein prioritert handlingsplan som låg til grunn for oppfølging av tiltak-ansvar i kapittel 4.

Punkt om befolkningsvarsling i analysen har meir preg av å vere ei beskriving om kva kommunen har, enn ei vurdering av behovet. Deltaking av eksterne aktørar i arbeidet med ROS-analysen kunne vore betre beskrive, då det som er går fram om prosessen er tynnt.

Kommunen bør:

- vurdere ein oppdatering/revisjon av både heilskapleg ROS-analyse og beredskapsplanverk med bakgrunn av funn i kommunen si evaluering etter Covid19-pandemien, når den ligg føre.
- ROS-analysen bør få ein prioritert handlingsplan med tiltak for å redusere risiko. Det vil m.a. vere eit godt verktøy til hjelp for å lukke avvik nr 1 i denne tilsynssaka.
- Kommunen bør sjå til at relevante offentlege og private aktørar vert invitert med i ROS-arbeidet, og dokumentere det.

4 Vidare oppfølging

Statsforvaltaren ber om at kommunen lagar ein plan for når og korleis det avdekte avviket skal følgjast opp. Planen skal sendast til Statsforvaltaren seinast seks veker etter tilsynsrapporten er motteken.

Med utgangspunkt i kommunen sin plan, vurderer Statsforvaltaren om tilsynssaka kan avsluttast. Kommunen får tilbakemelding om dette seinast tre veker etter Statsforvaltaren har motteke kommunen sin oppfølgingsplan.

Dersom kommunen har spørsmål om tilsynsrapporten eller oppfølginga, kan fylkesberedskapssjefen kontaktast:

Stine Sætre, fmmrstsa@statsforvaltaren.no, 71258485 / 95224419.

Saksframlegg

Saksnr. MS 04/22
Utval Giske kontrollutval

Møtedato
06.04.2022

Melding frå statleg tilsyn - planlegging, gjennomføring og oppfølging spesialundervisning

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunn:

Det vert gjennomført statleg tilsyn med kommunar på ei rekkje ulike områder. Statleg tilsyn og kommunal eigenkontroll har det til felles at dei skal medverke til at kommunen løyser sine oppgåver innanfor rammene av lover og forskrifter. Det er nyttig for kontrollutvalet å vere orienterte om kva arbeid som er gjort knytt til statlege tilsyn, slik at dei kan bruke informasjonen inn i eige arbeid. Der kan vere synergjar og kompetanseoverføring frå eit tilsyn som kontrollutvalet kan nytte når utvalet skal bestille forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll eller andre kontrollhandlingar.

Samandrag:

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gjennomførte tilsyn med Giske kommune og Valderøy barneskule i november 2021 på området planlegging, gjennomføring og oppfølging av spesialundervisning. Rapporten gjev kontrollutvalet nyttig informasjon, ikkje minst med tanke på den forvaltningsrevisjonen som er under bestilling.

I tilsynsrapporten gjev statsforvaltaren følgjande samandrag:

Vi fører tilsyn med Giske kommune og Valderøy barneskule. Temaet for tilsynet er skulen sitt ansvar for å planlegge, gjennomføre og følgje opp spesialundervisninga. Formålet med tilsynet er å undersøke om skulen oppfyller krava i regelverket som gjeld planlegging, gjennomføring og oppfølging av spesialundervisninga.

I tilsynet har vi funne at Valderøy barneskule ikkje oppfyller krava på alle kontrollområda. Vi har funne at skulen ikkje oppfyller lovkrava når det gjeld avvik frå læreplanar og kompetansemål. Skulen har også problem med å erstatte spesialundervisningstimar som fell bort av andre grunnar enn elevane sitt eige fråvær. Det er heller ikkje sikra at elevar med

spesialundervisning får det same timetalet som andre elevar i alle fag, og rutinar for åsamordne spesialundervisninga med den ordinære opplæringa er mangelfull. Vi har i tillegg sett at eleven sin rett til å bli høyrte og barnets beste ikkje blir godt nok sikra i spesialundervisninga.

Giske kommune fekk ein førebels tilsynsrapport og har uttalt seg innan fristen. På bakgrunn av tilbakemelding frå kommunen har vi under punkt 1.1 oppdatert talet på skular i kommunen. Utover dette er innhaldet i rapporten uendra. Vi gjer no vedtak med pålegg om retting. Kommunen har rettefrist til 10. mai 2022.

Vedlegg

Tilsynsrapport - planlegge og gjennomføre spesialundervisning Giske - november 2021



Tilsynsrapport - vedtak

Skulen sitt ansvar for å planlegge, gjennomføre og følge opp spesialundervisninga

Giske kommune – Valderøy barneskule

21/4127

Samandrag

Vi fører tilsyn med Giske kommune og Valderøy barneskule. Temaet for tilsynet er skulen sitt ansvar for å planlegge, gjennomføre og følgje opp spesialundervisninga. Formålet med tilsynet er å undersøke om skulen oppfyller krava i regelverket som gjeld planlegging, gjennomføring og oppfølging av spesialundervisninga.

I tilsynet har vi funne at Valderøy barneskule ikkje oppfyller krava på alle kontrollområda. Vi har funne at skulen ikkje oppfyller lovkrava når det gjeld avvik frå læreplanar og kompetansemål. Skulen har også problem med å erstatte spesialundervisningstimar som fell bort av andre grunnar enn elevane sitt eige fråvær. Det er heller ikkje sikra at elevar med spesialundervisning får det same timetalet som andre elevar i alle fag, og rutinar for å samordne spesialundervisninga med den ordinære opplæringa er mangelfull. Vi har i tillegg sett at eleven sin rett til å bli høyrte og barnets beste ikkje blir godt nok sikra i spesialundervisninga.

Giske kommune fekk ein førebels tilsynsrapport og har uttalt seg innan fristen. På bakgrunn av tilbakemelding frå kommunen har vi under punkt 1.1 oppdatert talet på skular i kommunen. Utover dette er innhaldet i rapporten uendra. Vi gjer no vedtak med pålegg om retting. Kommunen har rettefrist til 10. mai 2022.

Innhald

1	Innleiing.....	4
1.1	Kort om kommunen.....	4
1.2	Om gjennomføringa av tilsynet.....	4
2	Planlegge spesialundervisninga	5
2.1	Rettslege krav	5
2.2	Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar.....	6
	2.2.1 Skulen skal utarbeide ein IOP snarast mogleg for alle elevar som har vedtak om spesialundervisning	6
	2.2.2 IOP-en skal vere i samsvar med vedtaket og vise korleis spesialundervisninga skal vere organisert, kva for innhald ho skal ha og angi eventuelle avvik og individuelle mål for elevane	7
3	Gjennomføre og følgje opp spesialundervisninga	8
3.1	Rettslege krav	8
3.2	Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar.....	9
	3.2.1 Skulen skal gjennomføre spesialundervisninga i samsvar med vedtaket og IOP-en	9
	3.2.1.1 Organisering, innhald og omfang av spesialundervisninga	9
	3.2.1.2 Kompetansen til dei som gir spesialundervisning, rettleiing av assistentar og endring av eleven sitt behov	11
	3.2.1.3 Barnets beste og samordning med ordinær opplæring	12
	3.2.2 Skulen skal utarbeide ein årsrapport for alle elevar som får spesialundervisning	15
4	Våre reaksjonar	16
4.1	Pålegg om retting.....	16
4.2	Oppfølging av pålegga	17
5	De har rett til å klage.....	17
6	Dokument	18

1 Innleiing

Vi fører tilsyn med offentlege skular, jf. opplæringslova § 14-1 første ledd, jf. kommunelova kapittel 30.

I tilsyn kontrollerer vi om skulane oppfyller opplæringslova med forskrifter.

Våre tilsyn er offentlig myndigheitsutøving, noko som inneber at vi skal gjennomføre tilsynet i samsvar med reglane i forvaltningsretten og offentligelova. I tilsynet behandlar vi personopplysningar. Les meir om vår behandling av personopplysningar på www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/.

1.1 Kort om kommunen

Giske kommune ligg i Møre og Romsdal og har 8.563 innbyggjarar og har skuleåret 2021/22 1209 elevar i grunnskulen. Kommunen har fire barneskular og ein ungdomsskule. Valderøy barneskule har 434 elevar fordelt på 1. til 7. trinn.

I 2020 var det ein del saker i media i samband med endringar i skulestrukturen i Giske kommune. Det kom også inn ein del meldingar til Statsforvaltaren frå FAU og Utdanningsforbundet med bekymring for at det blir gjort brot på opplæringslova mellom anna i spesialundervisninga. Statsforvaltaren opna derfor tilsyn med Valderøy barneskule for å undersøke korleis kommunen og skulen jobbar med spesialundervisninga.

1.2 Om gjennomføringa av tilsynet

Vi opna tilsyn med Giske kommune i brev frå 15. september 2021. De vart pålagde å levere dokumentasjon til oss. Vi har fått dokumentasjonen for å gjennomføre tilsynet. Statsforvaltaren har innhenta opplysningar gjennom svar på eigenvurderingar i RefLex, skriftleg dokumentasjon, og intervju med leiinga ved skulen, utvalde lærarar, assistentar, elevar og føresette.

Temaet for tilsynet er spesialundervisning. Vi har kontrollert følgjande undertema:

1. Planlegge spesialundervisninga, jf. opplæringslova §§ 5-1 og 5-5
2. Gjennomføre og følgje opp spesialundervisninga, jf. opplæringslova §§ 5-1 og 5-5

Vi har ikkje sett på korleis de oppfyller andre krav i regelverket.

Formålet med tilsynet er å undersøke om skulen oppfyller krava i regelverket som gjeld planlegging, gjennomføring og oppfølging av spesialundervisninga.

Dersom Giske kommune og Valderøy barneskule ikkje følgjer regelverket, kan vi pålegge retting.

Det er kommunen som har det overordna ansvaret for at krava i opplæringslova blir gjennomførte, jf. opplæringslova § 13-10. Vi gir derfor eventuelle pålegg i tilsynet til kommunen som har ansvaret for at skulen rettar opp brot på regelverket.

Vi sendte førebels tilsynsrapport til dykk 16. desember 2021. I rapporten presenterte vi våre førebelse vurderingar og konklusjonar. Kommunen har kommentert innhaldet i den førebelse rapporten innan fristen 18. januar 2022. Vi har i tillegg fått ei tilbakemelding frå pedagogisk rettleiar i kommunen om at talet på skular i kommunen har endra seg frå 1. august 2021. Det er

berre denne siste tilbakemeldinga som medfører ei lita endring under kapittel 1.1 frå førebels rapport.

2 Planlegge spesialundervisninga

2.1 Rettslege krav

Planlegge spesialundervisninga

Skulen skal utarbeide ein IOP snarast mogleg for alle elevar som har vedtak om spesialundervisning.

De skal utarbeide ein individuell opplæringsplan (IOP) som er innanfor rammene av vedtaket, jf. opplæringslova §§ 5-1 og 5-5. Dersom vedtaket viser til den sakkunnige vurderinga, kan de bygge på den sakkunnige vurderinga når de lagar IOP-en.

IOP-en skal bli utarbeidd så snart som mogleg etter at enkeltvedtaket er fatta. Det kan vere aktuelt å begynne arbeidet med IOP-en noko før, men planen kan ikkje bli ferdigstilt før eit vedtak om spesialundervisning er fatta.

Eit vedtak om spesialundervisning gjeld frå skulestart eller frå det tidspunktet det er fatta, dersom ikkje noko anna er oppgitt i vedtaket. Formålet med ein IOP er at han skal vere eit arbeidsverktøy som skal ta vare på at elevane får spesialundervisning i tråd med vedtaket.

Kor lang tid de kan bruke på å utarbeide ein IOP, er avhengig av omfanget av og kompleksiteten i saka. Kapasitetsmessige utfordringar som oppstår gjentatte gonger, eller som er av lengre varigheit, vil ikkje vere ein gyldig grunn til at det tar lang tid å utarbeide IOP-ane. Dersom vedtaket for eksempel er fatta før sommarferien, skal IOP-en som hovudregel vere utarbeidd slik at han er klar til skulestart.

IOP-en skal vere i samsvar med vedtaket og vise korleis spesialundervisninga skal vere organisert, kva for innhald ho skal ha og oppgi eventuelle avvik og individuelle mål for elevane.

Det er vedtaket som fastset rammene for spesialundervisninga. IOP-en skal vere i samsvar med vedtaket og kan ikkje innehalde nye eller andre rettar for eleven enn det som går fram av vedtaket, jf. opplæringslova §§ 5-1 og 5-5.

IOP-en skal beskrive korleis de skal organisere spesialundervisninga, og kor mykje tid eleven skal ha i klassen, i gruppe, som eineundervisning eller på ein alternativ arena, jf. opplæringslova § 5-5.

Det må gå tydeleg fram av IOP-en kva det faglege innhaldet i spesialundervisninga skal vere, det vil seie kva for fag eller område eleven skal få spesialundervisning i, jf. opplæringslova § 5-5 første ledd. Avhengig av eleven sitt behov slik det er beskrive i vedtaket og sakkunnig vurdering, skal IOP-en oppgi for eksempel kva for type opplæring eleven skal få, formålstenlege arbeidsmåtar og pedagogisk metode og tilrettelagde læremiddel. Eventuelle nødvendige tilpassingar av det fysiske miljøet rundt eleven skal også vere beskrivne, dersom det er behov for det.

Dersom vedtaket har fastsett avvik frå dei ordinære læreplanane, må IOP-en vise kva for avvik skulen skal gjere, og kva for fag avvika skal gjelde for, jf. opplæringslova § 5-5 første ledd. IOP-en skal innehalde tydelege og realistiske mål for spesialundervisninga, jf. opplæringslova § 5-5 første

ledd. De må formulere eigne mål dersom eleven si opplæring skal avvike frå kompetansemåla i dei ordinære læreplanane.

2.2 Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar

2.2.1 Skulen skal utarbeide ein IOP snarast mogleg for alle elevar som har vedtak om spesialundervisning

Observasjonar:

Dei tilsette sine svar i eigenvurderinga i RefLex stadfestar at det vert utarbeidd IOP for alle elevar med vedtak om spesialundervisning, og at dei gjer dette så snart som mogleg etter at dei har mottatt vedtaket. Ein tilsett skriv følgjande:

«Dersom du skal vere kontaktlærar og starte med ein ny elev kan det vere føremålstenleg å få treffe eleven og observere nokre dagar før du startar med IOP-arbeidet. Eg/vi som skal arbeide med eleven les sjølvsgatt sakkunnig vurdering og tek kontakt med dei som har arbeidd med barnet/eleven tidlegare. Dette for å vere mest mogleg førebudd og sikre ein god start på skuleåret! Det er sjølvsgatt ønskjeleg å starte på IOP så snart som råd.»

I intervju med dei tilsette går det fram at skulen inntil i år har hatt praksis med å utarbeide IOP tidleg på hausten, men at dei frå 2021 har gått over til å skrive han på våren, slik at han er klar til skulestart. Da er det den som kjenner eleven som skriv IOP for det neste skuleåret, og dette kan vere positivt ved eit eventuelt byte av lærar.

Statsforvaltaren har sett av den innsendte dokumentasjonen at nokre IOP-ar er skrivne før det er gjort vedtak om spesialundervisning. Som ei forklaring på dette fortel både leiinga og lærarar at IOP-en ikkje vert sett i verk før han er sjekka opp imot vedtaket. Han blir likevel påbegynt så snart som mogleg etter at sakkunnig vurdering frå PPT er utarbeidd.

Av dokumentasjon i enkeltsaker går det fram at der er nokre døme på at elevar tidlegare har fått IOP seint på skuleåret. Med nye rutinar ser dette ut til å vere rydda opp i.

Vår vurdering:

Eigenvurderingane, dokumentasjon frå inneverande skuleår og intervju med tilsette viser at skulen har klare rutinar for utarbeiding av IOP. Alle elevar med vedtak om spesialundervisning får ny IOP kvart skuleår, og denne vert påbegynt så snart som mogleg etter at sakkunnig vurdering ligg føre.

Det at skulen har nye rutinar som gjer at IOP-en vert utarbeidd på vårparten, gjer at han er klar til skulestart det komande skuleåret. Statsforvaltaren ser at dette kan vere ein fordel, med tanke på at planen for spesialundervisninga med dette er klar allereie første skuledag. Dette kan også heve kvaliteten på spesialundervisninga som blir gitt gjennom heile skuleåret, og sikre kontinuitet ved eventuelt byte av tilsette som skal gjennomføre spesialundervisninga.

Konklusjon:

Skulen utarbeider ein IOP snarast mogleg for alle elevar som har vedtak om spesialundervisning.

2.2.2 IOP-en skal vere i samsvar med vedtaket og vise korleis spesialundervisninga skal vere organisert, kva for innhald ho skal ha og angi eventuelle avvik og individuelle mål for elevane

Observasjonar:

I 7 av 22 eigenvurderingar er det svart nei på at dei tilsette skildrar i IOP-en korleis dei skal organisere spesialundervisninga, og kor mykje tid elevane skal ha i klassen, i gruppe, som eineundervisning eller på ein alternativ arena. Fleire kommenterer at dei ikkje skildrar organiseringa i detalj når det gjeld timetal på dei ulike organiseringsformene, men at dei skisserer om spesialundervisninga skal gjennomførast i klassen, i gruppe eller i individuell undervisning.

I intervju forklarar leiinga at dei ulike organiseringsformene ikkje alltid er talfesta fordi spesialundervisninga ofte vert organisert fleksibelt til elevens beste, slik at ein kan ta omsyn til eleven sine føresetnader, dagsform osv.

Det går fram av dokumentasjonen at dei elevane som har delar av opplæringa på alternativ arena, har dette ein fast dag i veka, og at dette er timefesta i IOP-en.

Alle svar i eigenvurderinga stadfestar at dei tilsette skildrar følgjande i IOP-ane:

- ei organisering av opplæringa som er i samsvar med vedtaka
- eit timetal som er i samsvar med vedtaka
- kva fag eller område elevane skal få spesialundervisning i
- kva type opplæring elevane skal få, kva arbeidsmåtar dei skal bruke, og korleis dei skal legge til rette for eleven når det gjeld pedagogisk metode, læremiddel og utstyr
- eit fagleg innhald som er i samsvar med vedtaka

IOP-ane som er sendt inn i tilsynet viser at desse punkta inngår, og at dei samsvarer med vedtaket om spesialundervisning.

I 8 av 22 eigenvurderingar avkreftar tilsette at dei skildrar i IOP-ane kva for nokre avvik frå læreplanar og fag elevane skal ha. Også i intervju fortel fleire tilsette at dei i liten grad viser til avvik frå læreplanar og fag i IOP-en. Nokre viser til at dei i IOP-en har fokus på kva for nokre mål eleven faktisk jobbar mot, ikkje på kva for nokre mål det er avvik frå.

Alle, med unntak av éin, stadfestar i eigenvurderinga at dei skildrar klart definerte mål for spesialundervisninga i IOP-ane når elevane si opplæring skal avvike frå kompetansemåla i læreplanane. Alle tilsette svarar ja på at dei skildrar avvik og individuelle mål i IOP-ane som er i samsvar med vedtaka.

Dokumentasjon i enkeltsaker viser døme på elevar som jobbar etter kompetansemål for lågare trinn enn trinnet dei går på. IOP-ane til desse elevane seier ingenting om avvik. Det går fram av intervju med tilsette at dei har slike elevsaker, og at avvik frå fag eller kompetansemål ikkje vert skildra i vedtak eller IOP.

Av IOP-ane til elevar med alternativ opplæringsarena står det ikkje skildra kva fag elevane har opplæring i eller kva mål dei jobbar etter på den alternative arenaen. Avvik frå fag eller kompetansemål går heller ikkje fram av desse IOP-ane.

Leiinga ved skulen fortel at det i liten grad blir gitt avvik frå fag og kompetansemål, og at det som oftast står lite om dette i sakkunnig vurdering. Samstundes ser dei problemstillinga med at elevar

i praksis kan ha avvik frå gitte kompetansemål når dei hovudsakleg jobbar etter mål for lågare trinn.

Vår vurdering:

IOP-ane som er sendt inn i tilsynet skildrar både organiseringa og innhaldet i spesialundervisninga, og planane samsvarar med elevane sine vedtak om spesialundervisning.

Det at IOP-ane ikkje skildrar avvik frå dei ordinære læreplanane, er ikkje i tråd med lovkrava. I fleire tilfelle vil det vere legitimt å forklare dette med at ein som hovudregel prøver å unngå gjere avvik. Vi ser derimot at denne mangelen også kan vere eit resultat av ein slags «følgjefeil» i saksbehandlinga i enkeltsaker. Av dokumentasjonen ser vi døme på at ein elev med nokså omfattande vanskar, har fått ei mangelfull sakkunnig vurdering. Den sakkunnige vurderinga omtalar ikkje eleven sine realistiske opplæringsmål. Det går likevel indirekte fram av skildringa av eleven at vedkomande ikkje har føresetnader for å jobbe etter måla for det årssteget vedkomande går på. I realiteten vil dette høgst sannsynleg innebere avvik frå kompetansemål og delar av læreplanen. Når realistiske opplæringsmål og avvik ikkje er omtala i sakkunnig vurdering, vert mål og avvik heller ikkje tilstrekkeleg omtala i verken vedtak om spesialundervisning eller i IOP. Det er viktig at rektor gir tilbakemelding til PPT dersom den sakkunnige vurderinga er mangelfull. PPT og skulen må saman sikre at eventuelle behov for avvik frå læreplanen vert gjort synleg, først i sakkunnig vurdering, deretter i enkeltvedtaket og til slutt i IOP-en.

I intervjuet på tilsynsdagen fekk vi noko uklare svar frå leiinga når vi spurde om realistiske kompetansemål og eventuelle avvik frå fag eller kompetansemål for elevar som har delar av opplæringa på alternativ opplæringsarena. Vi ser derfor grunn til å påpeike at dersom enkeltvedtaket om spesialundervisning ikkje fastset at eleven skal ha avvik frå læreplanen for fag, skal opplæringa vere i samsvar med læreplanen. Dette gjeld også for elevar på alternativ opplæringsarena. Opplæringa på alternativ arena skal vere eigna til at eleven kan nå kompetansemåla i læreplanen for fag, eventuelt dei individuelle måla som er fastsett i vedtaket om spesialundervisning. Aktivitetane på alternativ opplæringsarena må altså vere relevante og forankra i kompetansemåla i faga, eventuelt i måla i IOP-en til eleven. Det er derfor viktig å vise til kva konkrete mål og fag eleven skal ha opplæring i når eleven er på alternativ opplæringsarena.

Konklusjon:

IOP-ane skildrar innhaldet og organiseringa av spesialundervisninga, og er i samsvar med vedtaka om spesialundervisning.

IOP-ane skildrar måla som elevane skal nå, på ein måte som samsvarar med vedtaka.

Dersom elevane skal ha avvik frå kompetansemåla i dei ordinære læreplanane, kjem ikkje dette fram i desse elevane sin IOP.

3 Gjennomføre og følgje opp spesialundervisninga

3.1 Rettslege krav

Skulen skal gjennomføre spesialundervisninga i samsvar med vedtaket og IOP-en

Spesialundervisninga skal bli sett i gang frå vedtaksdato eller frå den datoen vedtaket bestemmer, jf. opplæringslova § 5-1.

Organiseringa, innhaldet og omfanget av spesialundervisninga skal vere slik det er gitt i vedtaket, jf. opplæringslova §§ 5-1 og 5-5. Spesialundervisningstimar som har falle bort av andre grunnar enn eleven sitt eige fråvær skal erstattast så langt det er pedagogisk forsvarleg, jf. opplæringslova §§ 5-1 og 5-5. Elevar med spesialundervisning skal ha det same totale timetalet som andre elevar, med mindre vedtaka seier noko anna, jf. opplæringslova § 5-1. De kan ikkje endre organiseringa av, innhaldet i eller omfanget av spesialundervisninga utan at det ligg føre eit nytt vedtak og ein ny IOP.

Dei som gjennomfører spesialundervisninga, må ha den kompetansen som lova eller vedtaka krev. Dersom assistentar eller andre ufaglærde skal bidra i gjennomføringa av spesialundervisninga, må dei få nødvendig rettleiing av ein lærar som oppfyller krava til kompetanse i faget, jf. opplæringslova § 10-11.

Dersom perioden for den sakkunnige vurderinga er gått ut, eller de vurderer at eleven sitt behov for spesialundervisning er endra, skal de be om ei ny sakkunnig vurdering frå PPT, jf. opplæringslova § 5-3 første ledd.

Spesialundervisninga skal bli gjennomført slik at eleven sitt beste blir tatt vare på, jf. barnekonvensjonen artikkel 3. Eleven må få tilpassa og tilstrekkeleg informasjon og høve til å uttale seg, jf. barnekonvensjonen artikkel 12. De må vektlegge eleven sine synspunkt i samsvar med alder og modnad.

Rektor må bestemme korleis lærarane skal samordne spesialundervisninga med den ordinære opplæringa i klassen og følgje opp at dette skjer i praksis, jf. opplæringslova §§ 5-1, 5-5 og 9-1. Tilsvarande må rektor bestemme korleis de tilpassar opplæringa undervegs slik at ho samla dekker måla i IOP-en og følgjer opp at de alltid gjer dette, jf. opplæringslova §§ 5-1 og 5-5.

Skulen skal utarbeide ein årsrapport for alle elevar som får spesialundervisning

De skal kvart år utarbeide ein skriftleg rapport for alle elevar som får spesialundervisning, jf. opplæringslova § 5-5. Rapporten skal ta utgangspunkt i IOP-en for eleven og vise kva for opplæring eleven har fått. De skal vurdere utviklinga til eleven ut frå måla i IOP-en, enten eleven har hatt eigne mål eller har hatt opplæring i måla i den ordinære læreplanen.

De skal snakke med eleven om kva som skal vere innhaldet i årsrapporten, jf. barnekonvensjonen artikkel 12. De må legge samtalen til rette slik at eleven ikkje opplever samtalen som ei byrde, og får moglegheit til å uttrykke sitt syn.

Skulen skal sende årsrapporten til elevar over 15 år, til foreldra til elevar under 18 år og til kommunen.

3.2 Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar

3.2.1 Skulen skal gjennomføre spesialundervisninga i samsvar med vedtaket og IOP-en

3.2.1.1 Organisering, innhald og omfang av spesialundervisninga

Observasjonar:

I eigenvurderinga stadfestar eit stort fleirtal av dei tilsette at skulen set i gang spesialundervisninga frå vedtaksdato eller frå den datoen vedtaket bestemmer. I intervju på

tilsynsdagen går det fram at spesialundervisninga startar så snart som mogleg. Nokre fortel at det i starten av eit skuleår må brukast noko tid på å bli kjent og bygge relasjonar for å skape tryggleik før ein kan stille faglege krav.

Alle tilsette stadfestar i eigenvurderinga at skulen gir spesialundervisninga med ei organisering og eit innhald som samsvarer med vedtaka. Dette bekreftar dei tilsette også i intervju. IOP-ane som vi har sett, er i samsvar med vedtaka på desse punkta.

Vedtaka og IOP-ane samsvarar også når det gjeld omfanget på spesialundervisninga. Alle, unntatt éin tilsett, svarar ja i eigenvurderinga på at skulen gir spesialundervisninga med det timetalet som går fram av vedtaka.

Leiinga fortel i intervju at dei tilsette skal melde avvik når spesialundervisningstimar fell bort. Desse timane vert forsøkt tatt igjen, men skulen greier ikkje alltid å få til dette. Eit stort fleirtal avkreftar i eigenvurderinga at skulen erstattar timar med spesialundervisning som har falle bort av andre grunnar enn eleven sitt eige fråvær.

Fleire tilsette fortel at der er fleire tilfelle av at skulen på fast basis tar ut elevar frå eitt fag for å gi dei spesialundervisning i eit anna fag, slik at desse elevane får ei anna fag- og timefordeling enn resten av klassen. Timeplanar som er sendt inn i tilsynet bekreftar dette. Ein tilsett kommenterer dette med at ein prøver å kompensere for dette gjennom å snu på timeplanen gjennom skuleåret, og gjennom tverrfagleg arbeid.

Dokumenta som er sendt inn i tilsynet seier ikkje noko om kva for nokre fag elevane får opplæring i på alternativ arena.

Vår vurdering:

Dei tilsette har ei samstemt formeining om at spesialundervisninga ved Valderøy barneskule vert sett i gang så snart som mogleg, frå vedtaksdato eller frå den datoen vedtaket bestemmer.

IOP-ane samsvarar med vedtaket om spesialundervisning. Vi ser av IOP-ane og av timeplanar for enkeltelevar at spesialundervisninga i utgangspunktet har det omfanget som vedtaket gir. Skuleleiinga og andre tilsette på skulen er ærlege på at spesialundervisningstimar som fell bort på grunn av til dømes fråvær i personalet, ofte ikkje er praktisk mogleg å få erstatta. Dette medfører at fleire elevar ikkje får det omfanget på spesialundervisninga som er fastsett i vedtaket.

Fleire tilsette er ikkje kjent med korleis dei skal melde avvik når elevar mistar spesialundervisningstimar. Dette tilseier at skulen ikkje har klare nok rutinar på dette. Gjennom enkeltvedtaket har eleven fått rett til eit minstekrav for at elevens opplæringstilbod skal bli forsvarleg. Dersom noko av denne opplæringa går ut, kan det føre til at elevens opplæringstilbod ikkje lenger er forsvarleg. Dette fører til at skulen ikkje oppfyller pliktene etter opplæringslova.

Det er vanleg på Valderøy barneskule å ta elevar ut frå klassen for å gi dei spesialundervisning i eit anna fag enn det som resten av klassen har i den aktuelle timen. Ein slik praksis sikrar ikkje at elevar med spesialundervisning får det same totale timetalet som andre elevar i alle faga.

Dette ser vi også igjen for dei elevane som har alternativ opplæringsarena. Det er i liten grad gjort greie for kva for fag desse elevane får opplæring i når dei ikkje er på skulen. Opplæringa på alternativ arena skal også vere i samsvar med fag- og timefordelinga til grunnskulen, med mindre noko anna er fastsett i eleven sitt enkeltvedtak om spesialundervisning.

Konklusjon:

Skulen set i gang med spesialundervisninga så snart som mogleg, frå vedtaksdato eller frå den datoen vedtaket bestemmer.

Skulen gir spesialundervisninga ei organisering og eit innhald som er i samsvar med vedtaka.

Spesialundervisninga ved skulen blir i utgangspunktet gitt i det omfanget som er fastsett i vedtaka, men spesialundervisningstimar som har falle bort, vert ofte ikkje erstatta.

Skulen sikrar ikkje at elevar med spesialundervisning får det same totale timetalet som andre elevar i dei ulike faga.

3.2.1.2 Kompetansen til dei som gir spesialundervisning, rettleiing av assistentar og endring av eleven sitt behov**Kompetanse og rettleiing****Observasjonar:**

23 av 27 svar i eigenvurderinga stadfestar at dei som gir spesialundervisninga ved skulen, har den kompetansen som lova eller vedtaka krev. To tilsette kommenterer at nokre av elevane har spesialundervisning med lærar utan utdanning i spesialpedagogikk. Rektor fortel at det er utfordrande å rekruttere spesialpedagogar. Også andre tilsette nemner at dei som gir spesialundervisning ikkje nødvendigvis er spesialpedagogar, og at dei kan kjenne på at dei gjerne skulle hatt fleire med spesialpedagogisk kompetanse på skulen.

Svara i eigenvurderinga er unisone på at skulen sørger for at assistentar og andre ufaglærde som gir spesialundervisning, får rettleiing av ein pedagog med kompetanse i faget. Dei tilsette er like samstemte i at rettleiinga som blir gitt, er tilpassa den enkelte assistenten eller ufaglærte.

I intervjuet med dei tilsette fortel dei om eit godt og tett samarbeid mellom lærarar og assistentar, og at det er sett av fast samarbeidstid. Dei som har elevar med omfattande behov, får gjerne tildelt meir tid til å samarbeide enn andre, fortel éin tilsett. IOP-en til eleven er aktivt i bruk i samarbeidet, fortel ein annan.

I skulen sin «Prosedyre for arbeid/kvalitetssikring med spes.ped.» finn vi at spesialpedagog har ansvar for å planlegge for eventuelle timar med assistent, og for å rettleie andre aktørar rundt eleven. Skulen har også eit eige dokument for internkontroll av spesialundervisninga til enkeltelevar. Her er samarbeidstid lagt inn som eitt av kontrollpunkta.

Vår vurdering:

At dei tilsette fortel at dei ønsker seg meir spesialpedagogisk kompetanse i kollegiet, er eit teikn på at dei er opptatt av kva som er fagleg forsvarleg spesialundervisning. Det er ikkje noko i den skriftlege dokumentasjonen eller i andre observasjonar som tyder på at skulen ikkje oppfyller kompetansekrava for spesialundervisninga som er gitt i opplæringslova. Det er i utgangspunktet dei same formelle krava til lærarkompetanse for spesialundervisning i grunnskulen som for den ordinære opplæringa. Vedtaka som er sendt inn i tilsynet har heller ikkje krav utover pedagogkompetanse for spesialundervisninga.

Vi får eit klart inntrykk av at det er eit tett samarbeid mellom pedagogar og assistentar rundt spesialundervisninga til den enkelte eleven. Det er også godtgjort at det blir gitt rettleiing til

assistentane på ein måte og med eit omfang som er med på å sikre at det blir gitt ei forsvarleg opplæring til elevane.

Konklusjon:

Dei som gir spesialundervisning ved Valderøy barneskule har den kompetansen som lova eller vedtaka krev. Skulen sørgjer også for at assistentar og andre ufaglærde som bidreg i gjennomføringa av spesialundervisning, får nødvendig rettleiing av kompetente lærarar.

Endring av eleven sitt behov

Observasjonar:

Dei tilsette gir samstemte svar i eigenvurderinga på at skulen ber PPT om nye sakkunnige vurderingar dersom eleven sine behov endrar seg. I intervjuet med skuleleiinga viste dei til at skulen har gjort dette i fleire tilfelle, enten dersom skulen meiner at vurderinga frå PPT er mangelfull, eller dersom eleven sine behov er endra.

Vår vurdering:

Dei samla observasjonane gir oss ei klar framstilling av at leiinga tar ansvar for å be om nye sakkunnige vurderingar når skulen meiner at det er behov for det.

Konklusjon:

Det er godt gjort at skulen ber PPT om nye sakkunnige vurderingar dersom elevane sine behov endrar seg.

3.2.1.3 Barnets beste og samordning med ordinær opplæring

Barnets beste

Observasjonar:

Om lag ein firedel av dei tilsette svarar nei i eigenvurderinga på at dei lar elevane få uttale seg om gjennomføringa av spesialundervisninga. Nokre kommenterer at elevane får uttale seg om det som gjeld skulekvardagen i elevsamtalar. Éin skriv at ein i større grad kunne ha knytt elevsamtalen opp mot spesialundervisninga. Andre viser til at dei innimellom evaluerer kor lærerikt og nyttig delar av spesialundervisninga har vore. Det vert også vist til at eleven får medverke og kome med ønske om til dømes arbeidsmåtar og gjennomføring, og at ein prøver å lytte til gode innspel frå elevane. I intervju på tilsynsdagen forklarar ein tilsett at elevane får uttale seg om spesialundervisninga, men at dette ikkje nødvendigvis betyr at dei får viljen sin i alt. Likevel får dei ulike val og høve til å medverke i kvardagen sin, fortel vedkomande.

I eigenvurderinga får dei tilsette også spørsmål om dei gjennomfører spesialundervisninga slik at eleven sitt beste er ivaretatt. Alle unntatt éin tilsett svarar ja på dette. Rektor skriv «delvis» på dette spørsmålet, og viser til eit strengt økonomisk regime der skulen må samordne fleire tiltak. Ein annan tilsett kommenterer med at skulen alltid har eleven sitt beste for auge i spesialundervisninga, og at dei tenker på mellom anna variasjon av metodar, og ein balanse mellom klasseundervisning, gruppeundervisning og eineundervisning, alt etter eleven sitt behov og omfang av spesialundervisninga. Den tilsette som har svart nei på spørsmålet, skriv:

«På grunn av timeplanen må [vi] av og til elevane ha spesialundervisning i timar som dei ynskjer å delta i klassen på. Vi prøver så godt vi kan, men vi får det ikkje alltid til.»

I intervjuet på tilsynsdagen fortel tilsette om at dei jobbar mykje med relasjonar til elevane som har spesialundervisning, mellom anna for å bli kjent med elevane og kartlegge interesseområda deira. Det blir vist til at dette utgjer eit godt grunnlag for å kunne vende fokuset mot læring på ein motiverande måte. Nokre fortel også at dei tar elevane med på råd, slik at dei får velje mellom ulike aktivitetar. Andre viser i tillegg til eit godt samarbeid med «spes.ped.-ansvarleg» på skulen for å sikre at eleven sitt beste blir ivaretatt i spesialundervisninga.

Dei elevane og foreldra vi snakka med på tilsynsdagen, gav uttrykk for at elevane fekk spesialundervisning i samsvar med sine behov. Vi fekk ikkje klare svar på om elevane spesifikt hadde fått høve til å uttale seg om gjennomføringa av spesialundervisninga.

Vår vurdering:

Det er ingen tvil om at skulen og dei tilsette har intensjonar om å ivareta eleven sitt beste i spesialundervisninga. Dei tilsette vi har snakka med viser eit stort engasjement og tydeleg omsorg for elevane dei har ansvar for, og dette var gjennomgåande i det som vart formidla frå skulen på tilsynsdagen. Vi ser også at skulen er opptatt av å følgje opp det som er tilrådd i sakkunnig vurdering, og å få mest mogleg ut av dei ressursane dei har for å gi god spesialundervisning for den enkelte eleven. Vi ser på dette som moment som er til elevane sitt beste.

For å vurdere kva som er eleven sitt beste, er eleven si stemme sentral. Å undersøke kva som er eleven sitt syn, er derfor nødvendig. Artikkel 12 nr. 1 i barnekonvensjonen gir barnet ein rett til å gi uttrykk for synspunkta sine i alle forhold som vedkjem barnet. Skulen er etter barnekonvensjonen også forplikta til å legge «behørig» vekt på eleven sine synspunkt i samsvar med eleven sin alder og modnad. Statsforvaltaren meiner at eleven sitt syn på spesialundervisninga som blir gitt, i liten grad blir undersøkt av skulen. Eleven må ikkje nødvendigvis ha meiningar om alt som gjeld spesialundervisninga, det er tilstrekkeleg at eleven meiner noko om enkelte sider av saka. Eleven har inga plikt til å uttale seg, men skal altså få høve til det. Dette har ikkje skulen klare rutinar for.

Ei vurdering av barnet sitt beste skal ligge til grunn også i vurderinga av om ein elev skal ha alternativ opplæringsarena. Utdanningsdirektoratet presiserer at det skal vere omsynet til eleven, ikkje omsynet til skulen eller kommunen som er det avgjerande for bruk av ein alternativ opplæringsarena. I vurderinga må det trekkast inn om eit opplæringstilbod som inneber bruk av alternativ arena er nødvendig for at eleven skal få eit forsvarleg utbyte av opplæringa ut frå sin situasjon og om tiltaket elles er til barnet sitt beste, jf. barnekonvensjonen art. 3 nr. 1. Dersom det ikkje er til barnet sitt beste at han/ho mottar delar av opplæringa ein annan stad enn skulen, skal ikkje ein slik arena nyttast. (<https://www.udir.no/regelverkstolkninger/opplaring/Innhold-i-opplaringen/Udir-3-2010-Bruk-av-alternative-opplaringsarenaer-i-grunnskolen/>) Statsforvaltaren kan ikkje sjå at ei tilstrekkeleg vurdering av dette er gjort. Det er derfor uklart for oss om elevar med alternativ opplæringsarena får ei gjennomføring av spesialundervisninga som er til deira sitt beste.

Konklusjon:

Barnet sitt beste og barnet sin rett til å uttale seg er ikkje tilstrekkeleg ivaretatt i skulen sine rutinar for gjennomføringa av spesialundervisninga.

Samordning

Observasjonar:

Når det kjem til samordning mellom den ordinære opplæringa og spesialundervisninga, viser eigenvurderinga at omtrent halvparten av dei tilsette meiner at rektor ikkje har bestemt korleis dette skal gjerast, og at rektor ikkje følgjer opp at lærarane gjer dette i praksis. Godt over halvparten svarar også nei på at rektor har bestemt korleis lærarane skal tilpasse opplæringa undervegs, slik at opplæringa samla dekkjer måla i IOP-ane. Alle stadfestar derimot at rektor følgjer opp at dette vert gjort. I intervjuet verka dei fleste lærarane usikre på rutinane for samordning. I den eine lærargruppa vart det likevel uttrykt at ein må skrive gode IOP-ar for å sikre samordninga, og at ein må sjå på kva mål eleven skal nå inne i klassen i den ordinære opplæringa og kva mål eleven skal jobbe med åleine. Utover dette har ikkje rektor gitt klare føringar for dette, vart det sagt. Andre fortalde at samordninga vert planlagt i dei ulike teama, og at lærarane som gjennomfører spesialundervisninga også har møte med «spes.ped.-ansvarleg» med jamne mellomrom.

Rektor viser til at dei skriftlege rutinane viser ansvarsfordelinga rundt spesialundervisninga. I dokumentet «Arbeidsoppgåver til spes.ped lærar» lyder det siste punktet som følgjer:

«Deler av teamtid skal brukast til samarbeid mellom spespedlærar og kontaktlærar – for å sikre at ordinær undervisning og spesialundervisning blir samordna.»

Kva ei slik samordning inneber, er ikkje vidare omtala.

Vi fekk ikkje klare svar i intervjuet på korleis skulen samordnar kompetansemål og undervisning på alternativ opplæringsarena med den ordinære opplæringa.

Vår vurdering:

Statsforvaltaren kan ikkje sjå av observasjonane at rektor har bestemt ein konkret framgangsmåte for korleis skulen skal sikre at spesialundervisninga vert samordna med den ordinære opplæringa. Det kom tydeleg fram at dei tilsette var usikre på rutinane for dette. Rektor kan sikre at samordninga skjer i praksis på mange ulike måtar, både direkte og indirekte. Rektor kan til dømes sørge for at ei skriftleg rutine er kjent og forstått. Skulen kan ha samarbeidsmøte med elevar og foreldre der dette er tema. Rapporteringspunkt eller samtalar mellom leiinga og lærarane i løpet av skuleåret kan også vere med på å sikre slik samordning. Oppfølging gjennom årsrapporten åleine er derimot ikkje tilstrekkeleg.

Det at elevar med spesialundervisning i stor grad blir tatt ut av klassen frå eitt fag for å få undervisning i eit anna fag, kan også vere med på å vanskeleggjere den totale samordninga.

Også i forhold til samordning er alternativ opplæringsarena viktig å hugse på. Vi kan ikkje sjå at det er sikra at opplæringa på den alternative arenaen er samordna med den ordinære opplæringa.

Konklusjon:

Rektor sikrar ikkje at gjennomføringa av elevane si spesialundervisning er samordna med den ordinære opplæringa. Det er heller ikkje sikra at spesialundervisninga og den ordinære opplæringa til saman gir opplæring opp imot alle kompetansemåla.

3.2.2 Skulen skal utarbeide ein årsrapport for alle elevar som får spesialundervisning

Observasjonar:

I eigenvurderinga vert det stadfesta i alle svara at det vert utarbeidd årsrapportar kvart år for alle elevane som har vedtak om spesialundervisning, og at årsrapportane gir ei oversikt over den opplæringa elevane har fått og ei vurdering av utviklinga til elevane ut frå måla i IOP-ane. Lærarane fortel i intervju at årsrapportane vert gjort ferdige i juni. Dette ser vi igjen i årsrapportane som er sendt inn som dokumentasjon. Også dei foreldra vi har snakka med stadfestar at dei får årsrapporten på slutten av skuleåret. Leiinga ved skulen forklarar i intervju at årsrapportane vert sendt til eleven sine føresette og til kommunen.

Nokre elevar har delar av opplæringa si på alternativ opplæringsarena. Denne opplæringa er i svært liten grad skildra i årsrapportane, og grad av måloppnåing i denne delen av opplæringa er heller ikkje tatt inn i årsrapporten til desse elevane.

I eigenvurderinga sprikar svara frå dei tilsette på dei spørsmåla som gjeld om skulen har gitt elevane høve til å uttale seg om innhaldet i årsrapporten. Kommentrarane som er gitt er siterte i det følgjande:

«Vi prøver å vurdere og ta omsyn til det som elevane gir uttrykk for i høve skulekvardagen. Elevane har gjennom t.d. elevsamtalar fått uttalt seg om trivsel, fag, mål, arbeidsmetodar, vanskar m.m. Eg ser at eg i større grad kan nytte dette opp mot årsrapporten. Her må ein sjølvstilt leggje tilrette og tilpasse samtalen etter elevane si modning og utvikling.»

«Elevene er for små til å involveres i dette.»

«På utviklingssamtale m/foreldre»

«På utviklingssamtale med foreldre og elev»

«Kontaktlærer og foreldre snakkar som oftast med eleven om innhaldet i rapporten. Vi som er med å utfører spesialundervisninga snakkar med eleven om delmåla undervegs.»

«Dersom elevane har lite språk, er særst unge må ein sjølvstilt tilpasse spørsmåla og samtalen ut frå deira behov og utvikling. Ein kan også nytte observasjon for å få tilstrekkeleg informasjon i forhold til deira synspunkt.»

I intervju på tilsynsdagen viser fleire tilsette til at eleven får høve til å uttale seg om spesialundervisninga og grad av måloppnåing i utviklingssamtalen på våren, og at det er god dialog med eleven undervegs. Ein tilsett presiserer at vedkomande aldri ville ha sagt til eleven at det vert skrive ein rapport om han. Ein annan fortel at det er lettare å la elevane uttale seg om årsrapporten etter kvart som dei blir eldre, men at alle elevane likevel får tilbakemeldingar om delmål heile vegen.

Vår vurdering:

Skulen har klare rutinar for at årsrapporten vert skriven på slutten av skuleåret. Vi ser at det kan vere ein fordel å gjere dette så seint som i juni. Då er det meste av opplæringa gjennomført før skulen gjer ei evaluering av spesialundervisninga for heile skuleåret. Vi ser at skulen til ein viss grad vurderer om eleven har nådd måla i IOP-en, men *grad* av måloppnåing kjem ikkje like godt fram i alle rapportane.

Elevane som har alternativ opplæringsarena ein dag i veka, har ein vesentleg del av den samla opplæringa si der. Når opplæringa på den alternative arenaen ikkje er konkret skildra, verken når det gjeld innhald eller opplæringsmål, er årsrapporten mangelfull.

Intervjua på tilsynsdagen gir oss eit inntrykk av at elevane gjennom skuleåret aktivt vert involvert i vurderinga av trivsel, læring og utvikling, og at dei tilsette sikrar å gjere dette på ein måte som er tilpassa eleven sin alder, modnad og føresetnader. Vi har likevel ikkje sett at skulen har klare rutinar for at eleven spesifikt får høve til å uttale seg i samband med at skulen utarbeider årsrapporten. Det er viktig at skulen sikrar at eleven sitt syn på spesialundervisninga er ein del av rapportane. Retten til å bli høyrte har inga nedre aldersgrense, så retten gjeld alle elevane. Dei har derimot ikkje ei plikt til å uttale seg. Eleven sin rett til å bli høyrte treng ikkje å innebære at skulen må ha eigne møte med elevane om årsrapportane. Eit fagleg skjøn som tar omsyn til kva som er best for eleven bør ligge til grunn når skulen planlegg *korleis* eleven skal få høve til å uttale seg.

Konklusjon:

Skulen utarbeider kvart år årsrapport for elevar som får spesialundervisning. Årsrapporten vert sendt til foreldra til eleven og til kommunen. Elevar med alternativ opplæringsarena får ikkje opplæringa på den alternative arenaen tilstrekkeleg evaluert i årsrapporten. Skulen har ikkje klare rutinar som sikrar at elevane får uttale seg i samband med årsrapporten.

4 Våre reaksjonar

4.1 Pålegg om retting

I kapitla ovanfor har vi konstatert at de ikkje oppfyller regelverket på alle område. Det er kommunen som er ansvarleg for at skolen blir driven i samsvar med regelverket, jf. opplæringslova § 13-10. Vi pålegg dykk å rette opp følgjande, jf. kommunelova 30-4:

Planlegge spesialundervisninga

1. Kommunen må sørge for at skulen utarbeider individuelle opplæringsplanar som er i samsvar med enkeltvedtaket, jf. opplæringslova §§ 5-1 og 5-5. Kommunen må i samband med dette sjå til at skulen:

- a) sørger for at IOP-ane skildrar avvik frå dei ordinære læreplanane dersom dette er fastsett i vedtaka.

Gjennomføre og følgje opp spesialundervisninga

2. Kommunen må sørge for at skulen gjennomfører spesialundervisninga i samsvar med vedtaket, jf. opplæringslova §§ 5-1, 5-3 og 5-5. Kommunen må i samband med dette sjå til at:

- a) skulen gir spesialundervisning i det omfanget som er fastsett i vedtaka.
- b) skulen gir elevar med spesialundervisning det same totale timetalet som andre elevar, med mindre vedtaka seier noko anna.
- c) skulen gjennomfører spesialundervisning slik at barnet sitt beste vert tatt i vare.

- d) rektor sikrar at gjennomføringa av eleven si spesialundervisning er samordna med den ordinære opplæringa.
- e) rektor sikrar at spesialundervisninga og den ordinære opplæringa samla dekker opplæringa i kompetansemåla.
- f) skulen utarbeider fullstendig årsrapport for alle elevar som får spesialundervisning.

4.2 Oppfølging av pålegga

De skal setje i verk tiltak for å rette brot på regelverket straks. Når pålegga er retta, skal de erklære at rettinga er gjennomført og gjere greie for korleis de har retta.

Fristen er 10. mai 2022. Vi vil ikkje avslutte tilsynet før de gjennom erklæringa og utgreiinga har vist at pålegga er retta.

5 De har rett til å klage

Tilsynsrapporten er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 bokstav b. De kan klage på enkeltvedtaket.

Dersom de klagar, må de gjere det innan tre veker. Fristen gjeld frå beskjed om at brevet har kome fram til dykk, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. De sender klagen til oss. Vi har høve til å omgjere vedtaket. Dersom vi ikkje er einige med dykk, sender vi klagen til Utdanningsdirektoratet som avgjer saka.

I forvaltningslova § 32 kan de sjå korleis de skal utforme klagen.

De kan be om at vi ikkje set i verk vedtaket før klagefristen er ute, eller klagen er endeleg avgjort av Utdanningsdirektoratet, jf. forvaltningslova § 42.

De er part i saka og har rett til innsyn i saksdokumenta, jf. forvaltningslova § 18.

Molde, 3. februar 2022

Kristin Sundsbø, tilsynsleiar

Einar Hernborg, seniorrådgivar

Gro-Malén Brønnestad Skorgenes, seniorrådgivar

6 Dokument

Følgjande dokument vart nytta under gjennomføringa av tilsynet:

- Prosedyre for arbeid/kvalitetssikring med spes.ped.
- Arbeidsoppgåver til sped.ped lærar
- Internkontroll Valderøy barneskule
- Forslag rutiner v/overgangar
- Klassetimeplanar
- Timeplanar for enkeltelevar med spesialundervisning
- Sakkunnige vurderingar frå PPT
- Vedtak om rett til spesialundervisning
- Individuelle opplæringsplanar
- Årsrapportar


Det vart gjennomført stadleg tilsyn ved Valderøy barneskule 9. november 2021.

Statsforvaltaren hadde samtalar med utvalde elevar og deira føresette.

Det vart gjennomført fem gruppeintervju med assistentar, lærarar og skuleleiinga.

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL

Postboks 2025, 6404 Molde | sfmrpost@statsforvalteren.no | www.statsforvalteren.no/mr



Saksframlegg

Saksnr. Utval
MS 05/22 Giske kontrollutval

Møtedato
06.04.2022

Melding om tilstandsrapport for grunnskulen i Giske 2020-2021

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Samandrag:

Det er utarbeidd ein årleg tilstandsrapport for grunnskulen i Giske.

Denne kan vere nyttig for kontrollutvalet å kjenne til med tanke på at ein er i ferd med å bestille ein forvaltningsrevisjon på ressursbruk innan grunnskuleopplæringa.

Vedlegg

Tilstandsrapport for grunnskulen i Giske 2020-2021



Tilstandsrapport for grunnskulen i Giske skuleåret 2020-21



Om tilstandsrapporten

Den årlege tilstandsrapporten inngår som ein del av det ordinære plan-, budsjett- og rapporteringsarbeidet hos skuleeigaren og har kvalitetsutvikling som siktemål.

Desse har vore involverte i prosessen med å utarbeide tilstandsrapporten:

Medverknad i utarbeidinga av rapporten	Ja	Nei
Elevar		x
Foreldre (Kommunalt FAU)	x	
Organisasjonane	x	
Skular	x	
Administrasjonen i kommuna	x	
Politikarar i kommuna	x	



Lovkravet

Det er fastsett i opplæringslova og privatskolelova at skoleeigarar pliktar å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa. I St.meld. nr. 31 (2007-2008) går det fram at det er viktig at styringsorgana i kommunar og fylkeskommunar har eit bevisst og kunnskapsbasert forhold til kvaliteten på grunnopplæringa. Dette er nødvendig for å følgje opp utviklinga av sektoren på ein god måte.

Den årlege rapporten skal drøftast av skoleeigaren, dvs. av kommunestyret, fylkestinget og den øvste leiinga ved dei private grunnskolane, jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd. Det er fastsett i privatskolelova § 5-2 andre ledd bokstav k at styret skal drøfte den årlege rapporten om tilstanden i desse skolene.

Desse har ansvar for å utarbeide den årlege tilstandsrapporten:

- Kommunar
- Fylkeskommunar
- Private grunnskolar som er godkjende etter opplæringslova § 2-12
- Private skolar med rett til statstilskot

Innhald i tilstandsrapporten

Tilstandsrapporten skal som eit minimum omtale læringsresultat, fråfall og læringsmiljø, men skoleeigaren kan omtale andre resultat og bruke andre data ut frå lokale behov. Når det blir gjort vurderingar av tilstanden, er det viktig å synleggjere kva for målsetjingar hos skoleeigaren og skolane som danner grunnlag for vurderinga.

Tilstandsrapporten skal innehalde vurderingar knytte til opplæringa av barn, unge og vaksne. Dei data som er tilgjengelege i Skoleporten, innheld ikkje data om vaksne. Skoleeigaren skal derfor bruke andre kjelder for datainnhenting på dette området.

Tidleg innsats er vesentleg for å betre elevane sine ferdigheiter og den faglege utviklinga. Kartlegging av elevane sitt ferdigheitsnivå må følgjast opp med tiltak for dei som har behov for ekstra opplæring frå første stund. Den spesialpedagogiske innsatsen er her sentral.

Kvalitetsvurderingssystemet

Tilstandsrapporten inngår i kvalitetsvurderingssystemet. Kvalitetsvurdering er å samanstille informasjon og data som grunnlag for å drøfte kvaliteten på opplæringa internt på ein skole eller i ein kommune/fylkeskommune, og for å drøfte kvaliteten i større delar av eller i heile utdanningssektoren. Målet er kvalitetsutvikling og læring. Kvalitetsvurderinga er ein prosess der dialogen om kva som er god kvalitet, står sentralt. Det er naturleg at det blir stilt spørsmål ved samanhengen mellom kvaliteten på opplæringa ved den enkelte skolen og mellom skolane og resultat i dialogen med skoleeigaren.

Det generelle systemkravet

Skoleeigarane si plikt til å utarbeide årlege rapportar om tilstanden i grunnopplæringa er ein del av oppfølgingsansvaret knytt til det generelle systemkravet (internkontroll), jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd og privatskolelova § 5-2 tredje ledd. Ver merksam på at kravet til internkontroll omfattar alle plikter som skoleeigaren har etter lov og forskrift. Det generelle systemkravet er derfor meir omfattande enn det tilstandsrapporten sitt minimum skal dekkje.

Personvern Tal som blir lasta direkte inn frå Skoleporten, kan for små einingar innehalde indirekte identifiserbare opplysningar. Dette kan være teiepliktige opplysningar etter forvaltningslova § 13 og/eller personopplysningar etter personopplysningslova § 2 nr. 1. Tilsvarande kan også gjelde for lokale indikatorar. Desse opplysningane må behandlast i tråd med reglane i forvaltningslova og/eller personopplysningslova.

Merk: Denne versjonen av tilstandsrapporten er på nynorsk. Uttrekk av innhald frå Skoleporten, som ikkje finst på begge målformer, kan likevel vere på bokmål

Innhald

1. Kvalitetsplan for oppvekst.....	s. 5
2. Samandrag.....	s. 6
3. Hovudområde og indikatorar.....	s. 7
3.1 Elevar og undervisningspersonale.....	s. 7
3.1.1 Talet på elevar og lærarårsverk.....	s. 7
3.1.2 Lærartettleik.....	s. 8
3.2 Læringsmiljø.....	s.11
3.2.1 Elevundersøkinga.....	s.11
3.2.2 Mobbing på skulen.....	s.12
3.3 Resultat.....	s.14
3.3.1 Nasjonale prøver 5.klasse.....	s.14
3.3.2 Nasjonale prøver ungdomsskulesteget.....	s.18
3.3.3 Karakterer og grunnskulepoeng.....	s.24
3.4 Gjennomføring.....	s.27
4. Rapport frå skulane.....	s.28
5. Konklusjon	s.32

1. Kvalitetsplan for oppvekst

Arbeidet i Giskeskulen baserer seg på den lokale kvalitetsplanen for oppvekstsektoren «Samspel for livsmeistring no og for framtida» 2018-2021.

Vi tek derfor med litt frå innleiinga til kvalitetsplanen her.

Kvalitetsplanen for oppvekst er bindeleddet mellom nasjonale føringar, Kommuneplanen og einingane sine verksemdsplanar. Kvalitetsplanen skal peike ut hovudprioriteringane for fireårsperioden, målsettingar og overordna tiltak i barnehage, skule og SFO. Samla skal desse gi erfaringar som støttar barnet si livsmeistring no og for framtida. Kvalitetsplanen skal vere eit arbeidsreidskap for leiing på alle nivå i oppvekstsektoren. I den førre planen var læringsmiljø og sosial kompetanse det prioriterte hovudområdet. Dette er framleis eit viktig grunnlag for arbeidet med denne planen.

Overordna: Livsmeistring

Endringstakta i samfunnet er høg og endringane er i stor grad teknologidrivne. Dei som forskar på framtidskompetansar peikar ganske unisont på livsmeistring som ei avgjerande ferdigheit. Korleis barn og unge midt i desse endringane kan forhalde seg til seg sjølve og andre vil bli kjernen i denne planen. Satsingsområda skal forståast i lys av livsmeistring. I denne planen ser vi på utvikling, leik og læring som gjensidige omgrep.

Ein engasjert medspelar

Kommunen sitt verdigrunnlag er eit viktig verkty i arbeidet med å realisere formålsparagrafen for barnehage og skule. Giske kommune sin visjon er: *Giske kommune- ein engasjert medspelar*. Korleis kan barn som veks opp i Giske kommune vere i læringserfaringar bygd på verdiane respekt, engasjement, løysingsvilje og kvalitet? Kommuneplanen sitt motto-«Samspelskommunen»-peikar på kor avgjerande det er at alle partar i barn sin oppvekst spelar saman på best mogleg måte.



2.Samandrag

Giske kommune har lagt ned eit omfattande arbeid med endring av skulestruktur gjennom skuleåret 2020/2021. Dette innebar mellom anna at fleire rektor -og avdelingsleiarstillingar vart konstituerte og dels sto i vakanse. I løpet av våren 2021 fekk vi tilsett leiarar i dei fleste stillingane på skulane våre og vi erfarte at rekruttering til leiarstillingane har vore utfordrande, spesielt til avdelingsleiarstillingar.

Frå 1.januar hadde vi på plass ny kommunalsjef i oppvekst og i løpet av våren ny pedagogisk rådgjevar for barnehage. Frå hausten 2021 er det tilsett ny pedagogisk rettleiar for skule. På grunn av den økonomiske situasjonen er stab oppvekst framleis redusert med ei heil stilling. Dette får konsekvenser for m.a arbeid med kvalitetssystem og kapasitet til fagleg rettleiing.

Med mange nytilsette i leiarstillingar og i stab har vi fokus på å utvikle gode samandlingsarenaer for skular og barnehagar der vi kan auke kunnskapen ilag, utnytte felles kunnskap og utvikle eit godt samarbeid som kjem heile oppvekstsektoren til gode. Vi har og starta ei felles leiaropplæring i regi av IMTEC, for leiarar i barnehage og skule for å bygge kapasitet, kompetanse og felles retning. Leiarutviklinga går over 3 semester og vil også støtte fagleg forankring av einingane sine leiargrupper.

Pandemisituasjonen har vore krevjande for tilsette både i skule og sfo. Vi registrerar at det trass i ein krevjande situasjon har vore lagt ned ein stor jobb, ikkje minst for å skjerme elevane med særskilde behov.

Dei økonomiske rammene har gjort at vi ikkje har oppfylt lærarnorma og at elevane ikkje har fått opplæring fullt ut etter lov og føresegn. Opplæring i symjing, fysisk aktivitet og leksehjelp blei ikkje levert. Det har heller ikkje vore rom for å ta igjen tapte timar til spesialundervisning.

Manglande oppfyljing av lærarnormen har gått ut over tidleg innsats både i begynneropplæringa og på ungdomstrinnet, så det er grunn til å tru at dette har redusert læringsutbyttet til elevane.

Det har vore krevjande for oppvekstsektoren å halde fokus på pedagogisk utviklingsarbeid generelt og på fagfornyninga spesielt. Dette må få konsenkvensar for vidare planlegging av satsingane og prioriteringane våre for oppvekstsektoren.

Dei tilsette i skulane har strekt seg, også dette året, langt utover det ein kan forvente for å gi eit best mogleg opplæringstilbod i ei krevjande tid.

Framover blir det svært viktig å ha fokus på kvaliteten i opplæringa vi gir og at vi oppnår lovleg drift på skulane våre.

I Giskeskulen har vi frå nyttår 2020 fokusert på å utvikle *varige betre praksisar*, knytt til kompetansereformen. Kva skal kjenneteikne tilpassa opplæring? Sektoren har i samarbeid med PPT utarbeida ei felles prosedyre for dette. Det har også vore eit sterkt fokus på å samle ressursar og kompetanse i oppvekst til felles beste. Inkluderande praksis har vore eit fagleg og verdiforankra mål, med ønske om at alle kan gå heim etter ein dag i skule og SFO og kjenne «Det var jammen bra eg kom».

Hovudområde og indikatorar

3.1 Elevar og undervisningspersonale

3.1.1. Talet på elevar og lærarårsverk

Talet på elevar: Indikatoren omfattar barn og unge som etter Opplæringslova § 2-1 har rett og plikt til grunnskuleopplæring, og som får denne opplæringen ved ein grunnskule. Indikatoren opplyser om talet på elevar som er registrerte ved grunnskular pr. 1.oktober det aktuelle skuleåret.

Talet på undervisningspersonale: Indikatoren viser summen av årsverk for undervisningspersonalet. Indikatoren opplyser om antall elevar pr beregnede årsverk til undervisningen. Årsverkene er beregnet ved å dividere årstimer på årsramma. Det er brukt 741 timar på barnetrinnet og 656 timar på ungdomstrinnet.

Lokale mål:

*I planperioden skal Giske kommune arbeide for å oppfylle krav til formell kompetanse i barnehage og skule

*Barnehagelærarane og lærarane sin kompetanse i realfag skal forbetrast.
(Kvalitetsplan 2018-21)

Giske kommune (EIGAR) | Antal elevar og årsverk| (Kjelde GSI)

Indikator og nøkkeltal	2018-19	2019-20	2020-21
Talet på elevar	1182	1177	1199
Årsverk for undervisningspersonalet	107,2	108,3	102,27
Andel undervsining gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning	96,5	93,3	90,55

Giske kommune (EIGAR), Grunnskule, Antal elevar, Kommunal, Begge kjønn, Alle trinn

Skuleeigar si eigavurdering:

Målet om at alle som underviser i grunnskulane i Giske skal ha godkjend utdanning er ikkje nådd. All etter- og vidareutdanning var stoppa i 2020, av økonomiske grunnar. Seine utlysningar pga den krevande økonomiske situasjonen har og medverka. Våren 2021 vart det på nytt opna for å søkje etter og vidareutdanning gjennom *Kompetanse for kvalitet* for skuleåret 2021-22. Dette må og prioriterast vidare om vi skal oppnå kompetansekrava i m.a realfaga frå 2025.

2020-21	1.-7.årstrinn			8.-10.årstrinn			
Fag:	Minst 30 stp i faget:	0-29 stp i faget	Sum lærarar som underviser i faget	Minst 60 stp i faget	30-59 stp i faget	0-29 stp i faget	Sum lærarar som underviser i faget
Norsk	48	5	53	14	4	0	18
Samisk							
Norsk teiknspråk	0	0	0	1	0	0	1
Matematikk	42	10	52	9	5	1	15
Engelsk	25	13	38	12	1	1	14

Kjelde gsi

3.1.2. Lærartettleik

Indikatoren viser lærertettleik i ordinær undervisning. Lærertettleik er definert som forholdet mellom elevtimar minus timar til spesialundervisning og særskilt norskopplæring og ordinære undervisningstimer pluss oppdeling til samiske språkalternativer. Dette er ein indikasjon på elevar per lærar i ordinær undervisning, og ressurser til spesialundervisning og undervisning i særskild norsk reknast ikkje med. Jmf Lærarnorma (frå 1.aug. 2018, med justerte tal frå 1.aug. 2019) skal det no vere maksimum 15.elevar pr. lærar i 1.-4.klasse og maksimum 20 elevar pr. lærar 5.-7.klasse og i 8.-10.klasse. Norma gjeld innanfor kvart hovudtrinn ved kvar enkelt skule.

Lokale mål:

Giske kommune har som mål å oppfylle lærarnorma, ha fokus på tidleg innsats og å gi god tilpassa opplæring i heile grunnskulen.

Tabellen nedanfor er samanstilt av data frå kalkulator for lærarnorm på GSI. Kolonna «margin» viser kor mange årsverk skulen har meir eller mindre enn lærarnorm. Negativt tal viser at skulen har for få årsverk på trinnet det gjeld. Lærarnorma er bindande innanfor kvart hovudtrinn.

Summeringa viser at vi samla sett ikkje har ressursar til å oppfylle lærarnorma i Giske kommune.

Lærartettleik for skulane i Giske kommune 1.oktober 2020 (kjelde GSI)

1.-4			5.-7.		8.-10.		
	Gruppestorleik	Margin	Gruppestorleik	Margin	Gruppestorleik	Margin	SUM margin
Giske skule	15,2	0,0	9,8	1,5			1,5
Godøy skule	15,9	-0,3	16,8	0,5	20,1	0,0	0,2
Valderøy barneskule	15,8	-0,8	22,0	-0,8			-1,6
Valderøy ungdomsskule					21,0	-0,9	-0,9
Vigra skule	17,1	-0,8	18,6	0,3			-0,5
		-1,9		0,0		-0,9	-2,8

Skuleeigar si eigavurdering:

Lærarar, fagarbeidarar, leiarar og andre tilsette i Giskeskulen har strekt seg lenger enn nokon kan forvente gjennom eit krevjande skuleår med stramme rammer og store krav til omstilling og raske skifte.

Den økonomiske situasjonen i Giske kommune har medført at elevane i Giskeskulen ikkje har fått ei fullverdig opplæring i tråd med lov og regelverk, lokale og nasjonale styringssignal.

Det har mangla opplæring i symjing, fysisk aktivitet. Nokre skular fekk heller ikkje gitt praktisk opplæring i faget Mat og helse. Elevane har heller ikkje fått tilbod om leksehjelp. Når skulane har drift under lærarnorm ser vi i tillegg at det blir krevjande å få til god nok tidleg innsats, noko vi veit reduserer læringsutbyttet, spesielt for barn og unge med bruk for utviklingsstøtte. Vi fryktar også at denne situasjonen gir auka behov for spesialundervisning, både på kort og lang sikt.

Skuleeigar får signal om at avvika frå lovleg drift, i tillegg til å ramme elevane, gjer noko med motivasjonen til dei tilsette i sektoren. Vi erfarer ein auka slitasje hos tilsette i oppvekst og at vi har utfordringar knytt til rekruttering, spesielt til leiarstillingar. Kombinasjonen av store omstillingskrav knytt til fagfornyng, kompetansereform og oppvekstreform, saman med endring i skulestruktur og robeksituasjonen har vore særskilt krevjande for oppvekstsektoren dette skuleåret.



Tabellane under viser utviklinga dei tre siste skuleåra.

Giske kommune (EIER) | Lærertetthet 1.-4. trinn | Egne tall



Giske kommune (EIER), Grunnskole, Lærertetthet, Kommunal, Begge kjønn

Giske kommune (EIER) | Lærertetthet 5.-7. trinn | Egne tall



Giske kommune (EIER), Grunnskole, Lærertetthet, Kommunal, Begge kjønn

Giske kommune (EIER) | Lærertetthet 8.-10. trinn | Egne tall



Giske kommune (EIER), Grunnskole, Lærertetthet, Kommunal, Begge kjønn

3.2 Læringsmiljø


3.2.1 Elevundersøkinga

Alle elevar og lærlingar skal inkluderst og oppleve meistring. Det er obligatorisk for skuleeigar og skuleleiarar å gjennomføre elevundersøkinga for elevar på 7. og 10. klasstesteg. Resultata frå Elevundersøkinga viser elevane si subjektive oppfatning av eigen læringssituasjon. Ein del av spørsmåla i elevundersøkinga er sette saman til indeksar som blir viste i Skoleporten. Resultata for alle spørsmåla blir viste i ein eigen rapportportal. I tilstandsrapporten er desse læringsmiljøindeksane obligatoriske:

- ***Støtte frå lærarane:** indeksen viser korleis elevane opplever emosjonell og fagleg støtte frå lærarane
- ***Vurdering for læring:** indeksen kartlegg elevane si oppleving av dei fire prinsippa i vurdering for læring
- ***Læringskultur:** Indeksen viser om elevane opplever at skulearbeidet er viktig for klassa, og om det er rom for å gjere feil i læringsarbeidet.
- ***Meistring:** Indeksen viser elevane si oppleving av meistring i samband med undervsining, lekser og arbeid på skulen.
- ***Elevdemokrati og medverknad:** indeksen viser elevane si oppleving om de er mogleg å medverke i arbeidet med faga, om dei får vere med og avgjere klassereglar og delta i elevrådsarbeidet.
- ***Andel elevar som har blitt mobba(prosent)** Sjå eige diagram

Skala: 1-5. Høg verdi vil seie positivt resultat. Unntak er andel mobba,- som er i prosent.

Giske kommune (EIER) | Elevundersøkelsen 7. trinn | Egne tall




Giske kommune (EIER), Grunnskole, Elevundersøkelsen, Offentlig skole, Begge kjønn

Skuleeigar si vurdering:

Skuleleiar har ikkje lokale mål på dette området, men vi registrerar at talet «støtte frå lærarane» held seg ganske stabilt på både 7. og 10.trinn. Det viser at elevane trass pandemi og krevande økonomi opplever god støtte frå lærarane.

Giske kommune (EIER) | Elevundersøkelsen 10. trinn | Egne tall



Giske kommune (EIER), Grunnskole, Elevundersøkelsen, Offentlig skole, Begge kjønn

3.2.2 Mobbing på skulen(prosent)

Mobbing på skulen viser prosentdelen elevar som svarar at dei vert mobba av medelevar, mobba digitalt(på skulen) og/ eller mobba av vaksne på skulen 2-3 gongar i månaden eller oftare. Prosentdelen elevar som opplever mobbing på skulen er summen av den prosentdelen elevar som har kryssa av på svaralternativa «2 eller 3 gongar i månaden», «omtrent 1 gong iveka» og «fleire gongar i veka». Prosentdelen elevar som har blitt mobba på skulen seier med andre ord ingen ting om kor ofte elevane opplever å bli mobba.

Lokale mål:

Giske kommune sine mål for miljøet i skule og sfo:

Alle tilsette, barn og føresette skal arbeide saman for å utvikle og oppretthalde eit positivt skulemiljø, fritt for krenkande åtferd. Alle vaksne skal ha ei tydeleg nulltoleranse mot mobbing.


Skulen skal raskt gripe inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering når dei vert gjort kjende med slike problem.

Skulen bruker kommunale retningslinjer for korleis mobbesaker skal handsamast.

Skulen skal gje elevar og føresette god informasjon om dei rettane barnet deira har i saker som handlar om mobbing eller andre krenkingar.


- =Tal som er unnateke offentlighet/ skjerma

Giske kommune (EIER) | Mobbing på skolen 7. trinn | Geografisk sammenligning



Giske kommune (EIER), Grunnskole, Mobbing på skolen, Offentlig skole, Begge kjønn

Giske kommune (EIER) | Mobbing på skolen 10. trinn | Geografisk sammenligning



Giske kommune (EIER), Grunnskole, Mobbing på skolen, Offentlig skole, Begge kjønn

Skuleeigar si eigenvurdering:

Også i skulane i Giske opplever vi at ikkje alle elevar har det bra på skulen. Det er i perioden gjort eit felles arbeidet i Oppvekst å utarbeide **felles** målsettingar og retningslinjer for førebygging og felles rutiner for å arbeide for eit godt og trygt skulemiljø. Dette har gitt oss eit felles planverk og felles fokus som vert viktig å arbeide med på alle nivå i organisasjonane. Skulane i Giske har lagt vekt på det daglege arbeidet i dei ulike elevgruppene med fokus på å bygge relasjonar til elevane og førebyggjande arbeid.

For å nå målsettinga om å gripe raskt inn er viktig å ha ei felles forståing for kva det betyr og korleis gripe inn. Dette slik at alle elevar opplever dei vert tatt på alvor.

Det manglar tal frå Valderøy barneskule då det pga ei misforståing ikkje vart gjennomført elevundersøkinga hausten 2019, men på våren i forrige skuleår; og dermed er dei ikkje med i denne statistikken.

3.3 Resultat

Alle elevar som går ut av grunnskulen, skal meistre grunnleggande ferdigheiter. Dette er ferdigheiter som gjer dei i stand til å delta i vidare utdanning og i arbeidsliv.

På 5.trinn vert elevane plasserte på 3 meistringsnivå der meistringsnivå 1 er lågast. På 8. og 9. trinn vert elevane plasserte på 5 meistringsnivå. Presentasjonen viser eit oversyn over prosentvis fordeling av elevar på dei ulike meistringsnivåa.

3.3.1 Nasjonale prøver 5.klasse

Om rekning

Nasjonale prøver i rekning skal kartlegge i kva grad elevane sine **rekneferdigheiter er i samsvar med kompetansemål der rekneferdigheiter er integrert**. Dette inneber at nasjonale prøver i rekning ikkje er ei prøve i matematikk som fag, men ei prøve i rekning som grunnleggande ferdigheit, det vil seie som del av fagkompetansen i alle fag.

Nasjonale prøver i rekning dekker tre innhaldsområder:

- tal
- måling
- statistikk

Prøvene i rekning tar utgangspunkt i korleis elevane kan anvende rekning i ulike faglege og daglegdagse samanhenger. Dette inneberer at dei forstår og kan reflektere over korleis dei best kan løyse ei gitt utfordring, at dei kan løyse problemet ved hjelp av rekneoperasjonar og at dei kan vurdere om svara dei får, er rimlege.

Det inneber også at elevane har effektive strategier for enkel talrekning.

Om lesing

Nasjonale prøver i lesing skal kartlegge i kva grad elevane sine **leseferdigheiter er i samsvar med kompetansemål der leseferdigheiter er integrert**. Dette inneber at nasjonale prøver i lesing ikkje er ei prøve i norskfaget, men ei prøve i lesing som grunnleggande ferdigheit, det vil si som del av fagkompetansen i alle fag.

Dei nasjonale prøvene i lesing omfatter tre aspekt ved lesing:

- 1. finne informasjon
- 2. tolke og forstå
- 3. reflektere over og vurdere teksten si form og innhald

Utvalget av tekster som inngår i prøvene, er basert på det tekstmangfaldet som eleven si lesing vanlegvis utfaldas i.

Engelsk

Nasjonale prøver i engelsk skal kartlegge i kva grad elevane sine **leseferdigheiter i engelsk er i samsvar med kompetansemål i læreplanen for engelsk**, knytta til leseforståing, vokabular og grammatikk.

Oppgåvene i prøven for engelsk på er knytta til desse aspektene:

- finne informasjon, forstå og reflektere over innhaldet i tekster av ulik lengde og ulike sjangre
- beherske eit ordforråd som dekkjer dagligdagse situasjonar, og forstå betydningen av ord og uttrykk ut fra samanhengen dei er brukt i
- forstå bruken av grunnleggande reglar og mønster for grammatikk og setningstyper


Rekning:

Lokale mål:

- *Barn og unge sin kompetanse skal forbeholdt gjennom fornying av faga, betre læring og auka motivasjon
- *Andelen barn og unge på lavt nivå i matematikk skal reduserast.
- *Fleire barn og unge skal prestere høgt på avansert nivå i realfag.
- *Elevar med stort læringspotensial skal få dei utfordringane og den støtta dei treng.


Rekning 5.klasse

Giske kommune (EIER) | Mestringsnivåer Regning 5. trinn | Egne tall



Giske kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver mestringsnivåer, Begge kjønn, Offentlig skole, Regning, 5. trinn

Giske kommune (EIER) | Skalapoeng Regning 5. trinn | Geografisk sammenligning



Giske kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver skalapoeng, Begge kjønn, Offentlig skole, 5. trinn

Skuleeigar si eigenvurdering:

Giske kommune kan ikkje seie seg nøgde med resultatene i rekning over tid;- vi har ikkje nådd målsettinga å redusere andel barn på lavt nivå i rekning. Dette trass i at kommunen har delteke i satsinga «Realfagskommune». Det er blitt sett i gang tiltak for å arbeide med betre omgrepsforståing – og systematisk kartlegging av rekneferdigheitene og tilpassa tiltak på 1.- 2.trinn – gjeldande frå hausten 2022. (BU-modellen) Viktig at dette arbeidet blir følgt tett opp av skuleeigar.


Lesing 5.klasse

Lokale mål:

- *Barn og unge som strevar med språk, lesing og skriving, skal raskt indentifiserast og følgast opp med effektive tiltak.
- *Andelen elevar med svake lese- og skriveferdigheiter skal reduserast.
- *Andelen elevar med svært gode lese- og skriveferdigheiter skal aukast.
- *Elevar med stort læringspotensial skal få dei utfordringane og den støtta dei treng.


Lesing 5.klasse

Giske kommune (EIER) | Mestringsnivåer Lesing 5. trinn | Egne tall



Giske kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver mestringsnivåer, Begge kjønn, Offentlig skole, Lesing, 5. trinn

Giske kommune (EIER) | Skalapoeng Lesing 5. trinn | Geografisk sammenligning




Giske kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver skalapoeng, Begge kjønn, Offentlig skole, 5. trinn

Skuleeigar si eigenvurdering:

Giske kommune kan ikkje seie seg nøgde med resultata i lesing for det høgste og lavaste nivået – over tid. Systematisk arbeid med omgrepslæring (BU-modellen) på 1.-2.trinn vert viktig for god tilrettelegging og tidleg innsats ved å styrke den ordinære opplæringa. Dette arbeidet startar i klassene frå hausten 2022. Kommuna har utarbeida ein felles plan for dette arbeidet. Dette og tiltak som «På sporet» er sett inn for å auke leseferdigheitene. Viktig at og dette arbeidet blir følgt tett opp av skuleeigar.


Engelsk 5.trinn

Giske kommune (EIER) | Mestringsnivåer Engelsk 5. trinn | Egne tall



Giske kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver mestringsnivåer, Begge kjønn, Offentlig skole, Engelsk, 5. trinn

Giske kommune (EIER) | Skalapoeng Engelsk 5. trinn | Geografisk sammenligning



Giske kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver skalapoeng, Begge kjønn, Offentlig skole, 5. trinn

Skuleeigar si eigavurdering:

Det er ikkje sett opp lokale mål for perioden.

3.2.2 Nasjonale prøver ungdomstrinn

- **Engelsk**

Nasjonale prøver i engelsk skal kartlegge i kva grad elevane sine ferdigheiter i engelsk er i samsvar med kompetansemål i læreplanen for engelsk, knytta til leseforståing, vokabular og grammatikk.

Oppgåvene i nasjonale prøver i engelsk er knytta til desse aspektene:

- finne informasjon, forstå og reflektere over innhaldet i tekster av ulik lengde og ulike sjangere
- beherske et ordforråd som dekkjer daglegdagse situasjonar, og forstå betydninga av ord og uttrykk ut fra samanhengen dei er brukt i
- forstå bruken av grunnleggjande reglar og mønstre for grammatikk og setningstyper

- **Lesing**

Nasjonale prøver i lesing skal kartlegge i kva grad elevane sine leseferdigheiter er i samsvar med kompetansemål der leseferdigheiter er integrert. Dette inneber at nasjonale prøver i lesing ikkje er ei prøve i norskfaget, men ei prøve i lesing som grunnleggjande ferdigheit, det vil sei som del av fagkompetansen i alle fag.

Dei nasjonale prøvene i lesing omfatter tre aspekt ved lesing:

- finne informasjon
- tolke og forstå
- reflektere over og vurdere teksta si form og innhald

Utvalget av tekster som inngår i prøvene, er basert på det tekstmangfaldet som elevane si lesing vanlegvis utfoldast i.

- **Rekning**

Nasjonale prøver i rekning skal kartlegge i kva grad elevane sine rekneferdigheiter er i samsvar med kompetansemål der rekneferdigheiter er integrert. Dette innber at nasjonale prøver i rekning ikkje er ei prøve i matematikk som fag, men ei prøve i rekning som grunnleggjande ferdigheit, det vil seie som del av fagkompetansen i alle fag.

Nasjonale prøver i rekning dekkjer tre innhaldsområder:

- tal
- måling
- statistikk


Prøvene i rekning tek utgangspunkt i korleis elevane kan anvende rekning i ulike faglege og daglegdagse samanhenger. Dette inneber at dei forstår og kan reflektere over korleis dei best kan løyse ei gitt utfordring, at dei kan løyse problemet ved hjelp av rekneoperasjonar og at dei kan vurdere om svara dei får, er rimelege. Det inneber også at elevane har effektive strategier for enkel talrekning.

Rekning

Lokale mål:


- *Barn og unge sin kompetanse skal forbeholdt gjennom fornying av faga, betre læring og auka motivasjon
- *Andelen barn og unge på lavt nivå i matematikk skal reduserast.
- *Fleire barn og unge skal prestere høgt på avansert nivå i realfag.
- *Elevar med stort læringspotensial skal få dei utfordringane og den støtta dei treng.
- *Elevane på ungdomstrinnet skal skåre på eller over landsgjennomsnitt på nasjonale prøver.

Giske kommune (EIER) | Mestringsnivåer Regning 8. trinn | Egne tall




Giske kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver mestringsnivåer, Begge kjønn, Offentlig skole, Regning, 8. trinn

Giske kommune (EIER) | Mestringsnivåer Regning 9. trinn | Egne tall




Giske kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver mestringsnivåer, Begge kjønn, Offentlig skole, Regning, 9. trinn

Giske kommune (EIER) | Skalapoeng Regning 8. trinn | Geografisk sammenligning



Giske kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver skalapoeng, Begge kjønn, Offentlig skole, 8. trinn

Giske kommune (EIER) | Skalapoeng Regning 9. trinn | Geografisk sammenligning



Giske kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver skalapoeng, Begge kjønn, Offentlig skole, 9. trinn

Skuleeigar si eigavurdering:

Vi har over lang tid sett at det er nødvendig å gjere noko med resultatane i høve rekning. Resultatane over tid viser at vi ikkje har nådd målsettingane i Kvalitetsplanen for oppvekst for perioden (2018-21). Tiltaka for barnetrinnet er dei same som beskrive under 5.trinn. Målet er at det systematiske arbeidet skal gi resultat på sikt også for ungdomstrinnet. Skuleeigar har og godkjent at fleire får ta vidareutdanning i realfaga frå hausten 2021. Likevel må det gjerast eit arbeid for å identifisere årsakene til svake resultat og finne eigna tiltak.


Målet for rekning på ungdomstrinnet om å skåre på eller over landsgjennomsnitt på nasjonale prøver er ikkje nådd for 8.trinnet, men vi ligg på landsgjennomsnittet for 9.trinn.

Lesing

Lokale mål:


- *Barn og unge som strevar med språk, lesing og skriving, skal raskt indentifiserast og følgast opp med effektive tiltak.
- *Andelen elevar med svake lese- og skriveferdigheiter skal reduserast.
- *Andelen elevar med svært gode lese- og skriveferdigheiter skal aukast.
- *Elevar med stort læringspotensial skal få dei utfordringane og den støtta dei treng.
- *Elevane på ungdomstrinnet skal skåre på eller over landsgjennomsnittet på nasjonale prøver.

Giske kommune (EIER) | Mestringsnivåer Lesing 8. trinn | Egne tall




Giske kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver mestringsnivåer, Begge kjønn, Offentlig skole, Lesing, 8. trinn

Giske kommune (EIER) | Mestringsnivåer Lesing 9. trinn | Egne tall




Giske kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver mestringsnivåer, Begge kjønn, Offentlig skole, Lesing, 9. trinn

Giske kommune (EIER) | Skalapoeng Lesing 8. trinn | Geografisk sammenligning



Giske kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver skalapoeng, Begge kjønn, Offentlig skole, 8. trinn

Giske kommune (EIER) | Skalapoeng Lesing 9. trinn | Geografisk sammenligning



Giske kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver skalapoeng, Begge kjønn, Offentlig skole, 9. trinn

Skuleeigar si eigavurdering:

Målet for lesing på ungdomstrinnet om å skåre på eller over landsgjennomsnitt på nasjonale prøver er ikkje nådd for 8. og 9.trinnet.

Likevel vil det vere viktig å arbeide vidare med å identifisere faktorar som bidreg til å løfte elevar frå eit meistringsnivå til eit anna. Kva er gjort for å redusere antal elevar på mestringsnivå 1 og 2 frå 8.trinn til 9.trinn? Eller auke andel elevar på meistringsnivå 4 og 5 ?


Sjå elles vurderingar som er gjort i forhold til langsiktig arbeid med BU.

Engelsk

Lokale mål


*Elevane på ungdomstrinnet skal skåre på eller over landsgjennomsnitt på nasjonale prøver.

Giske kommune (EIER) | Mestringsnivåer Engelsk 8. trinn | Egne tall



Giske kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver mestringsnivåer, Begge kjønn, Offentlig skole, Engelsk, 8. trinn

Giske kommune (EIER) | Skalapoeng Engelsk 8. trinn | Geografisk sammenligning



Giske kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver skalapoeng, Begge kjønn, Offentlig skole, 8. trinn

Skuleeigar si eigavurdering:

Målet for engelsk på ungdomstrinnet om å skåre på eller over landsgjennomsnitt på nasjonale prøver er ikkje nådd for 8.trinnet.

3.3.3 Karakterar og grunnskulepoeng

Om karakterar

Standpunktkarakterar og karakterar fra eksamen i grunnskulen opplæring utgjør sluttvurderinga. Denne vurderinga skal gi informasjon om den kompetansen eleven har oppnådd i faget ved avslutning av opplæringa, og vurderinga skal vere fundert i måla i læreplanverket.

Dei enkelte karaktergradene har dette innhaldet:

- Karakteren 1 uttrykkjer at eleven har svært lav kompetanse i faget.
- Karakteren 2 uttrykkjer at eleven har lav kompetanse i faget.
- Karakteren 3 uttrykkjer at eleven har nokså god kompetanse i faget.
- Karakteren 4 uttrykkjer at eleven har god kompetanse i faget.
- Karakteren 5 uttrykkjer at eleven har meget god kompetanse i faget.
- Karakteren 6 uttrykkjer at eleven har svært god kompetanse i faget.


Lokale mål for faga norsk, engelsk og matematikk

*Elevane skal ligge på eller over nasjonalt snitt

*Det skal vere stor grad av samsvar mellom eksamenskarakter og standpunktkarakter.


Norsk

Giske kommune (EIER) | Norsk hovedmål standpunkt | Geografisk sammenligning



Giske kommune (EIER), Grunnskole, Norsk hovedmål standpunkt, Offentlig skole, Begge kjønn


Giske kommune (EIER) | Norsk hovedmål skriftlig eksamen | Geografisk sammenligning



Giske kommune (EIER), Grunnskole, Norsk hovedmål skriftlig eksamen, Offentlig skole, Begge kjønn


Engelsk

Giske kommune (EIER) | Engelsk standpunkt | Geografisk sammenligning



Giske kommune (EIER), Grunnskole, Engelsk standpunkt, Offentlig skole, Begge kjønn


Giske kommune (EIER) | Engelsk skriftlig eksamen | Geografisk sammenligning



Giske kommune (EIER), Grunnskole, Engelsk skriftlig eksamen, Offentlig skole, Begge kjønn


Matematikk

Giske kommune (EIER) | Matematikk standpunkt | Geografisk sammenligning



Giske kommune (EIER), Grunnskole, Matematikk standpunkt, Offentlig skole, Begge kjønn

Giske kommune (EIER) | Matematikk skriftlig eksamen | Geografisk sammenligning



Giske kommune (EIER), Grunnskole, Matematikk skriftlig eksamen, Offentlig skole, Begge kjønn


Grunnskulepoeng

Grunnskulepoeng er eit mål for det samla læringsutbyte for elevar som får sluttverdering med karakter. Karakterane vert brukte som kriterium for opptak i vidaregåande skule. Grunnskulepoeng er rekna ut som summen av dei avsluttande karakterar som først på vitnemålet, leggst saman og delast på antal karakterar og gonga med 10.

Dersom det maglar karakterar i meir enn halvparten av faga, skal det ikkje reknast ut poeng for eleven.

Giske kommune (EIER) | Grunnskulepoeng | Geografisk sammenligning

Skoleårene 2019-20 og 2020-21 er grunnskulepoeng kun basert på standpunktkarakterer



Giske kommune (EIER), Grunnskole, Grunnskulepoeng, Offentlig skole, Begge kjønn

Skuleeigar si eigavurdering:

Dei siste åra har vi skåra over eller på landsgjennomsnittet. Dette er kriteriet som vert brukt når elevar skal konkurrere om plass i vidaregåande skule. Det er likevel verd å bruke dette kriteriet med varsemd. Sidan standpunktkarakterane utgjør hovudtyngda av karakterane, vil resultatet også vere avhenging av vurderingsarbeidet til den enkelte lærar og skulen. Bortsett frå eksamen er det vanskeleg å kontrollere at vurderingsgrunnlaget er korrekt. Derfor er det viktig at lærarane våre i ungdomsskulen tek på seg sensor oppdrag både i skriftlege og munnlege fag;- det kan vere med på å korrigere vurderingspraksis på eigen skule og.

Det har vore arbeidd mykje med vurdering i skulane våre, og det er all grunn til å tru at karakternivået er korrekt vurdert på skulane våre i Giske.

3.4 Gjennomføring

Alle elevar og lærlingar som er i stand til det, skal gjennomføre vidaregåande opplæring. Kompetansebeviset skal sikre vidare studium eller deltaking i arbeidslivet.

Tala viser andelen 16 åringar som går i vidaregåande opplæring same år som dei avslutta grunnskulen.

Lokale mål:

Alle barn som veks opp i Giske skal gjennomføre vidaregåande skule med fullført vitnemål eller kompetansebevis.

Giske kommune | Overgangar frå grunnskule til VGO | Geografisk samanlikning

År	Giske kommune (Eigar)	Møre og Romsdal	Nasjonalt
2020	97,0	98,8	98,2
2019	99,1	98,3	98,0
2018	99,0	97,8	98,0
2017	99,1	98,8	98,1
2016	100,0	98,9	98,4

Giske kommune (EIER), Grunnskole, Overganger, Begge kjønn

Skuleigar si eigavurdering:

Vi registrere ein nedgang i prosent av elevar i overgangen frå grunnskule til vidaregåande. Dette er ei utvikling vi ikkje ønsker, sett i samanheng med ein tendens til aukande bekymringsfullt fråver i skulen. Dette er viktig å ta på alvor og følge tett opp i det vidare arbeidet;- både på skulenivå og på kommunenivå.

4.0 Rapport frå skulane i Giske skuleåret 2020/ 2021

Å drive skule i ein pandemi krev mykje av elever, føresette, tilsette og skuleleiinga. Det har og vore vår erfaring dette skuleåret. Vi har likevel opplevd at vi gjennom eit godt samarbeid med smittevernsteam og reinhald har utvikla gode rutiner og blitt tryggare i korleis vi skal møte utfordringane vi står opp mot.

Livsmeistring har i denne perioden vore eit overordna tema for skulane i Giske.

I tida kor pandemi og smittevern har vore førande har livsmeistring blitt utfordra, både i skulekvardagen og i livet generelt. Samfunnet og kvardagen har endra seg, og kanskje meir no enn tidlegare har elevane erfart dette i eige liv. Å utvikle barn og unge til å «stå av stormen» og takle omveltingane dei blir utsett for er ei viktig oppgåve. Folkehelse og livsmeistring er eit av dei tre tverrfaglege tema i ny læreplan. Livsmestring er knytt opp mot fysisk og psykisk helse, meistring, meistringstru, utforskartrang, glede og gode relasjonar. Alle skulane i Giske har teke dette oppdraget på alvor, og vi erfarer at ungane blir møtt av trygge og gode vaksne, som kvar dag gjer sitt ytterste for å møte ungane på desse punkta. Skulane ser stor nytte av helsesjukepleiaren si rolle i skulekvardagen. Vi har og erfart at PPT, psykisk helseteam og barnevern er viktige samarbeidspartnar i saker kor det er behov for særskild kompetanse retta mot barn og familier.

Vi ønsker at alle elevane i Giske skal kjenne seg som ein del av det faglege og sosiale fellesskapet. Som eit viktig ledd i arbeidet med å **styrke tidleg innsats i Giske kommune** blei det, hausten 2020, avgjort i kommunestyret å starte kompetansebygging innan systematisk omgrepslæring hjå barnehagelærarar og lærarar i Giske kommune. Det blei vedtatt at det skal leggjast til rette for at alle barn i kommunen skal få systematisk omgrepslæring siste året i barnehagen og på 1. og 2. trinn. Kommuna har inngått ein avtale med Nyborg pedagogikk/ Norske Læremidler AS (www.ento.noc) om samarbeid.



Hausten 2020 blei det halde innføringskurs for nokre ressurspersonar i barnehagane og skulane i kommunen og oppretta ei arbeidsgruppe. Det er planlagt innføringskurs for alle ansatte i barnehagane i Giske kommune og for alle lærarar på 1. og 2. trinn hausten 2021. Det er utarbeida ein fast progresjon frå barnehage til skule, som skal vere retningsgivande i kommunen. Undervisinga skal gjennomførast som ein del av den ordinære opplæringa.

Saman med den kommunale satinga «På sporet» (Lesesenteret) er det forskningsbaserte tiltak som kommuna har vektlagt. Målet er tidleg innsats og at vi over tid skal sjå betre resultat i dei grunnleggjande ferdigheitene lesing og rekning. Skulane jobber med desse satsingsområda på eigen skule og felles i kommunalt nettverk. Dette er eit av dei kommunale satingsområda i den nye kvalitetsstrategien for kommuna i åra som kjem.

Vi veit at gode grunnleggjande ferdigheiter i lesing og rekning er avgjerande for vidare skulegang.

Alle skulane i Giske har prioritert å utdanne eigne tilsette med LOGOS-sertifisering, ein vitenskapleg test som brukast for å kartlegge leseferdighet og diagnostisere dysleksi. Logos blir brukt til å følgje opp elever som ikkje fyl klassa sin progresjon i lesing. Dei fleste elevane i ei klasse vil gjennom opplæringa bli funksjonelle lesarar, men forskning visar at 10-15% av elevane vil slite, omtrent 5 % har dysleksi. Denne kompetansehevinga innanfor kartlegging har bidrege til at vi har fått avdekka den enkelte sine utfordringar og tidlegare tilpassa opplæringa etter dette. Tidleg avdekking vil føre til betre effekt av dei tiltaka vi set inn.



Vi opplever at elever i perioder kjenner seg utanfor det sosiale fellesskapet av ulike grunnar.

Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring. (**opplæringslova § 9a**).

Skulane i Giske har dette året samarbeida om å vidareutvikle eit felles systemarbeid og praksis for å sikre dette. Det har blitt til ein **felles kommunal handlingsplan for eit godt og trygt miljø i skule og sfo**.

Planen inneheld m.a både trivsels- og førebyggjande tiltak, forventningar til dei ulike partane og tiltak og prosedyrer i aktuelle mobbesaker.

Målsettinga er at *Alle tilsette, barn og føresette skal arbeide saman for å utvikle og oppretthalde eit positivt skulemiljø, fritt for krenkande åtferd. Alle vaksne skal ha ei tydeleg nulltoleranse mot mobbing.*

Både foreldre og alle tilsette i organisasjonene har fått kome med innspel til dette arbeidet. Parallelt har vi utvikla kompetansen hjå dei tilsette slik at dei er trygge vaksne i relasjon med elevane.

Skulane har fokusert på inspeksjonsrutiner, indentifisering av sårbare barn og har dette som fast tema i fellestida. Vi ønsker at alle elevane i Giske skal erfare at skulen er ein trygg og god plass å vere.

I saker som har vore utfordrande, fagleg eller sosialt, har skulane brukt «**pedagogisk analyse**» som reiskap for å kunne identifisere oppretthaldande faktorar og sette riktig tiltak. Verktøyet blir brukt i kollegiet, saman med andre faginstansar og med elev/foreldre. Vi opplever at vi gjennom denne samhandlinga bygg opp tilliten mellom dei ulike partane og legg til rette for at den enkelte elev skal oppleve medvirkning og inkludering. Gjennom systematisk arbeid med oppretthaldande faktorar, tiltak og vurdering av desse vil fleire elevar kunne erfare at dei ved hjelp av «riktig støtte» meistrar kvardagen sin til trass for utfordringar.

Fagfornyninga med innføringa av nye læreplanar etter Kompteanseløftet 2020 var klare for bruk frå skuleåret 2020/21. I forkant har skulane i Giske jobba med «overordna del» i læreplanen. Her blir grunnsynet som skal vere førande for pedagogisk praksis skildra og ansvarleggjer skulen sitt dannelsingsoppdrag og utvikling av kompetanse hjå alle elevane. Målet er barn og unge som meistrer egne liv og som erfarer at opplæringa er livsnær, relevant og nyttig.

På grunn av året som har vore med pandemi og arbeid med skulestruktur har det vore krevjande å oppretthalde fokus og framdrift i fagfornyninga. Alle skuleleiarane har delteke på den regionale opplæringa med støtte frå m.a Høgskulen i Volda. Dette er ei desentralisert kompetanseutvikling med mål om å utvikle ei solid leiargruppe bygd på gjensidig tillit. Målsettinga var å dyktiggjere leiargruppene til å leie og utvikle profesjonsfellesskapet i kommuna. Det har vore regionale samlingar og nettverkssamlingar på tvers av kommunegrenser i regionen. Mange av dei naturleg nok digitale pga pandemi. Skulane har og arbeidd med kompetansepakane til Utdanningsdirektoratet. M.a har fokuset vore å få ei felles forståing av omgrep som tverrfaglegheit og djupnelæring.

Endring av skulestruktur i kommuna

Giske kommune vedtok, etter oppfattande utgreiingsarbeid, ny skulestruktur i kommunestyremøte 24.09.2020. Ny stuktur innebar å samle ungdomstrinnet i Giske Ungdomsskule, lokalisert på Valderøya. Det innebar også at ein skulle samlokalisere barneskulen på Godøya 1.-7. trinn.

I haustsemesteret vart det sett ned prosjektgrupper på fleire plan i organisasjonen, desse skulle legge til rette for framdrifta i opprettinga av nye Giske ungdomsskule. At det skulle *opprettast ein ny skule har vore viktig heile vegen*. Det har vore lagt vekt på moglegheitene som ligg i å etablere ein ny skulekultur der ein tek ut det beste frå to skular. Det har og vore viktig å inkludere alle partar i arbeidet. FAU og elevråd har kome med verdifulle innspel, samarbeidet her har vore knytt til leiarnivået i prosjektet.

I prosjektgruppa på skulenivå vart det arbeidd på forskjelege frontar. Det gjaldt reint praktiske saker som utforming av nytt areal, arbeid med den pedagogiske plattformen og konkret planlegging av oppstart i ny skule. Sjølv om pandemien stakk kjeppar i hjula for framdrifta, var personalet frå begge skulane samla fleire gongar for å drøfte innhaldet i den nye skulen.


3.mars var lærarane frå ungdomstrinnet på dei to skulane samla til forelesing med Arve Fiskerstrand, der mellom anna å skape eit nytt fellesskap og inkluderande praksis vart sett på dagsorden. Skuleåret vart avslutta med å samle nye 8. og 9. trinn i dei nye klassane. I løpet av skuleferien kom dei nye modulbygga på plass, og det var då klart til å ta imot elevane i nye Giske ungdomsskule.

Samanslåingsprosessar har og i stor grad prega skuleåret 2020/2021 for Godøy skule. Eit stort arbeid vart lagt ned i prosessen med å bygge saman ungdomstrinnet på Godøy skule med Valderøy Ungdomsskule for ein felles ny Giske ungdomsskule frå hausten 2021.

Fysiske fellesmøter vart mykje hindra av covidrestriksjonar. Dette gjorde at arbeidet med å bygge ein felles pedagogisk praksis, samansetjing av nye klassar og bygge relasjonar mellom elevar og lærarar vart redusert, og ein del måtte gjerast digitalt.

Logistikk knytt til flytteprosessar og ombyggingar, først av ungdomstrinnet, så planlegging av å flytte 1.-4.klasse frå skulen på Alnes til Godøy skule har vore krevjande. Dei tilsette har brukt mykje tid til praktisk arbeid knytt til flytting og rydding av rom pga ombygging. Dette har vore krevjande for personalet, ført til meirarbeid og har også gått ut over det pedagogiske utviklingsarbeidet.

Dei politiske beslutningane drog ut i tid, og motstand og usikkerheit til om / når dette skulle gjennomførast gjorde dei tilsette utrygge og slitne. Endring av lokasjonsval i siste liten, gjorde anbod og framdrift særskilt krevjande. At Godøy skule heile skuleåret har måtte delt personalgruppa i ungdomstrinn og barnetrinn i strukturarbeidet har også krevd tid på bekostning av fellesskapet til å bruke på felles utviklingsarbeid .



5.0 Konklusjon

Giskeskulen er, som det kjem fram av rapporten, inne i ein periode med omfattande omstilling. Vi er godt i gang med planlegging og samarbeid om å gjennomføre kommunestyret sitt vedtak om å samle ungdomstrinnet på ein felles ungdomsskule for heile kommuna.

Godøyskulen skal gå frå å vere ein kombinert barne- og ungdomsskule til barneskule.

Det inneber å flytte småskulen, som er eiga avdeling lokalisert til Alnes, under felles tak på Godøy skule.

Dette har vore ein krevande prosess for dei skulane våre som er ein del av dette og det er verd å merke seg at dei har stått i ekstra utfordringar i tillegg til ein krevande kvardag med m.a koronatiltak.

Vi er i gang med å flytte fokus frå spesialundervisning til betre inkluderande praksisar.

Vi har dette året gjennomført opplæring i «På sporet» og «BU-modellen», systematisk omgrepsopplæring. Vi vil frå hausten 2021 kunne ta i bruk desse verktøya på alle skulane, forskningsbaserte verkty for å betre opplæringa og bli betre på tilpassa opplæring og tidleg innsats.

TALK er utvikla i kommuna, har stor effekt for dei mest sårbare elevane. Dette blir no arbeidd vidare med for å bli eit prosjekt i barnehage og helse og omsorg. Her skal vi frå hausten 2021 ha med oss Statped som veileidar.

Leiarstrukturen har vore gjennomgått dette året og det har vorte tilsett rektorar og avdelingsleiarar. Det er ei prioritert oppgåve å gi skulane mest muleg like forhold.

Det er utarbeidd ein felles handlingsplan for retten til eit trygt og godt skulemiljø jmf § 9a. Den tek vi i bruk frå hausten 2021.

Arbeidet med innføring av ny læreplan;- Fagfornyinga vil ha stor fokus også neste skuleår. Som det går fram av rapporten har både pandemi og arbeid med skulestruktur gjort at vi ikkje er der vi planla å vere i dette arbeidet.

Dei som arbeider med barn og unge i Giskeskulen har dette året gjort ein utruleg stor innsats for å gi barn og unge gode vilkår for vekst og læring.

Giske kommune er på Robek og har ikkje greid å gi rammer for lovlege tenester i oppvekst. Dette inneber at elevane gjennom skuleåret 2020/2021 ikkje fekk den opplæringa dei har krav på etter lova. Det manglar opplæring til kompetansemåla i symjing. Det har ikkje vore leksehjelp og heller ikkje faget fysisk aktivitet. Kommunen oppfyller heller ikkje lærarnorma dette skuleåret, noko som har ramma tidleg innsats særleg hardt. Elevar har også gått glipp av opplæring i praktisk mat og helse.

Ei stor takk til både tilsette og skuleleiarar i skulane våre for det store arbeidet de legg ned for å levere gode tenester for barn og unge!

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 08/22	Giske kontrollutval	06.04.2022

Orienteringar

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringane til vitande.

Underliggende saker

01/22 Orientering om oppvekst - etter tilsyn

Saksframlegg

Saksnr. Utval
OS 01/22 Giske kontrollutval

Møtedato
06.04.2022

Orientering om oppvekst - etter tilsyn

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

Samandrag:

Kommunedirektøren er invitert til å gje kontrollutvalet ei orientering om korleis kommunen arbeider for å lukke avvik etter Statsforvaltaren sitt tilsyn innan oppvekstsektoren.

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 09/22	Giske kontrollutval	06.04.2022

Prosjektplan forvaltningsrevisjon Giske kommune

Tilråding til vedtak:

- Kontrollutvalet godkjenner plan for forvaltningsrevisjon ressursbruk i grunnskuleopplæringa - Giske kommune, med den framdriftsplan og ressursbruk som er skissert.
- Utvalet ber sekretariatet kvalitetssikre at dei moment som kom fram i møtet vert tatt inn i prosjektskissa.
- Kontrollutvalet ber om at forvaltningsrevisor held kontrollutvalet v/sekretariatet informert undervegs og at utvalet vert orientert om der er trong for vesentlege endringar i prosjektet.

Bakgrunn:

På kontrollutvalet sitt møte 09.02.2022 gjorde kontrollutvalet følgjande vedtak:

Giske kontrollutval bestiller ei skisse til prosjektplan for forvaltningsrevisjon 2022, innan ressursbruk i grunnskuleopplæringa.

Skissa må innehalde forslag til problemstillingar i tråd med kontrollutvalet sine innspel i dette møtet, overslag på bruk av ressursar og framdriftsplan.

Kontrollutvalet bed om at skissa vert lagt fram i kontrollutvalet sitt møte 6. april 2022.

Vurdering:

Vedlagt ligg eit forslag til prosjektskisse på forvaltningsrevisjon innan ressursbruk i grunnskuleopplæringa, frå forvaltningsrevisor i Møre og Romsdal revisjon SA.

På førre møte diskuterte kontrollutvalet ulike tilnærmingar til det området ein ynskjer forvaltningsrevisjon på. Bruk av spesialundervisning og ressursbruk i grunnskuleopplæringa var ei av tilnærmingane.

I etterkant av kontrollutvalet sitt møte har sekretariatet vorte gjort kjent med at Statsforvaltaren nyleg har gjennomført eit tilsyn knytt til spesialundervisning i Giske kommune. Rapporten frå dette tilsynet vert lagt fram for kontrollutvalet som referatsak/melding.

Kommunestyret fekk på sitt møte 17.03.2022 ei orientering frå administrasjonen om dei pålegg Statsforvaltaren har knytt til avvika i tilsynet. I same møte hadde kommunestyret ein tilstandsrapport for grunnskulane i Giske til politisk handsaming der dei tok rapporten til vitande. Denne rapporten vert også lagt fram for kontrollutvalet som referatsak/melding i dette møtet.

Kommunedirektøren er invitert til møtet 06.04.2022 for å gje kontrollutvalet ei orientering om oppvekstområdet.

Med dette som bakteppe skal så kontrollutvalet bestille ein forvaltningsrevisjon innan ressursbruk i grunnskuleopplæringa. Noko av det desse to rapportane inneheld, fangar opp ein del av dei tilnærmingane som kontrollutvalet diskuterte på sitt førre møte. Slik sekretariatet ser det så er det lite gunstig å sette i gang ein forvaltningsrevisjon med same tilnærming som desse rapportane har kasta lys over.

Sekretariatet har difor bede forvaltningsrevisor om å gjere ei dreining av tilnærminga slik at vi får ein forvaltningsrevisjon innan ressursbruk i grunnskuleopplæringa som gjev meirverdi for kommunestyret, uten at fokuset dreier seg om det som tilsynsrapporten og tilstandsrapporten allereie peikar på.

Med det som utgangspunkt så legg forvaltningsrevisor fram ei skisse til prosjektplan. Kontrollutvalet skal i møtet diskutere denne skissa og kan fortsatt kome med innspel om kva prosjektet skal gje svar på. Kontrollutvalet og forvaltningsrevisor bør vere samkøyrde om problemstillingane. Det er difor viktig at kontrollutvalet brukar tid på dette og sikrar at prosjektet blir gjennomført i samsvar med utvalet sine ynske. Problemstillingane dannar i stor grad ramma for datainnsamling, analyseperspektiv og kva resultat undersøkinga kan kome fram til. Kontrollutvalet bør vurdere om problemstillingane er godt nok formulerte, og om dei er i samsvar med utvalet sine intensjonar for undersøkinga.

Vedlegg

Prosjektplan forvaltningsrevisjon ressursbruk i grunnskuleopplæringa - Giske kommune
Stadfesting av oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor sitt sjølvstende - Giske kommune



PROSJEKTPLAN

GISKE KOMMUNE

Ressursbruk i grunnskoleopplæringa

Mars - 2022

BESTILLING

Giske kontrollutval gjorde følgende vedtak i sitt møte 09.02.2022 – i sak 04/22:

Giske kontrollutval bestiller ei skisse til prosjektplan for forvaltningsrevisjon 2022, innan ressursbruk i grunnskuleopplæringa. Skissa må innehalde forslag til problemstillingar i tråd med kontrollutvalet sine innspel i dette møtet, overslag på bruk av ressursar og framdriftsplan. Kontrollutvalet bed om at skissa vert lagt fram i kontrollutvalet sitt neste møte 6.april 2022.

BAKGRUNN

Barn og unge er eit viktig område i Giske kommune sin Handlings- og økonomiplan 2022-2025. Ein viktig del av dette arbeidet rettar seg mot arbeid som skal fange opp og redusere behovet for spesialundervisning i seinare skolegang. Statsforvaltar har hausten 2021 gjennomført tilsyn på tema spesialundervisning i kommunen, og kommunen har fått frist til 10. mai 2022 med å lukke avvik på området.

I kommunestyret sin sak 009/22 «Orienteringssak oppvekst, pålegg om retting av lærarnorm Giske ungdomsskole og Valderøy barneskule» blir det sagt følgjande:

«KS-konsulent er i gang med å vurdere den økonomiske fordelinga mellom skolane og vil også sjå på handlingsrommet skolen kan ha for å kunne samordne spesialundervisninga i større grad.»

Det er to pågåande arbeid knytt til område spesialundervisning i Giske kommune i 2022. I Tilstandsrapport for grunnskulen i Giske kommune – skuleåret 2020-21, står følgjande:

Manglande oppfyljing av lærarnormen har gått ut over tidleg innsats både i begynneropplæringa og på ungdomstrinnet, så det er grunn til å tru at dette har redusert læringsutbyttet til elevane.

Skolane skal sørge for at elevar på 1. til 4. årstrinn som står i fare for å bli hengande etter i lesing, skriving eller rekning, raskt skal få tilbod om intensiv opplæring, og er heimla i opplæringslova § 1-4. Slik intensiv opplæring er ein del av den ordinære opplæringa. Det er ein forutsetning at elevar som mottok intensiv opplæring ikkje skal ha avvik frå kompetansemåla i læreplanverket. Elevane skal bli i stand til å følgje den alminnelege progresjon i undervisninga gjennom den tidlege innsatsen på 1. til 4. årstrinn. Slik intensiv opplæring kan altså bidra til at elevar raskt skal få egna støtte og opplæring når problemet

oppstår, slik at problemet ikkje skal få moglegheit til å utvikle seg vidare til eit behov for spesialundervisning.

Dersom skolen ikkje innan rimeleg tid ser noko positive effekt av den intensive opplæringa som tilseier at eleven vil kunne følgje forventa progresjon, må skolen vurdere om det er behov for å endre opplegget, eller om eleven vil trenge spesialundervisning

I Giske kommune sin Tilstandsrapport for grunnskulen i Giske kommune – skuleåret 2020-21, blir det også skreve:

Dei økonomiske rammene har gjort at vi ikkje har oppfylt lærarnorma og at elevane ikkje har fått opplæring fullt ut etter lov og føresegn.

Ei forutsetning for at kravet om rask og egna intensiv opplæring skal fungere etter intensjonen, er at skolane har tilstrekkeleg med ressursar tilgjengeleg. Skolane må ha nødvendig kompetanse. Det kjem klart fram i opplæringslova § 10-1 om Krav om relevant kompetanse i undervisningsfag:

Den som skal tilsetjast i undervisningsstilling i grunnskolen og i den vidaregåande skolen, skal ha relevant fagleg og pedagogisk kompetanse.

Kommunen skal altså sørgje for å ha undervisningspersonale som oppfylle kompetansekrava for undervisning i grunnskulen. I tillegg må nødvendige lærarressursar stillast til rådighet for å kunne oppfylle loven sitt krav.

Det krevst også god kommunikasjon mellom den enkelte skolen og det ansvarlege nivået i kommunen for å kunne sørgje for at elevane sine rettar blir oppfylgde.

PROBLEMSTILLINGAR

- Tilbyr Giske kommune tilpassa opplæring i ordinær undervisning i tråd med opplæringslova og tilrådingar på området?
 - Har Giske kommune – både på skuleeigarnivå og på skulenivå, rutine for å sikre at elevane på 1.-4. trinn som står i fare for å bli hengande etter i lesing, skriving og rekning, får intensivopplæring?
 - Blir denne intensive opplæringa organisert etter regelverket?
 - Har skulane ein plan for foreldresamarbeid i slike saker?
 - Mottek elevane ved skulane i Giske kommune undervegs-vurdering i faga?
 - Gjennomfører kommunen dei overordna vurderingane av opplæringstilbodet som kommunen jamleg skal gjennomføre: utarbeiding

av årleg tilstandsrapport, gjennomføring av elevundersøkingar og deltaking i dei nasjonale prøvane, inkludert etterarbeid av slike, jf. § 13-3e i Opplæringslova? Blir elevane involvert i denne vurderinga?

- Har Giske kommune undervisningspersonale som oppfyller kompetansekrava for undervisning i grunnskulen?

KJELDER TIL REVISJONSKRITERIUM

Revisjonskriterium er krav eller forventningar som vi vurderer funna i undersøkinga opp mot. Revisjonskriterium skal vere grunnlagt i, eller greidd ut frå autoritative kjelder innan det reviderte området, som til dømes lover, føreskrifter, politiske vedtak, retningslinjer, mål, føringar med meir.

I dette prosjektet vil det vere naturleg å leggje følgjande hovudkjelder til grunn for å kunne utleie revisjonskriterium:

- Opplæringslova
- Forskrift til opplæringslova
- Rettleiar frå Utdanningsdirektoratet: «Intensivopplæring for elever frå 1.-4. trinn»
- Rettleiar frå Utdanningsdirektoratet: «Spesialundervisning»
- Overordna dokumenter knytt til Giske kommune sitt grunnskuleområde (til dømes oppvekstplan, skoleeigarstrategi og andre styringsdokument)
- Kvalitetsplan for oppvekst i Giske kommune 2018-2021
- Giske kommune sine prosedyre på området – både på skuleigarnivå og på skulenivå
- Tilstandsrapportar for grunnskolen i Giske for åra 2019, 2020 og 2021
- Utskrifter av resultat frå nasjonale prøver gjennomført på 5., 8. og 9. årstrinn i skoleårene 19/20 og 20/21.
- Prosedyre for etterarbeid med resultat av nasjonale prøver på ulike årstrinn
- Utskrifter av resultat frå gjennomførte elevundersøkingar 2019, 2020 og 2021.
- Giske kommune si rapportering til Grunnskolens Informasjonssystem (GSI) 2019, 2020 og 2021

I opplæringslova § 1-4 står det:

På 1. til 4. årstrinn skal skolen sørgje for at elevar som står i fare for å bli hengande etter i lesing, skrivning eller rekning, raskt får eigna intensiv opplæring slik at forventa

progresjon blir nådd. Om omsynet til eleven sitt beste talar for det, kan den intensive opplæringa i ein kort periode givast som eineundervisning.

Ferdigheiter i lesing, skriving og rekning er viktig for den framtidige læringa og meistringa til eleven. Disse ferdigheitene er viktige seinare i arbeids- og samfunnslivet. Dersom det ikkje blir satt i verk tiltak tidleg i opplæringsløpet, blir forskjellane i læringsutbytte mellom elevane forsterka – og dei blir større utover i opplæringsløpet. God og kompetent hjelp så tidleg som mogleg vil vere god ressursutnytting.

Intensiv opplæring er meint å vere ein del av den ordinære tilpassa opplæringa. Det skal vere ein kortvarig og målretta innsats frå skulen i lesing, skriving eller rekning for elevane som har behov for det. Målet er at elever som treng det, raskt skal få egna støtte og oppfølging slik at problema ikkje får moglegheit til å utvikle og forsterke seg vidare i opplæringsløpet.

Om intensivopplæringa blir organisert som eineundervisning, skal eleven gi sitt syn på saken, jf. barnekonvensjonen art. 3 at eit barn som er i stand til å danne seg egne synspunkt, skal ha rett til å gje uttrykk for synspunkta i alle forhold som gjelder barnet. Synspunkta til barnet skal bli tillagt vekt i samsvar med alder og modnad.

Eit viktig verkemiddel for å fremme læring og tilpasse opplæringa, er undervegsvurdering, jf. forskrift til opplæringslova § 3-10 første ledd. Av forskrift til opplæringslova § 3-2 første ledd følger det at alle elever har rett til slik vurdering. Vurderinga kan formidlast munnleg eller skriftleg, og den skal brukst til å vurdere om den einskilde elev har tilfredsstillande utbytte av opplæringa/undervisninga.

Opplæringa i grunnskolen skal, jf. forskrift til opplæringslova § 1-1, vere i samsvar med Kunnskapsløftet 2020. Læreplanverket skal styre innhaldet i opplæringa og består av:

- ein overordna del
- plan for fag- og timefordeling
- læreplanar for det enkelte fag

I den overordna delen av Læreplanverket er tilpassa opplæring eit grunnleggjande prinsipp som skal vere styrande for skolane sin praksis. I læreplanane for de enkelte fag inngår blant anna kompetansemål knytt til det enkelte trinn. Gjennom opplæringslova § 13-3e skal kommunen sørgje for at skolane jamleg vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsett i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Elevane skal involverast i denne vurderinga. Det overordna ansvaret for at den type vurderingar som opplæringslova § 13-3e føreskriv, blir gjennomført, er etter kommunelova § 25-1 kommunedirektøren sitt ansvar.

I opplæringslova § 10-1 står det at den som skal tilsettest i undervisningsstilling i grunnskulen, skal ha relevant fagleg og pedagogisk kompetanse. Av § 10-2 følgjer det at tilsette som skal undervise, må ha relevant kompetanse i dei faga de skal undervise i. Det følgjer av same bestemming, tredje ledd, at kravet om relevant kompetanse ikkje gjeld for undervisningspersonale som er tilsett på vilkår om at dei fullfører relevant utdanning (som føre til at dei oppfylle kompetansekrav forbundet med stillinga).

For småtrinnet (1.-4. trinn) og mellomtrinnet (5.-7. trinn) ligg det føre det bestemte krav om universitets- eller høgskoleutdanning (førskolelærar, barnehagelærar, grunnskolelærar mv.) av eit visst omfang. For undervisning i norsk, samisk, norsk teiknspråk, matematikk eller engelsk er det med enkelte unntak, krav om minimum 30 studiepoeng (tilsvarande eit halvt års fulltidsstudium) med direkte relevans for faget/faga den enkelte underviser i.

METODE

Intervju med tilsette i kommunen (Kommunalsjef oppvekst, Rektor Giske skule, Rektor Godøy skule, Rektor Valderøy barneskule og Rektor Vigra skule).

Dokumentanalyse:

Ved vurdering av undervegs-vurdering, vil revisor foreta eit utval for stikkprøvar. Revisor vil be rektor å velje namn frå klasseliste og be om å få sjå eventuell dokumentasjon på undervegs-vurderingar av desse - med bakgrunn i rektor sin beskriving av skolen sin vurderingspraksis. Resultata frå slike stikkprøver gir ikkje grunnlag for sikker «generalisering» frå dei aktuelle elevane til alle skolens elevar. Tatt i betraktning at representantar frå skolane får styre utvalet av elevar vurderingsarbeidet skulle dokumenterast for, vil likevel resultata av stikkprøvene gi indikasjonar på om skolane generelt gir elevane undervegs-vurderingar.

Dei meir overordna vurderingane av grunnskuletilbodet sin kvalitet, vil vere basert på samtale med rektor samt dokumentanalyse av fleire relevante dokument, jf. kjelde til revisjonskriterier.

Forvaltningsrevisjonen utførast i høve til god kommunal revisjonsskikk. Gjeldande standard for forvaltningsrevisjon er RSK 001 utarbeida av Norges Kommunerevisorforbund.

PROSJEKTGRUPPE OG TIMEANSLAG

NAVN	TITTEL
Kurt Løvoll	Oppdragsansvarleg
Anne Kristin Bryne	Forvaltningsrevisor

Vi anslår at prosjektet kan gjennomførast på 275 timer. Timeanslaget inneheld utarbeiding av avgrensa og spissa problemstillingar ut frå prosjektplan, datainnsamling og analyse, samt utarbeiding og kvalitetssikring av rapport. Estimert timebruk omfattar også presentasjon av ferdig rapport for kontrollutvalet.

FRAMDRIFTSPLAN

AKTIVITET	PLANLAGD UTFØRT
Prosjektplan i kontrollutvalet	06.04.2022
Oppstartsbrev og møte med kommunedirektør	April 2022
Datainnsamling	Mai - juni 2022
Arbeid med rapport	August 2022
Høyringsperiode	September 2022
Planlagt levert ferdig rapport	15.10.2022

For å kunne gjennomføre prosjektet innan fristen og med stipulert timebruk er det nødvendig at kommunen sender over etterspurt dokumentasjon innan dei fristar som blir satt. I tillegg er vi avhengig av at utvalde personar stiller til intervju og verifiserer referat innan rimeleg tid.

UAVHENGIGHEIT

Som vedlegg ligg erklæring om uavhengigheit frå oppdragsansvarleg revisor. Oppdragsansvarleg revisor har henta inn tilsvarande erklæringar frå revisjonsteamet, og har også ansvar for å gjere dette dersom det blir nødvendig at andre i Møre og Romsdal Revisjon SA blir involvert i arbeidet.

SJEKKLISTE FOR UAVHENGIGHET

RESSURSBRUK GRUNNSKULE – GISKE KOMMUNE

Kommuneloven § 24-4 samt forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 16-19	Eventuell merknad
Revisor kan ikke utføre revisjon eller annen kontroll for kommunen eller fylkeskommunen hvis det foreligger særegne forhold som er egnet til å svekke tilliten til revisorens uavhengighet og objektivitet.	
Revisor kan ikke utføre revisjon eller annen kontroll for kommunen eller fylkeskommunen hvis revisoren eller revisorens nærstående ¹ har en slik tilknytning til den reviderte eller kontrollerte virksomheten eller virksomhetens ansatte eller tillitsmenn at den er egnet til å svekke revisorens uavhengighet og objektivitet.	
Revisor kan ikke ha andre stillinger i kommunen eller fylkeskommunen	
Revisor kan ikke ha andre stillinger i en virksomhet som kommunen eller fylkeskommunen deltar i eller er eier av	
Revisor kan ikke være medlem av styrende organer i en virksomhet som kommunen eller fylkeskommunen deltar i eller er eier av ² .	
Revisor kan ikke delta i eller ha funksjoner i en annen virksomhet, hvis det kan føre til at revisorens interesser kommer i konflikt med interessene til kommunen eller fylkeskommunen, eller på annen måte er egnet til å svekke tilliten til revisoren	
Revisor kan ikke utføre rådgivningstjenester eller andre tjenester for kommunen eller fylkeskommunen, hvis dette er egnet til å svekke revisorens uavhengighet og objektivitet	
Revisor kan ikke yte tjenester som hører inn under den reviderte virksomhetens egne ledelses- og kontrolloppgaver	
Revisor kan ikke opptre som fullmektig for den reviderte virksomheten, unntatt ved bistand i skattesaker etter domstolsloven § 218.	

¹ Nærstående etter første ledd er:

- a) revisorens ektefelle eller samboer og deres søsken
- b) revisorens slektninger i rett oppstigende eller nedstigende linje og deres ektefeller eller samboere
- c) revisorens søsken og deres ektefeller eller samboere
- d) slektninger i rett oppstigende eller nedstigende linje til revisorens ektefelle eller samboer.

² Dette gjelder ikke hvis virksomheten utfører revisjon og er organisert som et interkommunalt selskap, samvirkeforetak eller aksjeselskap

UAVHENGIGHETSERKLÆRING

I forbindelse med arbeidet med forvaltningsrevisjonen


RESSURSBRUK GRUNNSKULE – GISKE KOMMUNE

kjenner jeg ikke til slektsforhold eller andre familiære forhold som medfører at det kan stilles spørsmål ved min uavhengighet eller objektivitet.

Jeg kjenner heller ikke til andre forhold som medfører at det kan stilles spørsmål ved min uavhengighet eller objektivitet.

Jeg forplikter meg til å informere ledelsen ved revisjonen dersom det underveis i prosjektet skulle oppstå situasjoner som medfører at det kan stilles spørsmål ved min uavhengighet eller objektivitet.

Ålesund, 29.03.2022



Kurt Løvoll

Oppdragsansvarlig revisor

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 10/22 Giske kontrollutval

Møtedato
06.04.2022

Folkevalde organ i Giske kommune

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet gjer kommunestyret merksam på at kapittel 10 i Reglement for folkevalde organ i Giske kommune kan ha den konsekvens at samansetninga av teknisk utval ikkje fyller kommunelova sine krav til kjønnsbalanse.

Bakgrunn:

I kapittel 7 i kommunelova er det omtalt korleis eit val til folkevalde organ skal gå føre seg. Det skal enten vere ved avtaleval eller ved høvetalsval (forholdsval). Kommunalova §§ 7-5, 7-6 og 7-7 har bestemmelsar om kjønnsrepresentasjon som gjeld ved val etter kommunelova. Dersom det vert brukt høvetalsval så er det krav til kjønnsbalanse på kvar enkelt liste og ikkje i sjølve utvalet. Det kan då føre til at der ikkje er kjønnsbalanse i utvalet når det er valt. Jf. koml. 7-5. Ved avtaleval gjeld kravet til kjønnsbalanse i sjølve utvalet. Når det gjeld val til folkevalde organ som etter lov kun skal bestå av kommunestyret sine medlemmer, så skal reglane om kjønnsbalanse følgjast så langt det er mogeleg. Jf. kommunelova § 7-5, andre ledd.

Kontrollutvalsekretariatet har vorte gjort merksam på at eit utval i Giske kommune kanskje ikkje er lovleg sett saman med tanke på krav til kjønnsbalanse. Det gjeld teknisk utval som består av 7 medlemmer, derav ei kvinne og seks menn.

Når ein i samband med det har sett på kva folkevalde organ Giske kommune har, så finn ein også at kommunestyret har oppnevnt to nemnder som ikkje er heimla i særlov. Det er landbruksnemnd og viltneemnd.

Vurdering:

Kommunalova § 5-7 har føresegner om kva folkevalde organ som ein kommune kan opprette. Nemnder er no ikkje eit folkevald organ etter ny kommunelov med mindre det er heimla i særlov. Giske kommune har i dag to nemnder som ikkje er heimla i særlov, nemleg landbruksnemnda og viltneemnda. Kommunestyret kan vurdere å gjere desse om til utval slik at dei følgjer kommunelova sine føresegner.

Giske kommune har vedteke eige reglement for folkevalde organ. I kapittel 10 Reglement for diverse utval finn vi følgjande i §1, andre ledd: *"Utvala har 7 medlemmer kvar valde av kommunestyret mellom kommunestyret sine medlemmer.*

Det skal veljast varamedlemmer til utvala mellom medlemmene og/eller varamedlemmene til kommunestyret. Varamedlemmer til kommunestyret kan også veljast som medlem når det er nødvendig for å oppnå kjønnsmessig balanse og/eller for å ivareta omsynet til ei rimeleg fordeling av verva i dei 2 utvala mellom kommunestyret sine medlemmer. Minst 1 av medlemmene i kvart utval skal samtidig vere medlem av formannskapet. Tilsvarende gjeld som hovudregel også varamedlemmene for desse."

Dette er ei innsnevring av dei føresegner som kommunelova gjev. Denne innsnevringa betyr i praksis at når teknisk utval i Giske kommune vart valgt ved høvetalsval med utgangspunkt i lister med kommunestyremedlemmer/varamedlemmer, så er det ikkje mulig å oppnå kjønnsbalanse dersom eit parti ikkje er representert i kommunestyret med begge kjønn.

Giske kommunestyre vedtok val av teknisk utval i sak 076/19, møte 16.10.2019. (sjå vedlegg) I følge møteprotokollen vart valet gjennomført som høvetalsval. Ved høvetalsval er kravet til kjønnsbalanse knytt til listene og ikkje til utvalet. Ei av listene fylte ikkje kravet til kjønnsbalanse då den kun hadde representanter med samme kjønn. Jf. Koml 7-5. Det kan sjå ut som om det er kun kommunestyret sine medlemmar og varamedlemmer som står på listene, og det forklarar at kjønnsbalansen ikkje er mogeleg å fylle.

Det som då kan vere det springande punktet er om teknisk utval er eit folkevald organ som etter lov kun skal bestå av kommunestyret sine medlemmer, slik Giske kommune har nedfelt i sitt reglement for folkevalde organ. Om svaret på det er negativt, bør kanskje Giske kommune vurdere å revidere sitt eige reglement for folkevalde organ slik at det stemmer med kommunelova. Og at dei folkevalde organa så vert oppnevnt i tråd med revidert reglement?

Og dersom det er så at der ikkje er noko lov som seier at teknisk utval skal oppnemnast kun blant kommunestyret sine medlemmer og varamedlemmer, så bør kommunestyret sjå nærare på om utvalet er lovleg sett saman med tanke på kjønnsbalanse.

Jan Fridthjof Bernt skriv i sin kommentar til kommunelova sin § 7-5 følgjande: *"Hvis et valg er gjennomført på grunnlag av lister som ikke oppfyller lovens krav, og dette har fått konsekvenser for sammensetningen av vedkommende folkevalgt organ, må det holdes fullt omvalg der alle listene er lovlige."*

Kontrollutvalet si oppgåve er å peike på det når kommunestyret har gjort vedtak som kan vere lovstridige. Det er kommunestyret som må vurdere korleis dei vil følge opp det kontrollutvalet peikar på.

I saker som skal oversendast kommunestyret skal kommunedirektøren ha høve til å uttale seg før kontrollutvalet behandlar saka. Jf. Koml. § 23-5. Saksframlegget er lagt fram for kommunedirektøren som ikkje hadde noko merknad.

Vedlegg

Sak 076-19 Giske kommunestyre

Reglement for kommunale organ i Giske kommune



SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr
Giske kommunestyre	16.10.2019	076/19

Val av teknisk utval 2019 - 2023

Innstilling:

Saka blir lagt fram utan innstilling.

16.10.2019 Giske kommunestyre

Det vart innlevert følgjande lister:

Kristeleg Folkeparti:

Marit G. Alnes
Sigvald Louis Sæther
Svein Kåre Aarseth
Nina Mildrid Sæther
Anders Bjørnerem
Renate Giske

Høgre:

Knut Egil Nordstrand
Bjarne Fjærli
Kirsti Hammerø
Terje Molnes

Arbeiderpartiet:

Roar Dyb Sandnes
Irene Folland
Oddbjørn Gjøsund
Trine Sande Tovik
Joakim Giske

Senterpartiet:

Samund Rørvik
John Helge Giske
Eva Hjelvik

Fremskrittspartiet:

Geir-Arne Dyb
Roger Solem
Olav Asgeir Giske
Steinar Holm

Tverrpolitisk liste for Giske:

Kolbjørn Rørstad
Barbro Dyb
Otto Stornes

Valet vart gjennomført som forholdstalsval.

Desse vart valde til teljekorps: Sigvald Sæther, Louise Haahjem og Samund Rørvik.
Sekretær: Karin Veia Sæther.

Oppteljinga viste 23 røyster som fordelte seg slik, og gir følgjande medlemstal:

Kristeleg Folkeparti: 6 røyster = 2 medlemmer

Høgre: 5 røyster = 1 medlem

Arbeiderpartiet: 3 røyster = 1 medlem

Senterpartiet: 3 røyster = 1 medlem

Fremskrittspartiet: 3 røyster = 1 medlem

Tverrpolitisk: 3 røyster = 1 medlem

Marit G. Alnes vart samrøystes valt til leiar.

Knut Egil Nordstrand vart samrøystes valt til nestleiar.

K- 076/19 Vedtak:

Giske kommunestyre valde følgjande medlemmer og varamedlemmer i teknisk utval for 2019 - 2023:

Medlemmer:**Kristeleg Folkeparti:**

Marit G. Alnes
Sigvald Louis Sæther

Varamedlemmer:

- 1) Svein Kåre Aarseth
- 2) Nina Mildrid Sæther
- 3) Anders Bjørnerem
- 4) Renate Giske

Høgre:

Knut Egil Nordstrand

- 1) Bjarne Fjærli
- 2) Kirsti Hammerø
- 3) Terje Molnes

Arbeidarpartiet:

Roar Dyb-Sandnes

- 1) Irene Folland
- 2) Oddbjørn Gjøsund
- 3) Trine Sande Tovik
- 4) Joakim Giske

Senterpartiet:

Samund Rørvik

- 1) John Helge Giske
- 2) Eva Hjelvik

Fremskrittspartiet:

Geir Arne Dyb

- 1) Roger Solem
- 2) Olav Asgeir Giske
- 3) Steinar Holm

Tverrpolitisk liste for Giske:

Kolbjørn Rørstad

- 1) Barbro Dyb
- 2) Otto Stornes

Leiar: Marit G. Alnes

Nestleiar: Knut Egil Nordstrand

Saksutgreiing:

Teknisk utval skal ha 7 medlemmer og varamedlemmer valde av kommunestyret mellom medlemmene og/eller varamedlemmene til kommunestyret. Minst 1 av medlemmene i utvalet skal samtidig vere medlem av formannskapet. Tilsvarande gjeld som hovudregel også varamedlemmen for denne. Valet gjeld for 4 år. Kvart kjønn skal så langt som mogleg vere representert med minst 3 medlemmer. Kommunestyret vel leiar og nestleiar.

Heimelsgrunnlaget

§ 5-7 i ny kommunelov.

Økonomiske konsekvensar:**Vurdering:**

Vedteke av kommunestyret	Saknr 078/16	Dato 17.11.2016	Side 1 av 44 sider
Sist revidert			

REGLEMENTSAMLING FOR DIVERSE FOLKEVALDE ORGAN / ANDRE KOMMUNALE ORGAN I GISKE KOMMUNE

Til [Lovdata](#)

INNHALD

1.	POLITISK ORGANISERING	2
2.	REGLEMENT FOR MEDLEMMER AV KOMMUNALE ORGAN SIN INNSYNSRETT	4
3.	REGLEMENT FOR KOMMUNESTYRET	6
4.	REGLEMENT FOR FORMANNSKAPET	18
5.	REGLEMENT FOR ARBEIDSMILJØUTVALET	22
6.	REGLEMENT FOR ELDRERÅDET	25
7.	REGLEMENT FOR RÅDET FOR PERSONAR MED FUNKSJONSNEDESETTING	28
8.	REGLEMENT FOR KONTROLLUTVALET	31
9.	REGLEMENT FOR PARTSAMANSETT UTVAL (ADMINISTRASJONSUTVALET)	34
10.	REGLEMENT FOR DIVERSE UTVAL.....	37
11.	REGLEMENT FOR SKATTETAKSTNEMND (SAKKUNNIG NEMND) OG OVERSKATTETAKSTNEMND (SAKKUNNIG KLAGENEMND)	41

INTERNKONTROLL I GISKE KOMMUNE – DIV. REGLEMENT FOR FOLKEVALDE ORGAN

Vedteke av kommunestyret	Saknr 078/16	Dato 17.11.2016	Side 2 av 44 sider
Sist revidert			

1. POLITISK ORGANISERING

[Til framsida](#)

POLITISK HOVUDSTRUKTUR:



I Giske kommune er det pr. i dag flg. **folkevalde organ** etter kommunel. § 5-1, 2. ledd, bokstav a) – k):

- **Kommunestyret** – jf. bokstav a)
- **Formannskapet** – jf. bokstav b)
- **Forhandlingsutval i personalsaker** – jf. bokstav e)
- **Kontrollutval** - jf. bokstav d)
- **Livsløpsutvalet** – jf. bokstav d)
- **Teknisk utval**- jf. bokstav d)
- **Arbeidsmiljøutval** – jf. bokstav k)
- **Skattetakstnemnd** (sakkunnig nemnd) – jf. bokstav k)
- **Overskattetakstnemnd** (sakkunnig klagenemnd) – jf. bokstav k)

Giske kommunestyre har 23 medlemmer m/varamedlemmer. **Formannskapet, livsløpsutvalet og teknisk utval** har alle 7 medlemmer m/varamedlemmer. **Forhandlingsutvalet i personalsaker** er eit arbeidsutval oppnemnt av og mellom formannskapet sine medlemmer. Utvalet har 3 medlemmer m/varamedlemmer. **Kontrollutvalet** har 5 medlemmer m/varamedlemmer. **Arbeidsmiljøutvalet** har 10 medlemmer m/varamedlemmer. **Skattetakstnemnda og overskattetakstnemnda** har begge 3 medlemmer m/varamedlemmer.

I tillegg kjem flg. **andre kommunale organ** etter kommunel. § 5-2, 2. ledd, bokstav a) - e):

- **Barnas og ungdomens kommunestyre (BUKS)** – jf. bokstav e)

INTERNKONTROLL I GISKE KOMMUNE – DIV. REGLEMENT FOR FOLKEVALDE ORGAN

Vedteke av kommunestyret	Saknr 078/16	Dato 17.11.2016	Side 3 av 44 sider
Sist revidert			

- Råd for personar med nedsett funksjonsevne – *jf. bokstav e)*
- Eldrerådet – *jf. bokstav e)*
- Partsamansett utval – *jf. bokstav a)*

BUKS er sett saman av ein representant frå kvar klasse frå 7. og til 1. vidaregåande. Sistnemnde blir med eitt år etter deivart vald i 10. klasse på ungdomsskulen. Det velgast personlege vararepresentantar. **Eldrerådet** og **rådet for personar med nedsett funksjonsevne** har begge 6 medlemmer m/varamedlemmer. **Partsamansett uval** har 9 medlemmer m/varamedlemmer.

For utval o.a. som ikkje har eigne reglement, gjeld kommunestyret sitt reglement så langt det høver og ikkje noko anna er sagt. **BUKS** har eige reglement/vedtekter som ikkje er tatt inn i denne samlinga – sjå k.sak 026/17.

Reglementsamlinga er utarbeidd med heimel i kommunel. § 5-13.

Vedteke av kommunestyret	Saknr 078/16	Dato 17.11.2016	Side 4 av 44 sider
Sist revidert			

2. REGLEMENT FOR MEDLEMMER AV KOMMUNALE ORGAN SIN INNSYNSRETT

[Til framsida](#)

Reglementet er utarbeidd med utgangspunkt i kommunelova § 11-13. Ved ev. motstrid mellom reglementet og lova, gjeld reglane i lova føre reglane i dette reglementet.

§ 1. INNSYNSRETT I SAKSDOKUMENT FOR KOMMUNESTYRET OG ANDRE KOMMUNALE ORGAN

Kommunestyret har som overordna organ for heile den kommunale forvaltninga, rett til innsyn i alle kommunale saksdokument med dei presiseringar mv. som følgjer nedanfor – *jf. kommunelova § 11-13, 1. ledd, 1. setn.*

Formannskapet, utval og andre folkevalde organ har innsynsrett i alle saksdokument som omfattar dei delane av kommunen si verksemd som ligg innanfor organet sitt verkeområde – *jf. kommunelova § 11-13, 1. ledd, 2. setn.*

Folkevalde organ kan berre få innsyn i saksdokument som er underlagt teieplikt, når det er nødvendig for behandlinga av ei konkret sak i organet, og forvaltningslova 13 b), 1. ledd, gir heimel for å fråvike teieplikta – *jf. kommunelova 11-13, 2. ledd.*

§ 2. VEDTAK OM INNSYN

Alle medlemmer og varamedlemmer i folkevalde organ har rett til innsyn i dokumenta i saker som vert handsama i vedkomande organ.

Vedtak om innsyn i saksdokument som ikkje er underlagt teieplikt, må treffast med minst tre stemmer eller med fleirtal av dei avgjevne stemmene – *jf. kommunelova § 11-13, 3. ledd, 1. setn.*

Vedtak om innsyn i saksdokument som er underlagt teieplikt, må treffast med eit fleirtal av dei avgjevne stemmene – *jf. kommunelova § 11-13, 3. ledd, 2. setn.*

Folkevalde / medlemmer av folkevalde organ pliktar å teie om opplysningar i dokument dei får innsyn i når desse er underlagde teieplikt eller det er gjort unntak frå offentleg innsyn etterreglane i offentleglova – *jf. offentleglova kap. 3*. Medlemmene av folkevalde organ bør underteikne erklæring om teieplikt når dei får innsyn i dokument underlagde teieplikt.

Når ei sak vert handsama for stengde dører, skal det ikkje orienterast eller refererast frå forhandlingane utan at vedkomande folkevalgte organ har vedtatt noko anna – *jf. kommunelova § 11-5*.

INTERNKONTROLL I GISKE KOMMUNE – DIV. REGLEMENT FOR FOLKEVALDE ORGAN

Vedteke av kommunestyret	Saknr 078/16	Dato 17.11.2016	Side 5 av 44 sider
Sist revidert			

§ 3. TIDSPUNKT FOR RETT TIL INNSYN

Retten til innsyn inntreer når saka er utsend til politisk behandling – *jf. kommunelova § 11-13, 5. ledd, 1. setn.* Som ein del av saksframstillinga skal det gå fram ei oversikt over alle dokument som er innsende, innhenta eller utarbeidde i tilknytning til saka. Dette siste gjeld likevel ikkje interne arbeidsdokument frå adminstrasjonen.

For saker som vert avgjorde av kommunedirektøren, gjeld retten til innsyn først frå det tidspunktet saka er ferdig behandla – *jf. kommunelova 11-13, 5. ledd, 2. setn.*

§ 4. FRAMGANGSMÅTEN VED KRAV OM INNSYN – TILHØVET TIL ADMINISTRASJONEN

Førespurnad om innsyn i saksdokument skal rettast til kommunedirektøren. Når det gjeld førespurnad til kommunedirektøren i saker som er under behandling, skal det orienterast om saksgang, tidsplan mv.

Vedteke av kommunestyret	Saknr 078/16	Dato 17.11.2016	Side 6 av 44 sider
Sist revidert			

3. REGLEMENT FOR KOMMUNESTYRET

[Til framsida](#)

§ 1. VAL OG SAMANSETJING M.M.

Kommunestyret har 23 medlemmer m/varamedlemmer som er valde av dei innbyggjarane i kommunen som har lovfesta røysterett – jf. kommunel. § 5-5, 1. og 2. ledd, bokstav b) og [vallova § 2-2](#).

Reglar om kven som kan veljast / er pliktig til å ta imot val, går fram av [vallova §§ 3-3 og 3-4](#) – jf. kommunelova § 7-2.

Kommunestyret vel blant formannskapet sine medlemmer ein ordførar og ein varaordførar for heile perioden – jf. kommunelova §§ 6-1, 6-2 og 7-1.

Reglar om å gå ut av kommunestyret, fritak, opprykk, nyval, suspensjon mv. går fram av [kommunelova §§ 7-9, 7-10 og 7-11](#).

§ 2. ANSVARSOMRÅDE

Kommunestyret er det øvste politiske organet i Giske kommune med overordna ansvar for heile den kommunale verksemda. Kommunestyret skal velje satsingsområde og prioritere tiltak. Kommunestyret treffer vedtak på vegner av kommunen så langt ikkje anna følgjer av lov eller delegeringsvedtak – jf. kommunelova § 5-3. Kva kommunestyret har delegert til andre organ/kommunedirektøren å avgjere, går fram av [kommunen sitt delegeringsreglement](#).

§ 3. FØREBUING AV SAKER

Saksførebuinga i Giske kommune skal byggje på prinsippet om fullført sakshandsaming.

Det er kommundirektøren sitt ansvar å sjå til at sakene som vert lagde fram for folkevalde organ er tilfredsstillande utgreidde og at utgreiingane gir eit faktisk og rettsleg grunnlag for å treffe vedtak – jf. kommunelova § 13-1, 3. ledd.

I alle saker som vert lagde fram for kommunestyret, skal det vere ei tilråding (forslag til vedtak) eller ein uttale frå dei folkevalde organa som tidlegare har handsama sakene. Kommunedirektøren har innstillingsplikt i sakene når dei blir lagde fram for desse organa. Dette gjeld likevel ikkje valsaker og liknande saker av rein politisk karakter. Kommunedirektøren si innstilling skal følgje sakene til kommunestyret.

§ 4. TILRÅDINGSRETT/UTTALERETT

Følgjande organ har tilrådingsrett/uttalerett innanfor sine ansvarsområde i saker som skal til

INTERNKONTROLL I GISKE KOMMUNE – DIV. REGLEMENT FOR FOLKEVALDE ORGAN

Vedteke av kommunestyret	Saknr 078/16	Dato 17.11.2016	Side 7 av 44 sider
Sist revidert			

handsaming i kommunestyret:

- 1) Arbeidsmiljøutvalet
- 2) Barnas og ungdommens kommunestyre (BUKS)
- 3) Eldrerådet
- 4) Formannskapet
- 5) Livsløpsutvalet
- 6) Teknisk utval
- 7) Kontrollutvalet
- 8) Partsamansett utval
- 9) Rådet for personar med nedsett funksjonsevne
- 10) Skattetakstnemnd
- 11) Valnemnda

§ 5. FASTSETJING AV MØTE – INNKALLING – SAKLISTE – KUNNGJERING

Kommunestyret vedtek eigen møteplan. Møte vert elles halde når ordføraren finn det nødvendig, eller når minst 1/3 av medlemmene i kommunestyret krev det – *jf. kommunel. § 11-2.*

Innkalling til møte skal skje digitalt med ein frist på minst 7 dagar, møtedagen medrekna. Innkallinga skal sendast medlemmene og andre med møterett – *jf. kommunel. § 11-3.*

Ordføraren set opp saklista. Innkallinga skal innehalde opplysningar om tid og stad for møtet og ei liste over dei sakene som skal handsamast, samt dokumenta i sakene – *jf. kommunel. § 11-3, 1. ledd.* Saksdokumenta skal vere tilgjengelege digitalt på kommunen sine internettsider, politikarportalen eller liknande.

Møta skal kunngjerast / gjerast offentleg kjende på kommunen sine internettsider og/eller på annan føremålstenleg måte – *jf. kommunel. § 11-3, 2. ledd.*

Når det gjeld fristar for kunngjering/utlegging til offentleg ettersyn av formannskapet si innstilling til økonomiplan og årsbudsjett, gjeld reglane i *kommunel. § 14-3.*

Samstundes med at innkallinga vert send ut, blir alle dokumenta i sakene lagde ut til offentleg ettersyn på kommunen sine internettsider eller liknande. Dette gjeld likevel ikkje dokument som ikkje er offentlege etter offentleglova eller anna lov – *jf. kommunelova § 11-3, 3. ledd.*

§ 6. FORFALL – VARAMEDLEMMER

Forfall skal meldast til ordføraren, ev. til servicekontoret, snarast med opplysningar om forfallsgrunn. Ordføraren/servicekontoret kallar straks inn varamedlem etter reglane i *kommunel. § 7-10, 1. ledd.*

Medlem som må fråtre forhandlingane før møtet er slutt, melder straks frå til møteleiar. Tilkalla varamedlem tiltrer då forhandlingane i hans/hennar stad.

INTERNKONTROLL I GISKE KOMMUNE – DIV. REGLEMENT FOR FOLKEVALDE ORGAN

Vedteke av kommunestyret	Saknr 078/16	Dato 17.11.2016	Side 8 av 44 sider
Sist revidert			

Medlem/varamedlem som kjem til under møtet, melder frå til møteleiaren før han/ho tek plass i forsamlinga. Dersom ei sak er teken opp til endeleg votering, skal han/ho ikkje ta plass før voteringa er over.

Varamedlem som lovleg har teke plass i forsamlinga, tek del i møtet inntil den saka som er under handsaming er ferdig handsama. Dette gjeld sjølv om den medlemmen som han/ho vikarierer for, eller den varamedlem som i nummerorden står føre han/ho, innfinn seg før saka er ferdig handsama.

§ 7. MØTELEIAR – OPNE ELLER STENGDE DØRER – TEIEPLIKT

Møta vert leia av ordføraren, eller av varaordføraren når ordføraren har forfall – *jf. [kommunel. §§ 6-1 og 6-2, 4. ledd](#)*. Har begge desse forfall, skal det veljast ein særskild møteleiare ved fleirtalsval – *jf. [kommunel. § 11-2, 3. ledd](#)*.

Møta vert haldne for **opne dører** – *jf. [komml. § 11-5, 1. ledd](#)*. Forsamlinga **skal** vedta å **lukke** møtet når det skal handsame ei sak som er underlagd **lovbestemt teieplikt**, eller som vedkjem ein arbeidstakar sitt tenesteforhold (**personalsak**) – *jf. [komml. § 11-5, 2. ledd](#)*. Reglane om teieplikt går m.a. fram av [forvaltningsl. §§ 13 flg.](#) Forsamlinga **kan** elles vedta å **lukke** eit møte med heimel i [komml. § 11-5, 3. ledd](#).

Møteleiare, eller forsamlinga med alminneleg fleirtal, kan bestemme at **drøftingane** om ei sak skal handsamast for opne eller lukka dører skal skje for lukka dører. **Voteringa** skal likevel alltid skje for opne dører – *jf. [kommunel. § 11-5, 5. ledd](#)*.

Vedtak om at eit møte skal haldast for lukka dører, skal førast i møteprotokollen saman med heimelen for vedtaket – *jf. [kommunelova § 11-4, 2. ledd](#)*.

Vert det vedteke å handsame ei sak for lukka dører, pliktar medlemmene og andre som er til stades å teie om forhandlingane og dei vedtaka som vert gjorde. Teieplikta gjeld til noko anna er vedteke, eller til teieplikta av andre årsaker har falle bort – *jf. [forvaltningslova §§ 13 flg.](#)*

På oppmoding skal møteleiaren gje løyve til at det vert gjort opptak av eller overført lyd eller bilete frå opne møte, såframt dette ikkje verkar forstyrrande på gjennomføringa av møta – *jf. [kommunel. § 11-6](#)*.

§ 8. KVEN ANDRE ENN KOMMUNESTYRET SINE MEDLEMMER TEK DEL I MØTA

Kommunedirektøren har **møteplikt og talerett**, personleg eller ved ein av sine underordna i alle av kommunestyret sine møte – *jf. [kommunelova § 13-1, 5. ledd](#)*. Andre tilsette kan få uttale seg i saker som fell inn under deira saks-/ansvarsområde i den grad kommunedirektøren finn det tenleg / ber om det.

Særlege sakkunnige tek del når ordføraren, kommunedirektøren eller kommunestyret med alminneleg fleirtal kallar dei inn. Desse kan gje opplysningar og utgreingar om saker som er til

INTERNKONTROLL I GISKE KOMMUNE – DIV. REGLEMENT FOR FOLKEVALDE ORGAN

Vedteke av kommunestyret	Saknr 078/16	Dato 17.11.2016	Side 9 av 44 sider
Sist revidert			

handsaming, men har elles ikkje høve til å ta del i forhandlingane.

§ 9. MØTET VERT SETT

Til fastsett tid tek møteleiaren namneoppnop. Er **minst halvparten** av medlemmene, inkl. varamedlemmer, til stades, vert møtet sett – *jf. kommunel. § 11-9, 1. ledd.*

Frå møtet er sett og til det vert heva, kan ikkje nokon av medlemmene/varamedlemmene forlate møtet utan gyldig grunn. Dersom nokon av desse må forlate møtet før det er heva, skal det så vidt mogleg meldast til møteleiaren før møtet tek til. Medlemmer/varamedlemmer som møter etter at møtet er sett, skal melde seg til møteleiaren før dei tek sete i forsamlinga – *jf. § 6* ovanfor.

§ 10. REKKEFØLGJA FOR BEHANDLING AV SAKENE – SAK SOM ER TEKEN OPP TIL BEHANDLING – SAK SOM IKKJE ER NEMND I INNKALLINGA

Kommunestyremøta skal ha slik struktur:

- 1) Offentleg spørjetid – *jf. § 29 nedanfor*
- 2) Tema
- 3) Interpellasjonar / grunngjevne spørsmål / spørsmål i møtet - *jf. §§ 25, 26 og 27 nedanfor*
- 4) Sakliste

Offentleg spørjetid er publikum sin "spørjetime" før det formelle kommunestyret vert sett, dvs. etter opninga av møtet og før namneoppnop mv. – *jf. § 9* ovanfor. Det skal ikkje førast referat/protokoll frå denne delen av møtet.

Kva **tema** som skal setjast på dagsordenen, skal gå fram av innkallinga. Det skal avsetjast maks. 1 time i starten av kvart møte til dette, dvs. etter opninga av møtet og før namneoppnop – *jf. § 9* ovanfor. Det skal ikkje førast referat/protokoll frå denne delen av møtet.

Interpellasjonar, grunngjevne spørsmål, spørsmål i møtet og saklista blir handsama etter at møtet er sett i samsvar med § 9 ovanfor. Det skal førast referat/protokoll frå denne delen av møtet – *jf. § 31 nedanfor.*

Sakene vert handsama i den rekkefølgja dei står i innkallinga med mindre endringar blir bestemt under opninga av møtet. Interpellasjonar blir som hovudregel handsama før dei ordinære sakene på saklista. Endringar i rekkefølgja blir vedtatte av kommunestyret med alminneleg fleirtal.

Dersom ei sak er tatt opp til handsaming, kan møtet ikkje hevast før kommunestyret ved votering har avgjort realiteten i saka, ev. utsett realitetshandsaminga til eit seinare møte.

Kommunestyret kan gjere vedtak i sak som ikkje er ført opp på saklista, dersom ikkje møteleiaren eller 1/3 av medlemmene set seg imot dette – *jf. kommunel. § 11-3, 5. ledd.*

INTERNKONTROLL I GISKE KOMMUNE – DIV. REGLEMENT FOR FOLKEVALDE ORGAN

Vedteke av kommunestyret	Saknr 078/16	Dato 17.11.2016	Side 10 av 44 sider
Sist revidert			

§ 11. INHABILITET

Møteleiar skal før handsaminga av sakene på saklista tar til, gjere medlemmane merksame på den plikta den enkelte har til å seie frå om tilhøve som kan gjere han/ho inhabil ved handsaminga av saker på saklista.

Den som etter kommunel. § 11-10, jf. forvaltningsl. kap. II, er inhabil i ei sak, eller som etter kommunel. § 11-11 vert friteken, tek ikkje del i handsaminga av saka.

Dersom det er sannsynleg eller opplagt at ein medlem er inhabil i ei sak på saklista, skal medlemmen i god tid **før** møtet melde frå om dette til ordføraren/servisekontoret slik at varamedlem kan kallast inn for eventuell tiltreding under behandlinga av saka i kommunestyret - jf. forvaltningsl. § 8, 3. ledd.

Spørsmål om inhabilitet skal avklarast før sjølve saka vert handsama. Kvar medlem pliktar å seie frå i god tid om tilhøve som kan gjere han/ho inhabil.

Før vedkomande medlem fråtrer og kommunestyret avgjer spørsmålet om inhabilitet, skal han/ho få høve til å uttale seg om spørsmålet.

Kommunestyret avgjer spørsmålet om ein medlem er inhabil med alminneleg fleirtal, utan at vedkomande medlem deltek. Er varamedlem innkalla, deltek han/ho i handsaminga av habilitetsspørsmålet. Dersom det i ei og same sak vert reist spørsmål om inhabilitet for fleire medlemmer, kan ingen av dei delta i avgjerda av sin eigen eller ein annan medlem sin habilitet, med mindre kommunestyret elles ikkje ville vere vedtaksført i spørsmålet. I sistnemnde tilfelle skal alle møtande medlemmer delta – jf. forvaltningsl. § 8, 2. ledd.

§ 12. REGISTRERING AV STYREVERV OG ØKONOMISKE INTERESSE MV.

For å styrke kommunen sitt omdøme er det viktig å skape openheit om roller/verv folkevalde og tilsette har. KS styrevervregister er eit webbasert register der folkevalde og tilsette registrerer informasjon om sine verv og økonomiske ingeresser. Føremålet med registreringa er at ålmenta skal kjenne seg trygge for at både dei som førebur og dei som gjer vedtak i ei sak ikkje er påverka av særinteresser eller forhold som er uvedkomande for saka. Registeret vil m.a. kunne vere til hjelp ved vurderinga av habilitetsspørsmål – jf. § 11 ovanfor. Kommunestyret vedtok i sak 012/11, jf. sak 110/11, at kommunen skal bruke KS sitt styrevervregister.

§ 13. MØTELIAR SI UTGREIING AV SAKA – REKKEFØLGJA PÅ TALARANE

Møteleiar les opp saksnummer, saksnemning og tilråding til vedtak. Han/ho opplyser om eventuelle saksdokument som er komne inn etter at tilrådinga/sakspapira vart lagde fram. Møteleiar gjer kort greie for saka dersom han/ho finn det nødvendig. Møteleiar spør deretter om det er nokon som vil ha ordet i saka. Medlemmene får ordet i den rekkefølgja dei ber om det. Ber fleire om ordet samtidig, avgjer møteleiar rekkefølgja mellom dei. Ønskjer møteleiar å delta i ordskiftet, må han/ho teikne seg på talarlista – jf. § 17 nedanfor.

Vedteke av kommunestyret	Saknr 078/16	Dato 17.11.2016	Side 11 av 44 sider
Sist revidert			

§ 14. NÅR MEDLEMMENE TEK DEL I ORDSKIFTET

Talarane skal rette orda sine til møteleiaren og opne innlegga sine med "ORDFØRAR". Dei skal halde seg nøye til den saka / den del av saka som ordskiftet gjeld. Møteleiaren skal sjå til at dette vert gjort.

Det må ikkje skje noko som krenkjer forsamlinga, nokon av medlemmene eller andre. Heller ikkje er det lov til å lage ståk eller uro som uttrykk for misnøye eller samtykke.

Bryt nokon reglementet sine ordensreglar, skal møteleiar åtvare han/henne, om naudsynt to gonger. Rettar vedkomande seg då ikkje etter reglementet, kan møteleiaren ta frå han/henne ordet, eller ved avstemming la forsamlinga avgjere om vedkomande skal stengast ute frå resten av møtet.

§ 15. REPLIKK

Ein medlem kan be om replikk til ein talar sitt innlegg. Replikken vert gitt straks etter talaren sitt innlegg og før neste talar på talarlista. Den som ønskjer replikk, markerer dette ved å rette to fingrar i veret, eller på annan høveleg måte tilkjennegir at han/ho ønskjer replikk. Ein replikk skal vere kort og ein direkte kommentar til talaren sitt innlegg. Talaren kan få svare kort på replikken.

§ 16. MERKNADER TIL DAGSORDEN/FORRETNINGSORDEN

Ein medlem kan be om ordet til dagsordenen/forretningsordenen, og får då ordet utanom den oppsette talarlista. Dette kan gjelde forslag om å setje strek i talarlista, forslag om å innføre avgrensa taletid, innvendingar til måten å behandle ei sak på, uttale til voteringsmåten, møteavviklinga mv.- jf. § 18 nedanfor. Det er ikkje høve til å kome inn på realitetane i noko sak. Innlegga skal vere korte.

§ 17. MØTELEIAREN SI STILLING UNDER ORDSKIFTET

Møteleiaren må ikkje avbryte nokon som har ordet, med mindre det skjer for å oppretthalde dei reglane som er gitte i dette reglementet, eller for å rette opp mistydingar og liknande frå talaren si side. Han/ho kan gi konkrete saksopplysingar mv. som er aktuelle å gi under ordskiftet, og med få ord rette opplagde mistydingar som måtte liggje føre. Møteleiar skal ikkje kommentere innlegg som er halde.

Vil møteleiaren ta del i ordskiftet, skal han/ho teikne seg på talarlista. Varaordføraren leiar møtet når ordføraren har ordet.

§ 18. AVGRENSING OG AVSLUTNING AV ORDSKIFTET ("SETJE STREK")

Før ordskiftet i ei sak har byrja, kan forsamlinga med alminneleg fleirtal vedta å avgrense taletida til eit bestemt tal minutt for kvart innlegg. Frå dette kan det gjerast unntak for

INTERNKONTROLL I GISKE KOMMUNE – DIV. REGLEMENT FOR FOLKEVALDE ORGAN

Vedteke av kommunestyret	Saknr 078/16	Dato 17.11.2016	Side 12 av 44 sider
Sist revidert			

kommunedirektøren (eller hans/hennar representant), for ein representant for kvar politisk partigruppe innan forsamlinga og for den som for høvet er vald som talsmann/talskvinne for ev. andre grupper innan forsamlinga, når møteleiar har fått melding om slikt val før ordskiftet byrjar.

Når ei sak verkar tilstrekkeleg debattert, kan det gjerast framlegg om å setje strek. Forsamlinga avgjer spørsmålet med alminneleg fleirtal. Møteleiaren refererer talarlista før strek vert sett. Det skal vere høveleg tid til å teikne seg på talarlista før strek vert endeleg sett. Endeleg talarliste vert avgjort så snart strek er sett.

Ved handsaminga av forslag om å avkorte taletida / slutte ordskiftet, må berre ein talar få høve til å ta ordet for og ein imot forslaget, kvar berre ein gong og med høgst to minutt taletid.

§ 19. FORSLAG

Forslag kan ikkje setjast fram av andre enn kommunestyret sine medlemmer. Forslag vert fremja av vedkomande representant frå talarstolen. Forslaget skal leverast **skriftleg** til møteleiaren og vere underteikna av forslagsstillaren. Forslag som gjeld val, tilsetjing, utsetjing av ei sak eller at eit forslag ikkje skal vedtakast, kan setjast fram munnleg.

Enkeltvedtak skal grunngjevast - jf. [forvaltningsl. § 24](#) og [§ 2, 1. ledd, bokstav a og b](#) og [nedanfor § 33](#).

Ein representant kan trekkje attende forslaget sitt før det blir tatt opp til endeleg votering.

Det er høve til å setje fram og å trekkje attende forslag etter at strek er satt.

Møteleiaren skal referere dei framsette forslaga før votering.

§ 20. UTSETJING AV EI SAK

Kommunestyret kan når som helst - med alminneleg fleirtal - vedta å utsetje realitetsbehandlinga av ei sak som står på saklista – jf. [kommunel. § 11-3, 4. ledd](#).

Eit utsetjingsforslag skal handsamast straks. Den som teiknar seg på eiga talarlista til utsetjingsforslaget, får ordet berre til det.

Blir utsetjingsforslaget vedtatt, er saka avslutta i det møtet. Blir forslaget ikkje vedtatt, held ordskiftet fram etter den opphavlege talarlista.

§ 21. SAKA VERT TEKEN OPP TIL VOTERING

Når ordskiftet er avslutta, opplyser møteleiaren at saka vert teken opp til votering. Frå då og til saka er avgjort ved votering, er det ikkje høve til vidare ordskifte om saka, og det kan ikkje setjast fram nye forslag i saka. Møteleiaren skal gjere forsamlinga merksam på dette. I dette tidsrommet er det heller ikkje høve til å ta opp noko anna sak til handsaming.

Vedteke av kommunestyret	Saknr 078/16	Dato 17.11.2016	Side 13 av 44 sider
Sist revidert			

Berre dei medlemmene som er til stades i lokalet på det tidspunktet saka vert teken opp til votering, har rett til å votere. Dei kan heller ikkje forlate lokalet før voteringa er avslutta, og dei pliktar å votere. Ved val og tilsetjingar er det høve til å votere blankt – *jf. kommunel. § 8-1, 2. ledd*. Er saka delt opp, eller skal det voterast over fleire forslag, fremjar møteleiaren forslag om rekkefølga på voteringa. Ved ordskifte om dette, skal møteleiaren nøye sjå til at talarane held seg berre til voteringsspørsmålet. Forsamlinga avgjer spørsmålet med alminneleg fleirtal.

§ 22. PRØVEVOTERING

Før endeleg votering i ei sak, kan kommunestyret med alminneleg fleirtal vedta at det skal haldast prøvevotering. Prøvevoteringa er ikkje bindande.

Dersom tilrådinga/forslaget det skal voterast over er delt i fleire postar, punkt eller liknande, bør det voterast førebels over kvar enkelt post, punkt eller liknande, og deretter til slutt over heile tilrådinga/forslaget.

Ein representant kan trekkje attende forslaget sitt etter ei prøvevotering – *jf. § 19 ovanfor*.

§ 23. ENDELEG VOTERING

Når møteleiaren har teke eit sak opp til endeleg votering, er det ikkje lenger høve til meir ordskifte om saka. Det skal voterast over **alle** framsette forslag.

Møteleiaren avgjer korleis voteringa skal gjennomførast. Dersom ein medlem krev det, skal kommunestyret med alminneleg fleirtal avgjere voteringsmåten.

§ 24. VOTERINGSMÅTEN

Voteringa skal skje på ein av flg. 4 måtar:

- 1) Ved **stilleleiande godkjenning** når det ligg føre berre eitt forslag. Møteleiaren spør då om det er andre forslag, og dersom det ikkje kjem avvikande forslag, stadfestar han/ho forslaget som vedteke. Kan nyttast ved alle slags vedtak, dersom ikkje noko anna er sagt i lov eller liknande – *jf. pkt. 3 nedanfor*.
- 2) **Votering ved stemmeteikn** (handsopprekking eller liknande) kan nyttast ved alle slags vedtak når det ligg føre eit eller fleire forslag, dersom ikkje noko anna er sagt i lov eller liknande – *jf. pkt. 3 nedanfor*.
- 3) Val og tilsetjingar skal gå føre seg ved bruk av **stemmesetlar** dersom ein medlem krev det – *jf. kommunel. § 8-1, 2. ledd*.
- 4) **Namneopprop**. Møteleiaren skal då rope opp namna på medlemmene, som skal svare ja eller nei til det forslaget det skal voterast over. Det skal vere loddtrekning om kva namn som skal ropast opp først, deretter skal dei andre ropast opp i alfabetisk rekkefølge. Namna på kvar medlem og medlemmen sitt svar, skal alltid førast inn i protokollen/møteboka. Ein medlem som møteleiaren oppnemner, kontrollerer

INTERNKONTROLL I GISKE KOMMUNE – DIV. REGLEMENT FOR FOLKEVALDE ORGAN

Vedteke av kommunestyret	Saknr 078/16	Dato 17.11.2016	Side 14 av 44 sider
Sist revidert			

stemmegjevinga ved avmerking i medlemslista.

Namneopprop skal nyttast når møteleiaren bestemmer det, eller når ein medlem krev det og dette kravet får tilslutnad frå minst 1/5 av forsamlinga. Namneopprop skal også nyttast når møteleiaren eller 1/5 av forsamlinga meiner at utfallet av ei votering etter pkt. 2 ovanfor (etter ev. kontravotering) ikkje med sikkerheit kan slåast fast. Kan ikkje nyttast der det er kravd skriftleg votering – jf. pkt. 3 ovanfor.

Ved likt stemmetal i andre saker enn val, er møteleiaren si stemme avgjerande – jf. kommunel. § 11-9, 2. ledd.

Ved val gjeld reglane i kommunel. §§ 7-4 – 7-8, jf. 8-1, 2. ledd.

Ved behandling av økonomiplan og årsbudsjett, gjeld reglane i kommunel. § 11-9, 3. ledd.

§ 25. INTERPELLASJON (SPØRSMÅL MELDT PÅ FØREHAND)

Utan om dei sakene som står i innkallinga til møtet, kan kvar medlem kome med ein førespurnad til ordføraren om prinsipielle spørsmål i form av ein interpellasjon. Interpellasjonen skal vere skriftleg og levert ordføraren **minst 7 dagar** før møtet.

Interpellasjonen og svar skal sendast ut til medlemmene i god tid før møtet, og som hovudregel saman med innkallinga/saklista.

Ved interpellasjonar kan sakene drøftast, og alle medlemmer kan delta i ordskiftet innanfor ei samla tidsramme på **maks. 30 minuttar**. Interpellant og svarar (ordførar) får ordet to gongar kvar. Øvrige medlemmer får ordet ein gong kvar.

Framlegg (om realiteten) som nokon av medlemmene kjem med i samband med ein interpellasjon, kan ikkje avgjerast i møtet dersom møteleiaren eller 1/3 av medlemmene set seg imot dette – jf. kommunel. § 11-3, 5. ledd.

§ 26. GRUNNGJEVNE SPØRSMÅL

Kvar medlem kan kome med ein førespurnad til ordføraren om konkrete forhold i form av eit grunngjeve spørsmål. Spørsmålet skal vere skriftleg og vere levert ordføraren **minst 3 kvardagar** før møtet.

Spørsmålet og svaret skal leggjast ut på medlemmen sitt bord til møtet. Medlemmen får ordet først for å leggje fram spørsmålet sitt, og deretter får svararen (ordføraren) ordet til svar. Medlemmen får høve til tilleggsspørsmål og svararen til tilleggssvar. Alt innanfor ei tidsramme på maks. **10 minuttar**. Det kan ikkje fremjast forslag i samband med slike spørsmål. Det er ikkje høve for andre enn spørjar og svarar å delta i ordskiftet.

Vedteke av kommunestyret	Saknr 078/16	Dato 17.11.2016	Side 15 av 44 sider
Sist revidert			

§ 27. SPØRSMÅL I MØTET

Kvar medlem kan rette spørsmål til møteleiaren i byrjinga av møtet, også om saker som ikkje står på saklista – jf. *kommunel. § 11-2, 4. ledd*. Møteleiaren, eller ein annan i samråd med møteleiaren, kan svare på spørsmålet. Møteleiarene kan avgjere at svar først skal gjevast i eit seinare møte. Det er ikkje høve til å kome med framlegg i samband med slike spørsmål.

§ 28. SENDENEMNDER (DEPUTASJONAR)

Utsendingar frå samanslutningar eller grupper som vil møte for kommunestyret og uttale seg om ei sak, skal melde frå om dette til ordføraren seinast dagen før møtet.

Kommunestyret avgjer om utsendingane skal verte mottekne. Vert dei mottekne, møter dei utanfor møtelokalet for eit utval av kommunestyret sine medlemmer.

I utvalet bør dei ulike partigruppene vere representerte. Deltak ordføraren i utvalet, bør han/ho vere leiar av utvalet. Tilsvarende gjeld for varaordføraren dersom han deltek og ikkje ordføraren. Elles vel utvalet sjølv leiar.

Etter å ha høyrte på utsendingane, og ev. motteke ei skriftleg utgreiing eller liknande frå dei, gjev leiaren i utvalet kommunestyret melding om det som utsendingane har halde fram. Gjeld det ei sak som er nemnd i innkallinga/saklista, vert meldinga gjeven når saka vert behandla. Elles vert meldinga først gjeven etter at alle sakene på saklista, inkl. ev. ekstrasaker, er ferdig handsama. I sistnemnde tilfelle gjeld for den vidare handsaminga det som er nemnt *ovanfor under § 25* i samband med interpellasjonar.

§ 29. OFFENTLEG SPØRJETID

Dette er publikum sin "spørjetime" før det formelle møtet blir sett – jf. *§ 9 ovanfor*. Det vert avsett inntil maks. **30 minuttar** til dette.

Det er høve til to typar spørsmål, og kvart spørsmål kan stillast innanfor ei tidsramme på 3 minuttar:

- 1) Spontane spørsmål i møtet, der svar ikkje kan påreknast i møtet.
- 2) Skriftlege og førehandsmelde spørsmål med svar i møtet. Slike spørsmål må vere skriftlege og innleverte/-komne til ordføraren/servicekontoret seinast dagen før møtet.

Saker som står på saklista til møtet i kommunestyret, kan normalt ikkje takast opp i den offentlege "spørjetimen".

INTERNKONTROLL I GISKE KOMMUNE – DIV. REGLEMENT FOR FOLKEVALDE ORGAN

Vedteke av kommunestyret	Saknr 078/16	Dato 17.11.2016	Side 16 av 44 sider
Sist revidert			

§ 30. ORDEN I MØTELOKALET OG BYGNINGA

Møteleiaren skal syte for ro og orden i møtelokalet og bygninga elles under møtet. Han/ho skal sjå til at talarane ikkje vert avbrotne eller uroa frå noko hald. Dersom tilhøyrarar kjem med meningsytringar eller på annan måte uroar ordskiftet, eller har ei åtferd som strir mot god orden, kan møteleiaren vise dei ut av bygninga.

Plakatar, teikningar, tabellar og liknande må ikkje vere plasserte / verte plasserte i lokalet under møta utan møteleiaren/kommunestyret sitt samtykke.

Ingen må dele ut skriftleg materiale eller liknande til medlemmene utan at dette er avtalt med møteleiaren på førehand.

§ 31. PROTOKOLL (MØTEBOK)

Det skal førast protokoll (møtebok) over forhandlingane i kommunestyret – *jf. kommunel. § 11-4.*

I protokollen skal det førast opplysningar om tid og stad for møtet, innkallingsmåte, fråverande medlemmer og møtande varamedlemmer. Går nokon frå eller kjem til under møtet, skal dette førast inn slik at det går fram kven som har teke del i handsaminga av kvar einskild sak. Det skal vidare gå fram av møteboka kva saker som har vore handsama, alle forslag som har vore fremja og stemde over, og voteringsresultatet i kvar enkelt sak.

Møteleiaren og to andre medlemmer som kommunestyret oppnemner, skal gjennomgå og skrive under protokollen. Møteleiaren har ansvaret for at protokollen er rett ført.

Utskrift av protokollen skal sendast alle medlemmene, inkl. varamedlemmer som deltok i møtet, samt andre med møterett. Protokollen skal leggjast fram som referatsak for kommunestyret i neste møte.

Protokollen og saksframlegga påført vedtaka skal oppbevarast på ein forsvarleg måte i kommunen sitt arkiv. Kommunedirektøren har ansvaret for at dette blir gjort i samsvar med det til ei kvar tid gjeldande regelverk.

§ 32. PROTOKOLLTILFØRSEL

Dersom ein medlem eller kommunedirektøren ønskjer ein skriftleg protokolltilførsel til ei sak etter at votinga er avslutta, skal dette i regelen imøtekomast. Protokolltilførsel skal berre avisast når det ligg føre særlege omsyn. Ved usemje avgjer kommunestyret spørsmålet med alminneleg fleirtal.

§ 33. OPPMODING OM NY HANDSAMING AV EI AVGJORD SAK

Formannskapet eller det utvalet som tilrådde i saka overfor kommunestyret, kan avslå ei

INTERNKONTROLL I GISKE KOMMUNE – DIV. REGLEMENT FOR FOLKEVALDE ORGAN

Vedteke av kommunestyret	Saknr 078/16	Dato 17.11.2016	Side 17 av 44 sider
Sist revidert			

oppmoding om å ta ei sak som er lovleg avgjort av kommunestyret opp til ny handsaming dersom det er gått mindre enn tre månader sidan kommunestyret gjorde sitt vedtak i saka og det ikkje er kome fram nye og vesentlege opplysningar i saka. Dette gjeld likevel ikkje slik oppmoding som kjem frå eit statleg organ som fylkesmann, departement eller liknande.

§ 34. GRUNNGJEVING – KLAGE PÅ VEDTAK – LEGALITETSKONTROLL

Enkeltvedtak gjorde av kommunestyret skal grunngjevast – jf. [forvaltningsl. §§ 24 og 25](#). Kva som er enkeltvedtak, går fram av [forvaltningsl. § 2, 1. ledd, bokstav a og b](#).

Enkeltvedtak gjorde av kommunestyret kan påklagast. Departementet, eller den det har gjeve fullmakt, er klageorgan – jf. [forvaltningsl. § 28](#). For klagehandsaminga gjeld sakshandsamingsreglane i forvaltningslova m/forskrifter, dersom ikkje anna er bestemt i særlov – jf. [forvaltningsl. kap. VI](#).

Tre eller fleire medlemmer av kommunestyret kan saman bringe vedtak gjorde av folkevalde organ eller av administrasjonen inn for departementet til kontroll av om vedtaket er lovleg. Nærare om kva type vedtak som kan vere gjenstand for slik kontroll, framgangsmåte, konsekvensar, kva departementet skal kontrollere mv., går fram av [kap. 27 i kommunelova \(§ 27-1 flg.\)](#).

Vedteke av kommunestyret	Saknr 078/16	Dato 17.11.2016	Side 18 av 44 sider
Sist revidert			

4. REGLEMENT FOR FORMANNSKAPET

[Til framsida](#)

§ 1. VAL OG SAMANSETJING

Formannskapet er oppretta i medhald av [kommunel. § 5-6](#).

Formannskapet skal ha 7 medlemmer m/varamedlemmer valde av og mellom kommunestyret sine medlemmer på det konstituerande møtet. Valet gjeld for 4 år og skjer som høvetalsval når minst ein medlem krev det, og elles som avtaleval. – *jf. [kommunel. §§ 5-6, 7-5, 7-6 og 7-7](#)*. Kvart kjønn skal så langt det er mogleg vere representert med minst 3 medlemmer - *jf. [kommunel. § 7-7, 3. og 4. ledd og § 7-5, 2. ledd](#)*.

Kommunestyret vel blant formannskapet sine medlemmer ein ordførar og ein varaordførar for heile valperioden – *jf. [kommunel. § 6-2](#)*. Vala skjer som fleirtalsval – *jf. [kommunel. § 7-4, 2. ledd](#)*.

Reglar om å gå ut av formannskapet, suspensjon og opprykk m.m. går fram av [kommunel. §§ 7-9, 7-10 og 7-11](#). For ordføraren gjeld reglane i [kommunel. § 6-2, 4. ledd](#).

§ 2. ANSVARSOMRÅDE

Formannskapet gjer vedtak innanfor sitt ansvars-/saksområde etter dei rammer og dei retningslinjer som er fastsette i lov, med heimel i lov eller vedtatte av kommunestyret. I dei sakene formannskapet ikkje er gitt eige avgjerdsmynde, gir det si tilråding direkte til kommunestyret.

Formannskapet skal leggje fram for kommunestyret forslag til økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap, årsmelding og skattevedtak – *jf. [kommunel. §§ 6-6 og 14,3, 3. ledd](#)*. Formannskapet har elles ansvar for dei arbeids- oppgåvene/ansvarsområda som kommunestyret har delegert til det – *jf. [delegeringsreglementet pkt. 4 og pkt. 7, 2 mv.](#)*

Formannskapet har mynde til å opprette arbeidsutval med medlemmer valde mellom formannskapet sine medlemmer. Formannskapet kan gje arbeidsutvalet mynde til å treffe vedtak i saker som ikkje er prinsipielle og der delegeringssperre ikkje er til hinder – *jf. [kommunel. § 5-6, 3. og 4. ledd og delegeringsreglementet s. 24](#)*.

§ 3. OPPMODING OM NY HANDSAMING AV EI KOMMUNESTYRESAK

Formannskapet kan avslå ei oppmoding om å ta ei sak som er lovleg avgjort av kommunestyret opp til ny handsaming dersom det er gått mindre enn tre månader sidan kommunestyret gjorde sitt vedtak i saka og det ikkje har kome fram nye og vesentlege opplysningar i saka. Dette gjeld berre saker innanfor formannskapet sitt ansvarsområde, og gjeld ikkje slik oppmoding som kjem frå eit statleg organ som fylkesmann, departement eller liknande.

Vedteke av kommunestyret	Saknr 078/16	Dato 17.11.2016	Side 19 av 44 sider
Sist revidert			

§ 4. FELLESMØTE MED ANDRE

Formannskapet skal etter behov ha møte med:

- 1) næringslivet og/eller deira organisasjonar for å drøfte kommunale planar / prosjekt som vedkjem næringslivet, tiltak for å betre samarbeidet m.m.
- 2) interesseorganisasjonar som grendeutval, nærmiljøutval og liknande for å drøfte kommunale planar / prosjekt som er av interesse for desse.

Dersom andre enn kommunen arrangerer folkemøte i samband med ein plan / eit prosjekt eller liknande, bør formannskapet delta om ønskjeleg.

Formannskapet avgjer sjølv om, når og kor slike møte skal finne stad. Formannskapet kan be representantar frå utvala møte saman med seg / i staden for seg når tema for møtet gjeld saker innanfor utvala sine ansvarsområde.

§ 5. SAKSGANG

Saker som blir oversende frå administrasjonen til formannskapet skal vere forsvarleg utgreidde av kommunedirektøren og gje eit faktisk og rettsleg grunnlag for å treffe vedtak – jf. kommunel. § 13-1, 3. ledd. Dette inneber m.a. at alle aktuelle løysingar, konsekvensar mv. samt kommunedirektøren si innstilling (forslag til vedtak) skal gå fram av saksutgreiinga. Dersom innstillinga frå kommunedirektøren utgjer eit forslag til enkeltvedtak etter forvaltningslova, skal ho også innehalde ei grunngjeving for forslaget – jf. forvaltningsl. §§ 24 og 25. Vedtak som formannskapet gjer med heimel i kommunel. § 11-8 ("hastekompetanse"), skal leggjast fram for kommunestyret som melding i kommunestyret sitt første møte etter at vedtaket er gjort.

§ 6. MØTA I FORMANNSKAPET

Formannskapet vedtek eigen møteplan, og skal ha minst 12 møte i året. Møte skal elles haldast når ordføraren finn det nødvendig, eller når minst 1/3 av medlemmene krev det – jf. kommunel. § 11-2.

Innkallinga til møta skal normalt skje digitalt med ein frist på 5 dagar, møtedagen medrekna. Saksdokumenta skal vere tilgjengelege digitalt på kommunen sine internettsider, politikarportalen eller liknande.

Ordføraren set opp sakliste for det einskilde møte. Innkallinga skal innehalde opplysningar om tid og stad for møtet og ei liste over sakene som skal handsamast, og dokumenta i sakene – jf. kommunel. § 11-3.

Møta skal kunngjerast / gjerast offentleg kjende på kommunen sine internettsider eller på annan føremålstenleg måte. På kommunen sine internettsider skal saklista og andre offentlege dokument vere tilgjengelege for publikum.

INTERNKONTROLL I GISKE KOMMUNE – DIV. REGLEMENT FOR FOLKEVALDE ORGAN

Vedteke av kommunestyret	Saknr 078/16	Dato 17.11.2016	Side 20 av 44 sider
Sist revidert			

Formannskapet set møte når minst halvparten av medlemmene (inkl. varamedlemmer) er til stades – *jf. kommunel. § 11-9, 1. ledd.*

Møteleiaren skal før handsaminga av saker på saklista tar til, gjere medlemmane merksame på den plikta den enkelte har til å seie frå om tilhøve som kan gjere han/ho inhabil ved handsaminga av saker på saklista.

Vedtak vert gjorde med alminneleg fleirtal. Ved likt stemmetal i andre saker enn val, er møteleiaren si stemme avgjerande – *jf. kommunel. § 11-9, 2. ledd.*

Kommunedirektøren har møteplikt og tale- og forslagsrett, personleg eller med ein av sine underordna, i alle av formannskapet sine møte – *jf. kommunel. § 13-1, 5. ledd.*

Det skal førast protokoll (møtebok) frå møta i formannskapet. Når det gjeld innhald mv., gjeld det som er sagt om protokollen i reglementet for kommunestyret så langt det høver – *jf. kommunel. § 11-4 og § 31 i pkt. 3 ovanfor.*

Møta i formannskapet skal som hovudregel haldast for opne dører – *jf. kommunel. § 11-5, 1. ledd.* Formannskapet **skal** likevel vedta å lukke eit møte når det handsamar saker undergitt lovbestemt teieplikt og/eller saker som vedkjem ein arbeidstakar sitt tenesteforhold (personalsaker) – *jf. kommunel. § 11-5, 2. ledd.* Formannskapet **kan** elles vedta å lukke eit møte med heimel i *kommunel. § 11-5, 3. ledd.*

Elles gjeld reglane i [kap. 11 i kommunel.](#) og reglement for kommunestyret så langt det høver med ev. nødvendige tilpassingar – *jf. pkt. 2 ovanfor og kommunel. § 11-1.*

§ 7. MINDRETALSANKE

I saker formannskapet er delegert avgjerdsmynde frå kommunestyret, kan 1 medlem krevje saka lagd fram for kommunestyret til endeleg avgjerd. Kva saker dette gjeld, går fram av [delegeringsreglementet](#). Krav om slik anke må i tilfelle setjast fram i møtet og protokollerast.

§ 8. RETTAR OG PLIKTAR FOR MEDLEMMENE AV FORMANNSKAPET

Her gjeld reglane i [kommunel. §§ 8-1 – 8-10 \(kap. 8\)](#).

§ 9. SEKRETARIAT

Kommunedirektøren har ansvaret for sekretariatfunksjonen.

§ 10. ANDRE OPPGÅVER/FUNKSJONAR FOR FORMANNSKAPET SINE MEDLEMMER

Flg. andre funksjonar/verv er lagde til formannskapet / delar av formannskapet:

INTERNKONTROLL I GISKE KOMMUNE – DIV. REGLEMENT FOR FOLKEVALDE ORGAN

Vedteke av kommunestyret	Saknr 078/16	Dato 17.11.2016	Side 21 av 44 sider
Sist revidert			

- Formannskapet sine medlemmer utgjør **arbeidsgjevarrepresentantane i partsamansett utval**. Formannskapet sine varamedlemmer er varamedlemmer for desse – *jf. pkt. 9 nedanfor*.
- Ordføraren og 2 andre medlemmer av formannskapet utgjør kommunen sitt **forhandlingsutval i personalsaker mv.** 3 andre medlemmer av formannskapet er varamedlemmer.
- 5 av formannskapet sine medlemmer er **kommunen sitt klageorgan for enkeltvedtak**. Dei 2 andre medlemmene av formannskapet er varamedlemmer av utvalet saman med 3 av varamedlemmene til formannskapet. Det kommunale klageorganet skal behandle klager på enkeltvedtak gjorde av kommunale organ (inkl. administrasjonen) som er oppretta etter kommunel., og der ikkje eksterne organ er klageorgan – *jf. [forvaltningslova § 28](#)*. Organet skal **ikkje** behandle klager på slike vedtak gjorde av formannskapet eller av kommunestyret.
- Formannskapet sine medlemmer utgjør **valstyret** – *jf. [vallova § 4-1](#)*. Varamedlemmene til formannskapet er varamedlemmer til valstyret.
- Formannskapet sine medlemmer utgjør **kommunen si landbruksnemnd**. Varamedlemmene til formannskapet er varamedlemmer til nemnda.
- Formannskapet sine medlemmer utgjør **kommuneplanutvalet**. Varamedlemmene til formannskapet er varamedlemmer til utvalet.
- Formannskapet sine medlemmer utgjør **kommunen sitt næringsutval**. Varamedlemmene til formannskapet er varamedlemmer til utvalet.

Når deg gjeld desse organa sine ansvarsområde mv., går dette fram av [delegeringsreglementet](#) samt av eige reglement for partsamansett utval – *jf. pkt. 9 nedanfor*. Elles gjeld for desse organa det som er sagt i reglementa for kommunestyret og formannskapet så langt dei høver, med ev. nødvendige tilpassingar – *jf. [kommunel. § 11-1](#)*.

Vedteke av kommunestyret	Saknr 078/16	Dato 17.11.2016	Side 22 av 44 sider
Sist revidert			

5. REGLEMENT FOR ARBEIDSMILJØUTVALET

[Til framsida](#)

§ 1. VAL OG SAMANSETJING

Arbeidsmiljøutvalet er eit lovpålagt utval – jf. [arbeidsmiljøl. § 7-1](#). Utvalet har 9 medlemmer m/varamedlemmer; 4 frå arbeidsgjevar, 4 frå arbeidstakarsida og 1 frå bedriftshelsetenesta – jf. [forskrift om organisering, ledelse og medvirkning § 3-7](#).

Dei 4 medlemmene frå arbeidsgjevarsida er kommunedirektøren og 3 einingsleiarar utpeikte av kommunestyret. Kommunestyret peikar også ut varamedlemmene til desse.

3 av medlemmene m/varamedlemmer frå arbeidstakarsida blir valde av arbeidstakarorganisasjonane ved fleirtalsval dersom ikkje organisasjonane blir samde om noko anna i samsvar med [forskrift om organisering, ledelse og medvirkning § 3-10](#). Hovudverneombodet er den 4 medlemmen frå arbeidstakarsida – jf. [forskrift om organisering, ledelse og medvirkning § 3-7, 3. og 4. ledd og § 3-11](#). Vald avløyser for hovudverneombodet er ombudet sin varamedlem av utvalet.

Medlemmene/varamedlemmene blir utpeikte/valde for 2 år om gongen. Dersom ein medlem sluttar i kommunen, går varamedlemmen inn for den resterande del av valperioden – jf. [forskrift om organisering, ledelse og medvirkning § 3-15](#). Partane byter på å ha leiar/nestleiar annakvart år – jf. [arbeidsmiljøl. § 7-1 \(4\)](#). Leiar og nestleiar skal kome frå same side. Den av sidene som skal ha leiar og nestleiar, vel sjølv desse. Dersom partane ikkje blir samde om kva for ei side leiaren/nestleiaren skal kome frå det første året, blir dette avgjort ved loddtrekking – jf. [forskrift om organisering, ledelse og medvirkning § 3-12](#).

§ 2. ANSVARSOMRÅDE

Arbeidsmiljøutvalet er eit sentralt organ i kommunen sitt arbeid med helse, miljø og tryggleik. Utvalet skal arbeide for eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø i kommunen.

Utvalet har ansvar for dei oppgåvene som går fram av [arbeidsmiljøl. § 7-2](#), [forskrift om organisering, ledelse og medvirkning § 2-3](#) og kommunen sitt system for helse/miljø/tryggleik – jf. [delegeringsreglementet s. 11](#).

I dei sakene utvalet ikkje er gjeve eige avgjerdsmynde etter lov, forskrift eller delegeringsvedtak, gjev det si tilråding direkte til kommunestyret. Når det gjeld årsbudsjett og økonomiplan, gjev utvalet sin uttale om desse til formannskapet.

INTERNKONTROLL I GISKE KOMMUNE – DIV. REGLEMENT FOR FOLKEVALDE ORGAN

Vedteke av kommunestyret	Saknr 078/16	Dato 17.11.2016	Side 23 av 44 sider
Sist revidert			

§ 3. SAKSGANG

Her gjeld det som er sagt for formannskapet så langt det høver – *jf. § 5 i pkt. 4 ovanfor*. I saker der utvalet ikkje har avgjerdsmynde, gjev det sin uttale/tilråding til det organet som saka fagleg sorterer under, ev. direkte til kommunestyret. Uttale til kommunedirektøren sitt framlegg til årsbudsjett/økonomiplan skal gjevast til formannskapet og følgje saka vidare til kommunestyret.

§ 4. MØTA I ARBEIDSMILJØUTVALET

Arbeidsmiljøutvalet vedtek eigen møteplan, og skal normalt ha minst 4 møte i året. Utvalet skal elles ha møte når minst to av utvalet sine medlemmer krev det – *jf. [forskrift om organisering, ledelse og medvirkning § 3-16](#)*.

Innkallinga til møta skal normalt skje med ein frist på 5 dagar, møtedagen medrekna. Ev. saksdokument skal sendast medlemmene, møtande varamedlemmer og andre med møterett.

Leiaren av utvalet set opp sakliste for det einskilde møte. Innkallinga skal innehalde opplysningar om tid og stad for møtet og ei oversikt over kva saker som skal handsamast.

Møta skal kunngjerast digitalt på kommunen sine internettsider eller på annan føremålstenleg måte. På kommunene sine internettsider skal saklista og andre offenkjende dokument vere tilgjengelege for publikum.

Utvalet set møte når minst halvparten av medlemmene (inkl. ev. varamedlemmer) er til stades. Utover dei sakene som er nemnde i innkallinga / står på saklista, kan kvar medlem reise spørsmål på eige initiativ eller etter oppmoding frå eit verneombod. Alle tilsette kan også vende seg til utvalet med eit arbeidsmiljøproblem – *jf. [forskrift om organisering, ledelse og medvirkning § 3-16, 2. ledd](#)*. Slike spørsmål skal om mogleg meldast sekretariatet seinast 10 dagar før møtet, slik at dei ev. kan utgreiast og takast med i innkallinga / førast opp på saklista.

Møteleiaren skal før handsaminga av saker på saklista tar til, gjere medlemmane merksame på den plikta den enkelte har til å seie frå om tilhøve som kan gjere han/ho inhabil ved handsaminga av saker på saklista.

Utvalet skal drøfte dei sakene som er lagde fram med sikte på å oppnå semje. Blir det ikkje oppnådd semje, skal det haldast avrøysting – *jf. [forskrift om organisering, ledelse og medvirkning § 3-16, 3. ledd](#)*. Dersom det ved slik avrøysting blir likt stemmetal, er møteleiaren si stemme avgjerande. Representanten frå bedriftshelsetenesta har ikkje stemmerett – *jf. [arbeidsmiljøl. § 7-1 \(4\)](#)*.

Ordføraren har møte- og talerett i alle av utvalet sine møte. Han/ho kan velje å la seg representere ved ein annan medlem av kommunestyret – *jf. [kommunel. § 6-1](#)*.

Det skal skrivast protokoll (møtebok) frå møta i utvalet. Protokollen skal følgje saksdokumenta til dei organ som skal handsame saka/sakene vidare, herunder til det organet som gjer endeleg

INTERNKONTROLL I GISKE KOMMUNE – DIV. REGLEMENT FOR FOLKEVALDE ORGAN

Vedteke av kommunestyret	Saknr 078/16	Dato 17.11.2016	Side 24 av 44 sider
Sist revidert			

vedtak i saka/sakene. Ved avrøystingar skal både fleirtalet og mindretalet sitt standpunkt protokollrast – *jf. [forskrift om organisering, ledelse og medvirkning § 3-16, 4. ledd](#)*. Når det gjeld innhaldet mv., gjeld det som er sagt om protokollen i reglementet for kommunestyret så langt det høver – *jf. § 31 i pkt. 3 ovanfor*.

Elles gjeld reglane i kommunel. kap. 11 og reglement for kommunestyret så langt det høver med ev. nødvendige tilpassingar – *jf. [kommunel. § 11-1](#) og pkt. 3 ovanfor*.

§ 5. SEKRETARIAT

Kommunedirektøren har ansvaret for sekretariatfunksjonen.

Vedteke av kommunestyret	Saknr 078/16	Dato 17.11.2016	Side 25 av 44 sider
Sist revidert			

6. REGLEMENT FOR ELDRERÅDET

[Til framsida](#)

§ 1. VAL OG SAMANSETJING

Eldrerådet er eit lovpålagt organ – jf. [kommunelova §§ 5-2, 2. ledd, bkstv. e\) og 5-12](#) og [forskrift om kommunale og fylkeskommunale råd for eldre, personar med funksjonsnedsetting og ungdom \(forskrift om medverknadsordningar\)](#).

Rådet skal ha 6 medlemmer m/varamedlemmer. Av desse skal 1 medlem m/varamedlem vere ein folkevald representant frå livsløpsutvalet og 1 medlem m/varamedlem skal vere ein folkvald represenat frå formannskapet. 4 medlemmer m/varamedlemmer skal vere alderspensjonistar i kommunen. Kommunestyret oppnemner/vel medlemmene m/varamedlemmer etter at organisasjonar som representerer dei eldre har hatt høve til å uttale seg / kome med forslag på medlemmer m/varamedlemmer. Rådet vel sjølv leiar og nestleiar mellom medlemmene i utvalet – jf. [forskrift om medverknadsordningar § 3](#).

Medlemmene/varamedlemmene vert oppnemnde/valde for 4 år om gongen (valperioda).

Reglane om høvetalsval i *kommunel. §§ 7-5 og 7-6* gjeld ikkje.

Reglane om å gå ut av folkevalde organ, suspensjon, opprykk mv. i *kommunel. §§ 7-9, 7-10 og 7-11* gjeld så langt dei høver.

§ 2. ANSVARSOMRÅDE

Eldrerådet er **eit rådgjevande organ** for kommunen, og skal ha til handsaming alle saker som gjeld levekåra for eldre. Rådet kan sjølv ta opp saker som vedkjem eldre i kommunen. Rådet skal **ikkje** handsame saker som gjeld einskildpersonar – jf. [forskrift om medverknadsordningar § 2](#). Rådet har ikkje mynde til å gjere vedtak i einskildsaker – jf. *delegeringsreglemenet s. 11*.

Eldrerådet skal primært konsentrere seg om større og overgripande saker som t.d.:

- årsbudsjett/økonomiplanar
- kommuneplan
- tiltak og planar i helse- og sosialsektoren
- idretts- og kulturtiltak
- bustadutbygging og reguleringssaker
- samferdselssaker og kommunikasjonsplanar

Eldrerådet skal ha særskild merksemd knytt til å sikre såkalla **universell utforming**.

Dersom det er tvil om ei sak bør handsamast av eldrerådet, skal spørsmålet leggjast fram for rådet til uttale.

INTERNKONTROLL I GISKE KOMMUNE – DIV. REGLEMENT FOR FOLKEVALDE ORGAN

Vedteke av kommunestyret	Saknr 078/16	Dato 17.11.2016	Side 26 av 44 sider
Sist revidert			

§ 3. SAKSGANG

Her gjeld det som er sagt for formannskapet så langt det høver – *jf. § 5 i reglement for formannskapet.*

Saker skal leggjast fram for rådet i god tid før dei skal avgjerast. Fråsegna frå rådsmøta skal følgje saksdokumenta til dei kommunale organa som skal handsame saka vidare, herunder til det organet som tek endeleg avgjerd i saka – *jf. [forskrift om medverknadsordningar § 2.](#)*

§ 4. MØTA I ELDRERÅDET

Møta i rådet skal som hovudregel haldast for opne dører – *jf. [kommunel. § 11-5, 1. ledd.](#)* Unntak frå hovudregelen går fram av [kommunel. § 11-5, 2. og 3. ledd.](#)

Rådet vedtek eigen møteplan. Møte skal elles haldast når leiaren finn det nødvendig, eller når minst 1/3 av medlemmene krev det – *jf. [kommunel. § 11-2.](#)*

Innkalling til møte skal normalt skje med ein frist på 5 dagar, møtedagen medrekna. Ev. saksdokument skal sendast medlemmene, møtande varamedlemmer og andre med møterett.

Leiaren av rådet set opp sakliste for det einskilde møtet. Innkallinga skal innhalde opplysningar om tid og stad for møtet og ei liste over dei sakene som skal handsamast og dokumenta i sakene – *jf. [kommunel. § 11-3, 1. ledd.](#)*

Møta skal kunngjerast digitalt på kommunen sine internettsider eller på annan føremålstenleg måte. På kommunen sine internettsider skal saklista og andre offentlege dokument vere tilgjengelege for publikum.

Rådet set møte når minst halvparten av medlemmene (inkl. ev. varamedlemmer) er til stades – *jf. [kommunel. § 11-9.](#)*

Møte vert leia av leiaren eller nestleiaren. Har begge forfall, skal det veljast ein særskild møteleiar – *jf. [kommunel. § 11-2, 3. ledd.](#)*

Møteleiaren skal før handsaminga av saker på saklista tar til, gjere medlemmane merksame på den plikta den enkelte har til å seie frå om tilhøve som kan gjere han/ho inhabil ved handsaminga av saker på saklista.

Vedtak vert gjorde med alminneleg fleirtal. Ved likt stemmetal i andre saker enn val, er møteleiaren si stemme avgjerande – *jf. [kommunel. § 11-9, 2. ledd.](#)*

Kommunedirektøren har møte-, tale- og forslagsrett, personleg eller ved ein av sine underordna, i rådet sine møte – *jf. [kommunel. § 13-1, 5. ledd.](#)*

Ordføraren har møte- og talerett i rådet sine møte, men har berre stemme- og forslagsrett dersom han/ho er vald som medlem av rådet. Ordførar kan la seg representere ved annan

INTERNKONTROLL I GISKE KOMMUNE – DIV. REGLEMENT FOR FOLKEVALDE ORGAN

Vedteke av kommunestyret	Saknr 078/16	Dato 17.11.2016	Side 27 av 44 sider
Sist revidert			

medlem av kommunestyret dersom han/ho ikkje er medlem av rådet – jf. [kommunel. § 6-1, 3. ledd](#).

Det skal skrivast protokoll (møtebok) frå møta i rådet. Protokollen skal følgje saksdokumenta til dei organ som skal hansame saka/sakene vidare, herunder til det organet som tek endeleg avgjerd i saka/sakene – jf. [forskrift om medverknadsordningar § 2](#). Når det gjeld innhald mv., gjeld det som er sagt ovanfor for protokollen i kommunestyret så langt det høver – jf. [§ 31 i reglement for kommunestyret](#).

Elles gjeld reglane i [kommunel. §§ 11-1 – 11-11 \(kap.11\)](#) og reglement for kommunestyret så langt det høver / med ev. nødvendige tilpassingar – jf. [kommunel. § 5-2, 3. ledd](#).

§ 5 RETTAR OG PLIKTER FOR MEDLEMMENE I ELDRERÅDET

Her gjeld reglane i [kommunel. §§ 8-1 – 8-10 \(kap.8\)](#) så langt dei høver – jf. [kommunel. § 5-2, 3. ledd](#). Leiaren i rådet har møte- og talerett i folkevalde organ i saker som har vore handsama i rådet – jf. [forskrift om medverknadsordningar § 2, 6. ledd](#) og [kommunel. § 5-1, 2. ledd](#).

§ 6. ÅRSMELDING

Eldrerådet skal kvart år utarbeide ei årsmelding om verksemda si. Årsmeldinga skal leggjast fram for kommunestyret som eiga sak – jf. [forskrift om medverknadsordningar § 2, 5. ledd](#).

§ 7. SEKRETARIAT

Kommunedirektøren har ansvaret for sekretariatfunksjonen.

Vedteke av kommunestyret	Saknr 078/16	Dato 17.11.2016	Side 28 av 44 sider
Sist revidert			

7. REGLEMENT FOR RÅDET FOR PERSONAR MED FUNKSJONSNEÐSETTING

[Til framsida](#)

§ 1. VAL OG SAMANSETJING

Rådet for personar med funksjonsnedsetting er eit lovpålagt organ – jf. [kommunel. §§ 5-2, 2. ledd, bokstav e\) og 5-12](#) og [forskrift om kommunale og fylkeskommunale råd for eldre, personar med funksjonsnedsetting og ungdom \(forskrift om medverknadsordningar\)](#).

Rådet har 6 medlemmer m/varamedlemmer og er samansett slik:

- 3 medlemmer m/varamedlemmer frå dei funksjonshemma sine organisasjonar
- 3 medlemmer m/varamedlemmer frå kommunestyret

Kommunestyret oppnemner/vel medlemmene m/varamedlemmer etter at organisasjonar som representerer personar med funksjonsnedsetting har hatt høve til å uttale seg / kome med forslag på medlemmer m/varamedlemmer. Reglane om høvetalsval i [kommunel. §§ 7-5 og 7-6](#) gjeld ikkje. Rådet vel sjølv leiार og nestleiar mellom medlemmene – jf. [forskrift om medverknadsordningar § 3](#). Oppnemninga gjeld for 4 år (kommunevalperioden). Reglane om å gå ut av folkevalde organ, suspensjon, opprykk mv. i [kommunel. §§ 7-9, 7-10 og 7-11](#) gjeld så langt dei høver.

§ 2. ANSVARSOMRÅDE

Rådet er **eit rådgjevande organ** for kommunen, og skal ha til handsaming alle saker som gjeld levekåra til personar med funksjonsnedsetting. Dette gjeld m.a. tilkomst, arbeid mot diskriminering på grunnlag av funksjonsnedsetting og tenester for personar med funksjonsnedsetting mv. Rådet skal **ikkje** handsame saker som gjeld einskildpersonar – jf. [forskrift om medverknadsordningar § 2](#). Rådet har ikkje mynde til å gjere vedtak i einskildsaker – jf. [delegeringsreglementet s. 11](#).

Rådet skal medverke til at:

- samfunnsskapte barrierar blir fjerna
- direkte og indirekte diskriminering blir motarbeidd innanfor heile det kommunale saksområdet –
- personar med funksjonsnedsetting får tilgang til dei kommunale tenestene og kommunal informasjon som er nødvendig for at dei skal fungere best mogleg

INTERNKONTROLL I GISKE KOMMUNE – DIV. REGLEMENT FOR FOLKEVALDE ORGAN

Vedteke av kommunestyret	Saknr 078/16	Dato 17.11.2016	Side 29 av 44 sider
Sist revidert			

Rådet skal primært konsentrere seg om større og overgripande saker som t.d.:

- årsbudsjett/økonomiplanar
- kommuneplan
- tiltak og planar i helse- og sosialsektoren
- idretts- og kulturtiltak
- bustadutbygging og reguleringssaker
- samferdselssaker og kommunikasjonsplanar

Rådet skal ha særskild merksemd knytt til å sikre såkalla **universell utforming**.

Dersom det er tvil om ei sak bør handsamast av rådet, skal spørsmålet leggjast fram for rådet til uttale.

§ 3. SAKSGANG

Her gjeld det som er sagt for formannskapet så langt det høver – *jf. § 5 i reglement for formannskapet*. Saker skal leggjast fram for rådet i god tid før dei skal avgjerast. Rådet kan sjølv ta opp saker. Fråsegna frå rådet skal følgje saksdokumenta til dei organa som skal handsame saka vidare, herunder til det organet som endeleg avgjer saka – *jf. [forskrift om medverknadsordningar § 2](#)*.

§ 4. MØTE I RÅDET

Møte i rådet skal som hovudregel haldast for opne dører – *jf. [kommunel. § 11-5, 1. ledd](#)*. Unntak frå hovudregelen går fram av [kommunel. § 11-5, 2. og 3. ledd](#).

Rådet vedtek eigen møteplan. Møte skal elles haldast når leiaren finn det nødvendig, eller når minst 1/3 av medlemmene krev det – *jf. [kommunel. § 11-2](#)*.

Innkalling til møte skal normalt skje med ein frist på 5 dagar, møtedagen medrekna. Ev. saksdokument skal sendast medlemmene, møtande varamedlemmer og andre med møterett.

Leiaren av rådet set opp sakliste for det einskilde møte. Innkallinga skal innehalde opplysningar om tid og stad for møtet og ei liste over dei sakene som skal handsamast, og dokumenta i sakene – *jf. [kommunel. § 11-3](#)*.

Møte skal kunngjerast digitalt på kommunen sine internettsider eller på annan føremålstenleg måte. På kommunen sine internettsider skal saklista og andre offentlege dokument vere tilgjengelege for publikum.

Rådet set møte når minst halvparten av medlemmene (inkl. ev. varamedlemmer) er til stades – *jf. [kommunel. § 11-9, 1. ledd](#)*.

INTERNKONTROLL I GISKE KOMMUNE – DIV. REGLEMENT FOR FOLKEVALDE ORGAN

Vedteke av kommunestyret	Saknr 078/16	Dato 17.11.2016	Side 30 av 44 sider
Sist revidert			

Møte vert leia av leiaren eller nestleiararen. Har begge forfall, skal det veljast ein særskild møteleiar – jf. kommunel. § 11-2, 3. ledd.

Møteleiararen skal før handsaminga av saker på saklista tar til, gjere medlemmane merksame på den plikta den enkelte har til å seie frå om tilhøve som kan gjere han/ho inhabil ved handsaminga av saker på saklista.

Vedtak vert gjorde med alminneleg fleirtal. Ved likt stemmetal i andre saker enn val, er møteleiararen si stemme avgjerande – jf. kommunel. § 11-9, 2. ledd.

Kommunedirektøren har møte-, tale- og forslagsrett, personleg eller ved ein av sine underordna, i rådet sine møte – jf. kommunel. § 13-1, 5. ledd.

Ordføraren har møte- og talerett i rådet sine møte, men har berre stemme- og forslagsrett dersom han/ho er vald som medlem av rådet. Ordføraren kan la seg representere ved ein annan medlem av kommunestyret dersom han/ho ikkje er medlem av rådet – jf. kommunel. § 6-1, 3. ledd.

Det skal skrivast protokoll (møtebok) frå møta i rådet. Protokollen skal følgje saksdokumenta til dei organ som skal handsame saka/sakene vidare, herunder til det organet som tek endeleg avgjerd i saka/sakene – jf. kommunel. § 11-4 og forskrift om medverknadsordningar § 2. Når det gjeld innhald mv., gjeld det som er sagt om protokollen for kommunestyret så langt det høver – jf. § 31 i reglement for kommunestyret.

Elles gjeld reglane i kommunel. §§ 11-1 – 11-11 (kap. 11) og reglement for kommunestyret så langt det høver / med ev. nødvendige tilpassingar.

§ 5. RETTAR OG PLIKTER FOR MEDLEMMENE I RÅDET

Her gjeld reglane i kommunel. §§ 8-1 – 8-10 (kap. 8) så langt dei høver – jf. kommunel. § 5-2, 3. ledd. Leiaren i rådet har møte- og talerett i folkevalde organ i saker som har vore handsama i rådet – jf. forskrift om medverknadsordningar § 2, 6. ledd og kommunel. § 5-1, 2. ledd.

§ 6. ÅRSMELDING

Rådet skal kvart år lage ei årsmelding om verksemda si. Årsmeldinga skal leggjast fram for kommunestyret som eiga sak – jf. forskrift om medverknadsordningar § 2, 5. ledd.

§ 7. SEKRETARIAT

Kommunedirektøren har ansvaret for sekretariatfunksjonen.

Vedteke av kommunestyret	Saknr 078/16	Dato 17.11.2016	Side 31 av 44 sider
Sist revidert			

8. REGLEMENT FOR KONTROLLUTVALET

[Til framsida](#)

§ 1. VAL OG SAMANSETJING

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ – jf. kommunel. § 23-1 og forskrift om kontrollutval og revisjon, kap. 1.

Kontrollutvalet har 5 medlemmer m/varamedlemmer valde av kommunestyret. Minst 1 av medlemmene m/varamedlem skal veljast mellom kommunestyret sine medlemmer. Kommunestyret vel også utvalet sin leiar og nestleiar mellom utvalet sine medlemmer – jf. kommunel. § 23-1, 2. ledd. Kvart kjønn skal vere representert med minst 2 medlemmer - jf. kommunel. §§ 7-7 og 7-5. Medlemmene/varamedlemmene vert valde for 4 år om gongen. Kommunestyret kan når som helst velje medlemmer til uvalet på nytt. Dersom eitt medlem skal skiftast ut, skal alle medlemmene veljast på nytt – jf. kommunel. § 23-1, siste ledd.

Utelatne frå val til kontrollutvalet er etter kommunel. § 23-1, 3. ledd:

- ordførar og varaordførar
- medlemmer og varamedlemmer av formannskapet
- medlemmer og varamedlemmer av folkevalgt organ med avgjerdsmynde (medlemmer og varamedlemmer av kommunestyret er likevel valbare)
- medlemmer og varamedlemmer av kommunestyrekomite'
- personar som har ei leiande stilling, eller som er medlem/varamedlem av styret eller bedriftsforsamlinga, i eit selskap som kommunen har eigarinteresser i
- personar som har ei leiande stilling, eller er medlem/varamedlem av styret i eit intekommunalt politisk råd eller eit kommunalt oppgåvefellesskap
- tilsette i kommunen

Reglane om å gå ut av folkevalde organ, suspensjon, opprykk mv. i kommunel. §§ 7-9, 7-10 og 7-15 gjeld så langt dei høver og ikkje noko anna er sagt i forskrift om kontrollutval og revisjon.

§ 2. ANSVARSOMRÅDE

Kontrollutvalet sitt ansvarsområde går fram av kommunel. § 23-2 og forskrift om kontrollutval og revisjon. Kontrollutvalet har ikkje mynde til å avgjere einskildsaker på vegner av kommunen utover det som ev. måtte følgje av forskrift om kontrollutval i kommunar – jf. delegeringsreglementet s. 10.

Utvalet sitt mål og ansvarsområde kan kort oppsummerast slik:

Kontrollutvalet er kommunestyret sin reiskap for demokratisk innsyn og kontroll med alle sider av den kommunale verksemda. Kontrollutvalet sitt mål er å sjå til at kommunen følgjer regelverket

INTERNKONTROLL I GISKE KOMMUNE – DIV. REGLEMENT FOR FOLKEVALDE ORGAN

Vedteke av kommunestyret	Saknr 078/16	Dato 17.11.2016	Side 32 av 44 sider
Sist revidert			

og at verksemda er målretta, effektiv og etisk til beste for kommunen sine innbyggjarar. Utvalet skal også sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning og at kommunestyret sine vedtak vert følgde opp. Andre oppgåver for utvalet er m.a. å bestille årlege forvaltningsrevisjonsrapportar som er ein gjennomgang av ulike versemndsområde i kommunen, og å gjennomføre kontroll med kommunen sine interesser i selskap mv. (selskapskontroll).

§ 3. SAKSGANG

Sekretariatet er ansvarleg for at dei sakene som vert handsama av utvalet er forsvarleg utgreidde og at utvalet sine vedtak vert følgde opp – jf. [kommunel. § 23-7](#) og [forskrift om kontrollutval og revisjon, § 7](#).

Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av arbeidet sitt direkte til kommunestyret etter at kommunedirektøren har hatt høve til å uttale seg – jf. [kommunel. § 23-5](#). Kopi av utvalet sin uttale til årsrekneskapen og årsmeldingen skal vere formannskapet i hende tidsnok til at formannskapet kan ta omsyn til dei før formannskapet avgir si innstilling om årsrekneskapet og årsmeldingen til kommunestyret – jf. [forskrift om kontrollutval og revisjon, § 3, 2. ledd](#).

§ 4. MØTA I KONTROLLUTVALET

Møta i utvalet skal som hovudregel haldast for opne dører – jf. [kommunel. § 11-5, 1. ledd](#). Unntak frå hovudregelen går fram av [kommunel. § 11-5, 2. og 3. ledd](#).

Utvalet vedtek eigen møteplan. Møte skal elles haldast når leiaren finn det nødvendig, eller når minst 1/3 av medlemmene krev det – jf. [kommunel. § 11-2](#).

Innkalling til møte skal normalt skje med ein frist på 5 dagar, møtedagen medrekna. Ev. saksdokument skal sendast medlemmene, møtande varamedlemmer og andre med møterett.

Leiaren av utvalet set opp sakliste for det einskilde møte. Innkallinga skal innehalde opplysningar om tid og stad for møtet og ei liste over dei sakene som skal handsamast samt saksdokumenta i sakene – jf. [kommunel. § 11-3](#) og [forskrift om kontrollutval og revisjon, § 6](#).

Møta skal kunngjerast digitalt på kommunen sine internettsider eller på annan føremålstenleg måte. På kommunen sine internettsider skal saklista og andre offentlege dokument vere tilgjengelege for publikum.

Utvalet set møte når minst halvparten av medlemmene (inkl. ev. varamedlemmer) er til stades – jf. [kommunel. § 11-9, 1. ledd](#).

Møtet vert leia av leiaren eller nestleiaren. Har begge forfall, skal det veljast ein særskild møteleiar – jf. [kommunel. § 11-2, 3. ledd](#).

Møteleiar skal før handsaminga av saker på saklista tar til, gjere medlemmane merksame på den plikta den enkelte har til å seie frå om tilhøve som kan gjere han/ho inhabile ved

INTERNKONTROLL I GISKE KOMMUNE – DIV. REGLEMENT FOR FOLKEVALDE ORGAN

Vedteke av kommunestyret	Saknr 078/16	Dato 17.11.2016	Side 33 av 44 sider
Sist revidert			

handsaminga av saker på saklista.

Vedtak vert gjorde med alminneleg fleirtal. Ved likt stemmetal i andre saker enn val, er møteleiaren si stemme avgjetande – jf. [kommunel. § 11-9, 2. ledd](#).

Oppdragsansvarleg revisor, eller hans/hennar avløysar, har møte- og talerett i utvalet sine møte og kan krevje å få sine uttalar protokollerte. Dette gjeld likevel ikkje når utvalet handsamar ei sak som gjeld revisor sitt tilsetjingsforhold - jf. [kommunel. § 24-3](#) og [forskrift om kontrollutval og revisjon, § 6](#).

Ordføraren har møte- og talerett i utvalet sine møte. Ordføraren kan la seg representere ved annan medlem av kommunestyret – jf. [kommunel. § 6-1, 3. ledd](#).

Det skal skrivast protokoll frå møta i utvalet – jf. [kommunel. § 11-4](#). Når det gjeld innhald mv., gjeld det som er sagt om protokollen for kommunestyret så langt det høver – jf. [§ 31 pkt. 3 ovanfor](#).

Elles gjeld reglane i [kommunel. §§ 11-1 – 11-11 \(kap. 11\)](#) og reglement for kommunestyret så langt det høver / med ev. nødvendige tilpassingar – jf. [kommunel. § 11-1](#) og [pkt. 3 ovanfor](#).

§ 5. RETTAR OG PLIKTAR FOR MEDLEMMENE AV KONTROLLUTVALET

Her gjeld reglane i [kommunel. §§ 8-1 – 8-10 \(kap.\)](#) så langt dei høver.

§ 6. SEKRETARIAT

Sunnmøre kontrollutvalgssekretariat IKS har ansvaret for sekretariatfunksjonen – jf. [kommunel. § 23-7](#) og [forskrift om kontrollutval og revisjon, § 7](#).

Vedteke av kommunestyret	Saknr 078/16	Dato 17.11.2016	Side 34 av 44 sider
Sist revidert			

9. REGLEMENT FOR PARTSAMANSETT UTVAL (ADMINISTRASJONSUTVALET)

[Til framsida](#)

§ 1. VAL OG SAMANSETJING

Partsamansett utval (administrasjonsutvalet) er i eit lovpålagt organ – jf. [kommunel. §§ 5-2, 2. ledd, bokstav a\) og 5-11](#).

Partsamansett utval har 9 medlemmer m/varamedlemmer, dvs. 7 medlemmer m/varamedlemmer frå arbeidsgjevar og 2 medlemmer m/varamedlemmer frå dei tilsette. Formannskapet sine medlemmer utgjer arbeidsgjevarrepresentantane til utvalet, og formannskapet sine varamedlemmer er varamedlemmer for desse. Dei 2 representantane frå dei tilsette vert utpeika av arbeidstakarorganisasjonane etter høvetalsprinsippet, og vert valde for 2 år om gongen. Tilsvarande gjeld varamedlemmene for desse. Arbeidsgjevarrepresentantane m/varamedlemmer vert valde for 4 år om gongen, dvs. dei fylgjer valperioden. Ordføraren skal vere leiar av utvalet, og varaordføraren nestleiar – jf. [kommunel. § 5-11, 2. ledd, siste setning](#).

Dei tilsette sine representantar er valbare etter vanlege reglar, med unntak av at bustadkravet ikkje gjeld – jf. [kommunel. 5-11, 3. ledd](#).

Reglane om å gå ut av folkevalde organ, suspensjon, opprykk m.m. [i kommunel. §§ 7-7, 7-10 og 7-11](#) gjeld så langt dei høver.

§ 2. ANSVARSOMRÅDE

Partsamansett utval skal handsame saker som gjeld tilhøvet mellom kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette – jf. [kommunel. § 5-11](#) og *Hovudavtalen, del B, § 4*. Utvalet skal også arbeide for å fremje likestilling og inkluderande arbeidsliv – jf. [lov om likestilling mellom kjønna av 21. juni 2013](#), [lov om forbod mot diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne av 21. juni 2013](#), [lov om forbod mot diskriminering på grunn av seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk av 21. juni 2013](#), [lov om forbod mot diskriminering på grunn av etnisitet, religion og livssyn av 19. juni 2015](#) og *Hovudavtalen, del B, §§ 4 og 7*.

Utvalet skal m.a.:

- handsame overordna retningslinjer for kommunen sin personalpolitikk (personalpolitiske retningslinjer)
- handsame forslag til nye organisasjonsplanar
- handsame overordna IA-strategi og HMS-arbeid
- handsame mål og rammer for kommunen si opplæringsverksemd og kompetanseutvikling
- gje uttale til kommunedirektøren sine forslag til årsbudsjett/økonomiplan som gjeld utvalet sitt ansvarsområde

INTERNKONTROLL I GISKE KOMMUNE – DIV. REGLEMENT FOR FOLKEVALDE ORGAN

Vedteke av kommunestyret	Saknr 078/16	Dato 17.11.2016	Side 35 av 44 sider
Sist revidert			

- avgjere tvistespørsmål om tolking og praktisering av avtaler, reglement og andre tilhøve som vedkjem arbeidstakarane sine tilsetjings- og arbeidsvilkår
- vedta retningslinjer for tilsetjingsprosedyrar og rekrutteringspolitikk
- påsjå at Hovudavtalen sine reglar og intensjonar blir ivaretekne i heile kommunen
- fremje likestilling og hindre diskriminering

Utvalet skal ikkje handsame einskildsaker med mindre dei er av prinsipiell karakter. Kurante einskildsaker skal avgjerast av kommunedirektøren – jf. [delegeringsreglementet s. 12 og 25](#).

Dei tilsette sine representanta kan ikkje delta i møte i det partsamansette utvalet når dette førebur forhandlingar eller liknande med arbeidstakaraorganisasjonane.

§ 3. SAKSGANG

Her gjeld det som er sagt for formannskapet så langt det høver – sjå § 5 i pkt. 4 ovanfor. I saker der utvalet ikkje har avgjerdsmynde, gjev det si tilråding/uttale til det organ som saka fagleg sorterer under, ev. direkte til kommunestyret. Uttale til kommunedirektøren sitt framlegg til årsbudsjett/økonomiplan skal gjevast til formannskapet og følgje saka vidare til kommunestyret.

§ 4. MØTA I PARTSAMANSETT UTVAL

Møta i utvalet skal som hovudregel haldast for opne dører – jf. [kommunel. § 11-5, 1. ledd](#). Saker som vedkjem tilsette sitt tenesteforhold (personalsaker) skal handsamast for lukka dører – jf. [kommunel. § 11-5, 2. ledd](#). Andre unntak frå hovudregelen går fram av [kommunel. § 11-5, 2. og 3. ledd](#).

Utvalet set opp eigen møteplan. Møte skal elles haldast når leiaren finn det nødvendig, eller når minst 1/3 av medlemmene krev det – jf. [kommunel. § 11-2](#).

Innkalling til møte skal normalt skje med ein frist på 5 dagar, møtedagen medrekna. Ev. saksdokument skal sendast medlemmene, møtande varamedlemmer og andre med møterett.

Leiaren av utvalet set opp sakliste for det einskilde møte. Innkallinga skal innehalde opplysningar om tid og stad for møtet, ei liste over dei sakene som skal handsamast og dokumenta i sakene – jf. [kommunel. § 11-3](#).

Møta skal kunngjerast digitalt på kommunen sine internettsider eller på annan føremålstenleg måte. På kommunen sine internettsider skal saklista og andre offentlege dokument vere tilgjengelege for publikum.

Utvalet set møte når minst halvparten av medlemmene (inkl. ev. varamedlemmer) er til stades – jf. [kommunel. § 11-9, 1. ledd](#).

Møte vert leia av ordføraren (leiaren) eller av varaordføraren (nestleiaren). Har begge forfall, skal det veljast ein særskild møteleiar – jf. [kommunel. § 11-2, 3. ledd](#).

INTERNKONTROLL I GISKE KOMMUNE – DIV. REGLEMENT FOR FOLKEVALDE ORGAN

Vedteke av kommunestyret	Saknr 078/16	Dato 17.11.2016	Side 36 av 44 sider
Sist revidert			

Møteleiaren skal før handsaminga av saker på saklista tar til, gjere medlemmane merksame på den plikta den enkelte har til å seie frå om tilhøve som kan gjere han/ho inhabil ved handsaminga av saker på saklista.

Vedtak vert gjorde med alminneleg fleirtal. Ved likt stemmetal i andre saker enn val, er møteleiaren si stemme avgjerande – jf. [kommunel. § 11-9, 2. ledd](#).

Kommunedirektøren har møte-, tale- og forslagsrett, personleg eller ved ein av sine underordna, i utvalet sine møte – jf. [kommunel. § 13-1, 5. ledd](#). Forhandlingssamanslutningar lokalt som ikkje er representerte i utvalet, har høve til å delta med ein fast observatør med møte- og talerett – jf. *Hovudavtalen § 4*.

Det skal skrivast protokoll (møtebok) frå møta i utvalet. Protokollen skal følgje saksdokumenta til dei organ som skal handsame saka/sakene vidare, herunder til det organet som gjer endeleg vedtak i saka/sakene – jf. [kommunel. § 11-4](#). Når det gjeld innhald mv., gjeld det som er sagt om protokollen for kommunestyret så langt det høver – jf. *§ 31 i pkt. 3 ovanfor*.

Elles gjeld reglane i [kommunel. §§ 11-1 – 11-11 \(kap. 11\)](#) og reglement for kommunestyret så langt det høver med ev. nødvendige tilpassingar – jf. [kommunel. § 11-1](#) og *pkt. 3 ovanfor*.

§ 5. RETTAR OG PLIKTER FOR MEDLEMMENE I UTVALET

Her gjeld reglane i [kommunel. §§ 8-1 – 8-10 \(kap. 8\)](#) så langt dei høver. – jf. [kommunel. § 5-11, 4. ledd](#).

§ 6. SEKRETARIAT

Kommunedirektøren har ansvaret for sekretariatfunksjonen.

Vedteke av kommunestyret	Saknr 078/16	Dato 17.11.2016	Side 37 av 44 sider
Sist revidert			

10. REGLEMENT FOR DIVERSE UTVAL

[Til framsida](#)

Dette reglementet gjeld for flg. utval:

- livsløpsutvalet
- teknisk utval

§ 1. VAL OG SAMANSETJING

Utvala er oppretta med heimel i [kommunel. § 5-7](#).

Utvala har 7 medlemmer kvar valde av kommunestyret mellom kommunestyret sine medlemmer. Det skal veljast varamedlemmer til utvala mellom medlemmene og/eller varamedlemmene til kommunestyret. Varamedlemmer til kommunestyret kan også veljast som medlem når det er nødvendig for å oppnå kjønnsmessig balanse og/eller for å ivareta omsynet til ei rimeleg fordeling av verva i dei 2 utvala mellom kommunestyret sine medlemmer. Minst 1 av medlemmene i kvart utval skal samtidig vere medlem av formannskapet. Tilsvarande gjeld som hovudregel også varamedlemmene for desse. Valet gjeld for 4 år (kommunevalperioden) og skjer som høvetalsval når minst 1 medlem krev det, og elles som avtaleval – jf. [kommunel. §§ 7-4, 7-5, 7-6 og 7-7](#). Kvart kjønn skal så langt som mogleg vere representert med mist 3 medlemmer i kvar av utvala – jf. [kommunel. §§ 7-7, 3. og 4. ledd og 7-6, 3. og 4. ledd](#).

Kommunestyret vel ein leiar og nestleiar til kvar av utvala blant utvala sine medlemmer – jf. [kommunel. § 5-7, 2. ledd](#). Vala skjer som fleirtalsval – jf. [kommunel. § 7-4, 2. ledd](#).

Reglar om å gå ut av utvala, suspensjon og opprykk m.m. går fram av [kommunel. §§ 7-9, 7-10 og 7-11](#).

§ 2. ANSVARSOMRÅDE

Utvala står for den politiske førebuinga av saker innanfor sine ansvarsområde som skal til kommunestyret. Utvala skal på eigne initiativ ta opp saker og setje politisk agenda. Utvala har som hovudregel ikkje avgjerdsmynde i einskildsaker. Dette gjeld likevel ikkje for teknisk utval som har fått delegert utstrekt mynde i einskildsaker innanfor plan- og bygningslova, eigarseksjonslova, matrikkellova m.fl. – sjå [delegeringsreglementet pkt. 37 m.fl.](#) I tillegg har teknisk utval og livsløpsutvalet fått delegert mynde i nokre einskildsaker etter kommunel. – sjå [delegeringsreglementet pkt. 7,2](#). Utvala skal som hovudregel, uttale seg i saker som vedkjem deira ansvarsområde, men som det ligg til andre organ å avgjere. Kva som er utvala sine ansvarsområde, går fram av [delegeringsreglementet s. 13 flg.](#)

Utvala kan opprette arbeidsutval med medlemmer som er valde mellom medlemmene av utvala. Teknisk utval kan gje leiaren eller arbeidsutvalet mynde til å treffe vedtak i saker som ikkje er

INTERNKONTROLL I GISKE KOMMUNE – DIV. REGLEMENT FOR FOLKEVALDE ORGAN

Vedteke av kommunestyret	Saknr 078/16	Dato 17.11.2016	Side 38 av 44 sider
Sist revidert			

prinsipielle – jf. [delegeringsreglementet pkt. 7, 2](#) og [kommunel. § 5-7, 3. og 4 ledd](#).

Utvala kan arrangere opne eller lukka høyringar om saker dei har til handsaming.

§ 3. OPPMODING OM NY HANDSAMING AV EI KOMMUNESTYRESAK

Kvart av utvala kan avslå ei oppmoding om å ta ei sak som er lovleg avgjort av kommunestyret opp til ny handsaming dersom det er gått mindre enn tre månader sidan kommunestyret gjorde sitt vedtak i saka og det ikkje er kome fram nye og vesentlege opplysningar i saka. Dette gjeld berre saker innanfor det einskilte utval sitt ansvarsområde, og gjeld ikkje slik oppmoding som kjem frå eit statleg organ som fylkesmann, departement eller liknande – jf. [delegeringsreglementet pkt. 5](#).

§ 4. SAKSGANG

Her gjeld det som er sagt for formannskapet så langt det høver – sjå § 5 i pkt. 4 ovanfor. I saker der utvala ikkje har avgjerdsmynde, gjev dei sine tilrådingar til kommunestyret. Unntak frå dette gjeld saker som formannskapet har fått ansvaret for / delegert avgjerdsmynde i. Her gjev dei sine tilrådingar til formannskapet. Dette gjeld m.a. framlegg til årsbudsjett og økonomiplan – jf. [kommunel. §§ 5-6, 5. ledd og 14-3, 3. ledd](#). Når teknisk utval handsamar plansaker etter plan- og bygningslova, skal det i saksdokumenta ligge føre utale frå den som kommunestyret har peika ut til å ivareta barn og unge sine spesielle interesser i slike saker.

§ 5. MØTA/SAKSHANDSAMINGA I UTVALA

Møta i utvala skal som hovudregel haldast for opne dører – jf. [kommunel. § 11-5, 1. ledd](#). Unntak frå hovudregelen går fram av [kommunel. § 11-5, 2. og 3. ledd](#).

Utvala vedtek eigne møteplanar, og kvart utval skal ha minst 6 møte i året. Møte skal elles haldast når leiaren finn det nødvendig, eller når minst 1/3 av medlemmene, ev. ordføraren, krev det – jf. [kommunel. § 11-2](#).

Innkalling til møte skal normalt skje digitalt med ein frist på 5 dagar, møtedagen medrekna. Saksdokumenta skal vere tilgjengelege digitalt på kommunen sine nettsider, politikarportalen eller liknande.

Leiaren set opp sakliste for det einskilte møte. Innkallinga skal innehalde opplysningar om tid og stad for møtet og ei liste over dei sakene som skal handsamast, og dokumenta i sakene – jf. [kommunel. § 11-3](#).

Møta skal kunngjerast offentleg på kommunen sine nettsider eller på annan føremålstenleg måte. På kommunen sine nettsider skal saklista og andre offentlege dokument vere tilgjengelege for publikum.

Utvala set møte når minst halvparten av medlemmene (inkl. varamedlemmer) er til stades – jf.

INTERNKONTROLL I GISKE KOMMUNE – DIV. REGLEMENT FOR FOLKEVALDE ORGAN

Vedteke av kommunestyret	Saknr 078/16	Dato 17.11.2016	Side 39 av 44 sider
Sist revidert			

[kommunel. § 11-9, 1. ledd.](#)

Møteleiaren skal før handsaminga av saker på saklista tar til, gjere medlemmane merksame på den plikta den enkelte har til å seie frå om tilhøve som kan gjere han/ho inhabil ved handsaminga av saker på saklista.

Vedtak vert gjorde med alminneleg fleirtal. Ved likt stemmetal i andre saker enn val, er møteleiaren si stemme avgjerande – jf. [kommunel. § 11-9, 2. ledd.](#)

I saker der eit utval tilrår overfor kommunestyret, vel utvalet ein ”saksordførar” som presenterer saka i kommunestyret på vegner av utvalet.

Når teknisk utval handsamar plansaker etter plan- og bygningslova, skal den som kommunestyret har utpeika til å ivareta barn og unge sine spesielle interesser i planlegginga innkallast – jf. [plan- og bygningslova § 3-3, 3. ledd.](#) Vedkomande har møte- og talerett når utvalet handsamar slike saker.

Kommunedirektøren har møteplikt, tale- og forslagsrett, personleg eller ved ein av sine underordna, i alle av utvala sine møte – jf. [kommunel. § 13-1, 5. ledd.](#)

Ordføraren har møte- og talerett i alle av utvala sine møte, men har berre stemme- og forslagsrett i eit utval når han/ho er vald som medlem. Ordføraren kan la seg representere ved ein annan medlem av kommunestyret når han/ho ikkje er medlem av utvalet – jf. [kommunel. § 6-1, 3. ledd.](#)

Det skal førast protokoll (møtebok) over forhandlingane i utvala – jf. [kommunel. § 11-4.](#) Når det gjeld innhald mv., gjeld det som er sagt om protokollen i kommunestyret så langt det høver – jf. [§ 31 i pkt. 3 ovanfor.](#) Protokollane skal følgje saksdokumenta til dei organa som skal gjere endeleg vedtak i saka.

Elles gjeld reglane i [kommunel. §§ 11-1 – 11-11 \(kap. 11\)](#) og reglement for kommunestyret så langt det høver med ev. nødvendige tilpassingar – jf. [kommunel. § 11-1](#) og [pkt. 3 ovanfor.](#)

§ 6. MINDRETALSANKE

I saker der eit utval er delegert avgjerdsmynde frå kommunestyret, kan 1 medlem krevje saka lagd fram for kommunestyret til endeleg avgjerd. Kva saker det gjeld, går fram av [delegeringsreglementet](#). Krav om slik anke må i tilfelle setjast fram i møtet og protokollerast.

§ 7. RETTAR OG PLIKTER FOR MEDLEMMENE I KOMITEANE

Her gjeld reglane i [kommunel. §§ 8-1 – 8-10 \(kap. 8\)](#) så langt dei høver.

INTERNKONTROLL I GISKE KOMMUNE – DIV. REGLEMENT FOR FOLKEVALDE ORGAN

Vedteke av kommunestyret	Saknr 078/16	Dato 17.11.2016	Side 40 av 44 sider
Sist revidert			

§ 8. SEKRETARIAT

Kommunedirektøren har ansvar for sekretariatfunksjonen.

Vedteke av kommunestyret	Saknr 078/16	Dato 17.11.2016	Side 41 av 44 sider
Sist revidert			

11. REGLEMENT FOR SKATTETAKSTNEMND (SAKKUNNIG NEMND) OG OVERSKATTETAKSTNEMND (SAKKUNNIG KLAGENEMND)

[Til framsida](#)

§ 1. VAL OG SAMANSETJING

Skattetakstnemnda (sakkunnig nemnd) er oppretta i medhald av [eigedomsskattelova § 8 A-3 \(4\)](#). Overskattetakstnemnda (sakkunnig klagenemnd) er oppretta i medhald av [eigedomsskattelova § 20](#).

Begge nemndene skal ha 3 medlemmer m/varamedlemmer valde av kommunestyret. Kommunestyret vel ein leiar og ein nestleiar til kvar av nemndene mellom nemndene sine medlemmer. Vala gjeld for 4 år (kommunevalperioden). Val av medlemmer og varamedlemmer skjer som høvetalsval når minst ein medlem krev det, og elles som avtaleval – jf. [kommunel. §§ 7-4, 7-5, 7-6 og 7-7](#). Val av leiar og nestleiar skjer som fleirtalsval – jf. [kommunel. § 7-4, 2. ledd](#). Kvart kjønn skal vere representert i kvar nemnd med minst 1 medlem – jf. [kommunel. §§ 7-7, 3. og 4. ledd og 7-6, 3. og 4. ledd](#).

Kven som kan veljast / er pliktige til å ta imot val som medlemmer/varamedlemmer til desse to nemndene går fram av [kommunel. § 7-2](#). Formannskapet sine medlemmer kan ikkje veljast som medlemmer til nemndene – jf. [eigedomsskattelova § 21](#).

Reglar om å gå ut av nemndene, suspensjon og opprykk m.m. går fram av [kommunel. §§ 7-9, 7-10 og 7-11](#).

§ 2. ANSVARSOMRÅDE

Skattetakstnemnda (sakkunnig nemnd) skal verdsetje/taksere eigedomar i Giske kommune på grunnlag av forslag frå synfaringsmenn – jf. [eigedomsskattelova § 8 A-3](#). Denne taksten skal danne grunnlaget for utskrivinga av eigedomsskatt, og gjeld dei eigedomane som ikkje vert verdsette etter det verdet (skattetaksten) som vert sett på eigedomane ved likninga året før skatteåret – jf. [eigedomsskattelova § 8 A-1 \(1\) og \(3\)](#) og [eigedomsskattelova § 8 C-1](#). Nemnda skal også verdsetje eigedomar ved omtaksering/særskild taksering etter [eigedomsskattelova § 8 A-3 \(5\) og \(6\)](#).

Overskattetakstnemnda (sakkunnig klagenemnd) skal handsame/avgjere klager på taksten / utskriven eigedomsskatt når ikkje førsteinstansen (skattekontoret/sakkunnig nemnd) omgjer vedtaket sitt til gunst for klagaren – jf. [eigedomsskattelova §§ 19 og 20](#). Dette gjeld likevel ikkje klager som har sitt grunnlag i at verdsetjinga av eigedomen (skattetaksten) er feil/mangelfull i likninga året før skatteåret. Desse klagene skal handsamast av likningsetaten.

Det vert elles vist til kommunen sine eigedomsskattevedtekter.

INTERNKONTROLL I GISKE KOMMUNE – DIV. REGLEMENT FOR FOLKEVALDE ORGAN

Vedteke av kommunestyret	Saknr 078/16	Dato 17.11.2016	Side 42 av 44 sider
Sist revidert			

§ 3. SAKSHANDSAMING/SAKSGANG

Her gjeld reglane i kap. II-IV i kommunen sine eigedomsskattevedtekter for handsaminga i skattetakstnemnda (sakkunnig nemnd). Tilsvarende gjeld reglane i kap. V i vedtektene for handsaminga av klager i overskattetakstnemnda (sakkunnig klagenemnd). Elles gjeld det som er sagt for formannskapet så langt det høver og ikkje noko anna er sagt i vedtektene eller i lova – jf. § 5 i pkt. 4 ovanfor. I saker der skattetakstnemnda (sakkunnig nemnd) ikkje har avgjerdsmynde, gjev nemnda si tilråding til formannskapet. Klagesaker som nemnda ikkje tek til følge / gjer nytt vedtak i, vert oversende overskattetakstnemnda (sakkunnig klagenemnd) til endeleg handsaming/avgjerd. Tilsvarende gjeld klager på vedtak gjorde av eigdomsskattekontoret og som dette ikkje finn grunnlag for å imøtekomme.

§ 4. MØTA I NEMNDENE

Møta i nemndene skal som hovudregel haldast for opne dører – jf. [kommunel. § 11-5, 1. ledd](#). Nemndene **skal** likevel vedta å lukke eit møte når dei handsamar saker undergitte lovbestemt teieplikt – jf. [kommunel. § 11-5, 2. ledd](#). Kva saker som er undergitte teieplikt, går fram av [likningslova § 3-13](#) (sjå særleg pkt. 1 og 5) – jf. [eigedomsskatteleva § 29, 2. ledd](#). Tilsvarende **skal** dei lukke eit møte når dei handsamar saker som vedkjem ein arbeidstakar sitt tenesteforhold (personalsaker) – jf. [kommunel. § 11-5, 2. ledd](#). Nemndene **kan** elles vedta å lukke eit møte med heimel i [kommunel. § 11-5, 3. ledd](#).

Nemndene set opp eigne møteplanar. Møte skal elles haldast når leiaren finn det nødvendig, eller når minst 1/3 av medlemmene krev det – jf. [kommunel. § 11-2](#).

Innkallinga til møta skal normalt skje med ein frist på 5 dagar, møtedagen medrekna. Ev. saksdokument skal sendast medlemmene, møtande varamedlemmer og andre med møterett.

Leiarene av nemndene set opp sakliste for det einskilte møte. Innkallinga skal innehalde opplysningar om tid og stad for møtet og ei liste over dei sakene som skal handsamast, og dokumenta i sakene – jf. [kommunel. § 11-3](#).

Møta skal kunngjerast digitalt på kommunen sine internettsider eller på annan føremålstenleg måte. På kommunen sine internettsider skal saklista og andre offentlege dokument vere tilgjengelege for publikum.

Nemndene set møte når minst halvparten av medlemmene (inkl. ev. varamedlemmer) er til stades – jf. [kommunel. § 11-9, 1. ledd](#).

Møtet vert leia av leiaren eller nestleiaren. Har begge forfall, skal det veljast ein særskild møteleiar – jf. [kommunel. § 11-2, 3. ledd](#).

Møteleiar skal før handsaminga av saker på saklista tar til, gjere medlemmane merksame på den plikta den enkelte har til å seie frå om tilhøve som kan gjere han/ho inhabil ved handsaming av saker på saklista.

INTERNKONTROLL I GISKE KOMMUNE – DIV. REGLEMENT FOR FOLKEVALDE ORGAN

Vedteke av kommunestyret	Saknr 078/16	Dato 17.11.2016	Side 43 av 44 sider
Sist revidert			

Vedtak vert gjorde med alminneleg fleirtal. Ved likt stemmetal i andre saker enn val, er møteteiaren si stemme avgjerande – jf. [kommunel. § 11-9, 2. ledd](#).

Kommunedirektøren har møte-, tale- og forslagsrett, personleg eller ved ein av sine underordna, i alle av nemndene sine møte – jf. [kommunel. § 13-1, 5. ledd](#).

Ordføraren har møte- og talerett i alle av nemndene sine møte. Han/ho kan la seg representere ved annan medlem av kommunestyret – jf. [kommunel. § 6-1, 3. ledd](#).

Synfarmsmennene kan møte i skattetakstnemnda (sakkunnig nemnd) for å presentere takstforslaga sine – jf. § 3-7 i eigedomsskattevedtektene. Nemndene kan også be ev. sakkunnige om å møte og uttale seg om område (tekniske, industrielle, juridiske mv.) som dei har blitt engasjerte til å kome med fråsegner om – jf. § 1-6 i eigedomsskattevedtektene.

Det skal skrivast protokoll (møtebok) frå møta i nemndene. Protokollen skal følgje saksdokumenta til det organ som tek endeleg avgjerd i saka/sakene – jf. [kommunel. § 11-4](#). Når det gjeld innhald mv., gjeld det som er sagt om protokollen for kommunestyret så langt det høver – jf. § 31 i pkt. 3 ovanfor.

Elles gjeld reglane i [kommunel. §§ 11-1 – 11-11 \(kap. 11\)](#) og reglement for kommunestyret så langt det høver / med ev. nødvendige tilpassingar og ikkje noko anna er sagt i eigedomsskattelova m/forskrifter – jf. pkt. 3 ovanfor.

§ 5. RETTAR OG PLIKTER FOR MEDLEMMENE I NEMNDENE

Her gjeld reglane i [kommunel. §§ 8-1 – 8-10 \(kap. 8\)](#) så langt dei høver og ikkje noko anna er sagt i eigedomsskattelova og kommunen sine eigedomsskattevedtekter.

§ 6. SEKRETARIAT

Eigedomsskattekontoret har sekretariatfunksjonen for nemndene.

INTERNKONTROLL I GISKE KOMMUNE – DIV. REGLEMENT FOR FOLKEVALDE ORGAN

Vedteke av kommunestyret	Saknr 078/16	Dato 17.11.2016	Side 44 av 44 sider
Sist revidert			

Vedlegg:

Oversikt over revisjonar av reglementa

Endring nr.	Dato	Politisk vedtak	Kva er endra	Oppdatert av

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 11/22 Giske kontrollutval

Møtedato
06.04.2022

Forvaltningsrevisjonsrapport 2021 vedlikehald kommunale bygg - kommunestyret sitt vedtak

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet inviterer kommunedirektøren til å gje ei orientering om arbeidet med oppfylging av vedtak etter forvaltningsrevisjon innan vedlikehald kommunale bygg, på kontrollutvalet sitt møte 31.08.2022.

Bakgrunn:

Kontrollutvalet har bestilt og fått levert ein rapport på forvaltningsrevisjon innan vedlikehald av kommunale bygg. Denne vart handsmaa i Giske kontorllutval 09.11.2021 og sendt over til kommunestyret med følgjande tilråding:

1. Kommunestyret tek forvaltningsrevisjonen om vedlikehald av kommunale bygg til vitande.
2. Kommunestyret tilrår kommunedirektøren å innarbeide dei merknadene som kjem fram i rapporten. Spesielt gjeld dette behovet for ei langsiktig plan for vedlikehald.
3. Kommunestyret ber vidare kommunedirektøren sikre ansvarsforholdet knytt til ulike drift- og vedlikehaldsutgifter.
4. Kommunestyret bed om ei sak på oppfylging av punkta 2. og 3. innan utgangen av 1. halvår 2022.

Giske kommunestyre handsama rapporten med tilråding frå kontrollutvalet i sitt møte 09.12.2021, sak 103/21. Kommunestyret gjorde vedtak i tråd med kontrollutvalet si tilråding med følgjande punkt i tillegg:

5. Giske kommunestyre ber om at det også vert aktivt vurdert alternative eige- og driftsformer av kommunal eigedom.

Vurdering:

Som oppfølging av rapporten og kommunestyret sitt vedtak bør kontrollutvalet følgje denne saka vidare. Kommunedirektøren er av kommunestyret bedt om å leggje fram ei oppfylgjingssak innan utgangen av 1. halvår 2022.

Det kan difor vere naturleg at kontrollutvalet bed om ei orientering frå kommunedirektøren om dette på kontrollutvalet sitt første møtet i 2. halvår 2022.

Vedlegg

Kommunestyret sitt vedtak om forvaltningsrevisjonsrapport 2021

Sunnmøre Kontrollutvalgssekretariat IKS
Postboks 7881 Spjelkavik
6022 ÅLESUND

Dykkar ref.:

Vår ref.: 20/1527-8

Dato: 22.02.2022

Forvaltningsrevisjon 2021 - melding om vedtak

Vi viser til sak 103/21 i Giske kommunestyre. Det er no gjort følgjande vedtak i saka:

1. Kommunestyret tek forvaltningsrevisjonen om vedlikehald av kommunale bygg til vitande.
2. Kommunestyret tilrår kommunedirektøren å innarbeide dei merknadene som kjem fram i rapporten. Spesielt gjeld dette behovet for ei langsiktig plan for vedlikehald.
3. Kommunestyret ber vidare kommunedirektøren sikre ansvarsforholdet knytt til ulike drift- og vedlikehaldsutgifter.
4. Kommunestyret bed om ei sak på oppfølging av punkta 2. og 3. innan utgangen av 1. halvår 2022.
5. Giske kommunestyre ber om at det også vert aktivt vurdert alternative eige- og driftsformer av kommunal eigedom.

Sakspapiret ligg ved.

Med helsing

Ingvild Nautvik
Politisk sekretær/saksbehandlar
tlf.:

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Vedlegg:

Forvaltningsrevisjon 2021

Revidert rapport forvaltningsrevisjon - vedlikehold kommunale bygg - ferdigstilt 20.10.2021